

Årsrapport 2024

Stavanger

Innleiing

2024 blei det svakaste året økonomisk for Stavanger kommune sidan oljekrisa i 2014. Samtidig som skatteveksten blei lågare enn venta, var meirforbruket i tenesteområda historisk høgt. Netto driftsresultat blei likevel marginalt positivt, men langt under målet. For tredje året på rad busette kommunen over 700 flyktningar og nesten ni av ti busette er flyktningar frå Ukraina.

Frå gullår til omstilling

Tenestenivået i Stavanger kommune har gjennom mange år vore høgt, og desse åra har kommunen hatt økonomiske musklar til å støtta opp om eit slikt tenestenivå. Årsrekneskapen for 2024 viser tydeleg at gullåra er forbi og at det blir avgjerande å lukkast med omstillingsarbeidet som er i gang for å sikra kommunen sin økonomiske bereevne. Stavanger kommune har moglegheit til å redusere kostnader på fleire tenesteområde samanlikna med andre kommunar. Kommunen har derfor gode føresetnader for å gjennomføra ei slik omstilling. For innbyggjarane vil dette kunna bety at enkelte tilbod og tenester blir reduserte eller tatt bort.

Satsingsområde for kommunen

Ei verd i forandring gjer at organisasjonen må omstilla seg for å ivareta innbyggjarane sine behov. Satsingsområda gode kvardagsliv, regionmotoren og grøn spydspiss frå samfunnsdelen av kommuneplanen er utgangspunktet for prioriteringane som blei vedtatt i *Handlings- og økonomiplan 2024-2027*.

Gode kvardagsliv betyr at alle skal ha det bra der dei bur. Gjennom 2024 har Stavanger kommune utvikla møteplassar, leikeplassar, nærmiljøanlegg, byrom og andre uteareal som eit bidrag til sosial inkludering, deltaking, folkehelse og gode kvardagsliv. Det har vore fokus på kompetanseutvikling i barnehage og skule, samtidig som det er iverksett tiltak for å behalda og rekruttera kompetanse. Talet på innbyggjarar over 70 år som klarer seg sjølv utan tenester aukar, og viser at førebygging og tidleg innsats verkar. Samtidig har Stavanger kommune halde fram arbeidet med å ta i bruk velferdsteknologi, som på sikt vil gi betre tenester til brukarane og frigjera tid for dei tilsette. Det er òg arbeidd vidare med prosjekt heiltidskultur i tenesteområdet helse og velferd og førebelse gevinstar er fleire i heiltidsstillingar, redusert sjukefråvær for deltakande verksemder og færre tilsette å forhalda seg til for brukarar og pårørande.

Regionmotoren handlar om at me skal ha eit mangfaldig næringsliv og eit sterkt bysentrum. Tilgjengelege areal og miljøvennleg tilgang er avgjerande for å gjera byen meir attraktiv, og prosjekt som rehabilitering av domkyrkja, Nytorget og nytt rådhus bidreg til denne utviklinga. Samtidig skal Stavanger kommune halda fram med å vera ei drivkraft for å fremja grøn vekst og berekraftig utvikling i Stavanger-regionen.

Grøn spydspiss handlar om at me må ta vare på naturen og bli meir klima- og miljøvennlege. Det blei i 2024 gjennomført ei rekke mobilitetstiltak med hensikt til å få fleire til å gå, sykla, reisa kollektivt og bruka delte mobilitetsløysingar. I tillegg er det sett i gang eit arbeid med å laga eit naturpotensialkart for å visa areal som er eigna for naturrestaurering. I september blei klimakontrakten Mission Cities signert, som er eit verktøy for å gjennomføra omstillinga som må til for å gjera Stavanger klimanøytral innan 2030.

Samla **sjukefråvær** for kommunen i 2024 var 9,5 prosent og har aldri vore høgare. Medan korttidsfråværet ligg stabilt, har det vore ei auke i langtidsfråværet. Denne trenden viser òg igjen i

nasjonale sjukefråværstal. Å identifisera årsaker og finna ut korleis sjukefråværet kan reduserast blir ei viktig oppgåve for kommunen framover.

Betydelege investeringar i kommunen

Investeringsutgiftene enda på kr 2,53 milliardar kroner i 2024, marginalt lågare enn rekordåret 2023. Dette utgjer 17 prosent av driftsinntektene. Eigenfinansieringa av investeringane er på 43 prosent, betydeleg under måtalet på minst 50 prosent. Saman med det høge investeringsnivået fører dette til at gjeldsgraden aukar.

Stavanger kommune kjøpte og sette i stand bustader til flyktningar og vanskelegstilte for heile 237 millionar kroner. I tillegg sto Strømvig barnehage, Finnøy helse- og omsorgssenter og Ramsvigtunet sjukeheim ferdige. I august opna domkyrkja igjen, i god tid før jubileumsåret 2025.

Eit samfunn i endring – utfordringar

Det globale verdsbiletet er meir usikkert og alvorleg enn på lenge. Sjølv om me lever i ein fredeleg del av verda og har ein omfattande velferdsstat, er den norske økonomien prega av at renter og inflasjon er relativt høge og at kronekursen er svak. Stavanger kommune har eit godt tenestetilbod trass i strammare økonomiske rammer. Driftsutgiftene heldt fram med å auka meir enn inntektene i 2024. Fleire av tenesteområda hadde stort meirforbruk. Den demografiske utviklinga peikte i retning av fleire eldre innbyggjarar. Klimagassutsleppa blir ikkje kutta fort nok.


Med utgangspunkt i samfunnsdelen av kommuneplanen prioriterte Stavanger å vidareføra aktivitetar som alt er sett i gang og å handtera dei fire hovudutfordringane demografi, utanforskap, klima, natur og miljø samt dyrtid frå *Handlings- og økonomiplan 2024-2027*.

Demografi

Befolkningsutviklinga

Befolkningsutviklinga påverkar både inntektene og utgiftene til kommunen og behovet innbyggjarane har for tenester og bustadar. Veksten i folketalet handlar mellom anna om moglegheiter for arbeid og tilgang på eigna bustader.


Første halvår auka talet på innbyggjarar i Stavanger med 401 personar, tilsvarande 0,3 prosent, ifølgje tal frå Statistisk Sentralbyrå. Årsprognosen i budsjettet var ein folkevekst på 0,7 prosent. Ved inngangen til 2025 hadde Stavanger 150 123 innbyggjarar. Med eit fødselsoverskot på 574 og netto innflytting på 483 personar, svarde dette til ein folkevekst for heile året på 0,7 prosent, akkurat som budsjettet.



Figur 1 Folkeveksten, fødselsoverskotet og netto innflytting i Stavanger frå 2015 til og med 2024 (Kilde: SSB tabell 06913)

Netto innflytting blei lågare enn i dei to føregåande åra. Det blei busett færre innvandrarar i 2024 enn i 2023. Tilbodet om gratis kollektivtransport til kommunen sine innbyggjarar i andre del av 2023, var truleg ein vesentleg bidragsytar til den rekordhøge innflyttinga det året. I tillegg var det særleg i 2023, men også i 2022, høg innvandring på grunn av krigen i Ukraina.


Netto innflytting svingar meir enn fødselsoverskotet. Sjølv om fødselsoverskotet framleis er lågare enn for perioden frå 2015 til og med 2021, har det bevega seg oppover dei siste to åra. Stavangers innbyggjar nummer 150 000 blei fødd i oktober 2024.



Figur 2 Folkeveksten for dei største byane, storbyområdet (summen av Stavanger, Sandnes, Sola og Randaberg) og heile landet (Kilde: SSB tabell 06913)

Folkevekst er tett knytt til kjønns- og alderssamansettinga i befolkninga. Både fødselsoverskot og netto innflytting bidrog til folkeveksten, sjølv om det var mindre innvandring enn året før. (Kjelde SSB 25.02.2025)


Stavanger og storbyområdet hadde ein folkevekst på høvesvis 0,7 og 1,0 prosent, medan folkeveksten for heile landet var på 0,8 prosent. Berre Bergen med 0,6 prosent hadde lågare folkevekst enn Stavanger. Her er det viktig å ta med at Stavanger hadde ein rekordhøg folkevekst i 2023, både på grunn av busetting av mange flyktningar og som følge av den nemnde ordninga med gratis kollektivtransport til kommunen sine innbyggjarar i andre del av det året.



*Figur 3 Folkeveksten for Stavanger, Sandnes, Sola, Randaberg og storbyområdet
(Kilde: SSB tabell 06913)*

Sola og Sandnes har den høgaste folkeveksten, med høvesvis 1,6 og 1,4 prosent. Berre Randaberg med 0,5 prosent hadde lågare folkevekst enn veksten i Stavanger på 0,7 prosent.

Folkeutviklinga er avgjerande for innbyggjarane sine tenestebehov. Utviklinga i aldersinndelt folkevekst utgjer ein viktig del av grunnlaget for kommunen sitt aktivitetsnivå. Til dømes har barn i barnehagealder lovfesta rett til barnehageplass.




Figur 4 Indeksert befolkningsutvikling fordelt på aldersgrupper i Stavanger frå 2015 til 2025 (Kilde: SSB tabell 10826)

Det er særleg talet på innbyggjarar i dei eldste aldersgruppene som har auka dei siste åra. Sjølv om stadig fleire yngre innbyggjarar har behov for kommunale helse- og omsorgstenester, spelar dei eldste si evne til å klara seg utan ei viktig rolle for utviklinga i dette tenestebehovet.

Arbeidsmarknaden

Arbeidsløysa har halde seg stabilt låg det siste året. Gjennom heile fjoråret var det eit høgt antal utlyste stillingar, eit signal om mangel på arbeidskraft i mange bransjar. Tal frå Nav viser at ved utgangen av desember 2024 var arbeidsløysa 1,9 prosent i Stavanger. For Rogaland var andelen heilt ledige 1,8 prosent. På landsbasis var delen heilt ledige 2,0 prosent. Yrkesgruppene med høgast arbeidsløysa var industriarbeid, bygg- og anlegg samt reiseliv og transport.




Figur 5 Delen av innbyggjarane i aldersgruppa 15 til 74 år som var sysselsette i perioden frå 2015 til 2024 (Kilde: SSB tabell 06445)

Stavanger og Rogaland skil seg ut med svak vekst i andelen sysselsette dei siste to åra. Også i Bergen var auken i talet på sysselsette svak det siste året. Dette signaliserer at den høge aktiviteten i petroleumsnæringa og ringverknadene av denne, bidreg til veksten i talet på sysselsette i desse områda. I Oslo, Trondheim og samla for heile landet gjekk talet på sysselsette ned i same periode.

Bustadmarknaden

Tal frå Matrikkel viser at det blei det bygd 671 bustader i Stavanger i året som gjekk. Bustadbygginga var høgare i 2024 enn i 2023, men er framleis på eit lågt nivå, og truleg lågare enn bustadbehovet. På lang sikt betyr låg bustadbygging meir prispress i bustadmarknaden.



Figur 6 Bustadbygging i Stavanger frå 1965 fram til i dag (Kilde: Matrikkeldata)

Trass i høg styringsrente på 4,5 prosent gjennom heile fjoråret, steig bustadprisane i Stavanger med 11,3 prosent viser tal frå Eiendom Norge. Tilsvarande tal for heile landet samla var 6,4 prosent. Ein stabil og god arbeidsmarknad med låg arbeidsløyse og reallønsvekst, er viktige forklaringar på den sterke prisveksten i bustadmarknaden. I vår region bidreg også dei gode tidene i petroleumsnæringa og ringverknadane av desse til auka etterspurnad. Dessutan har det vore sterk folkevekst dei siste par åra, hovudsakleg på grunn av flyktningar frå Ukraina. I andre del av 2023 førte tilbodet om gratis kollektivtransport for kommunen sine innbyggjarar også til betydeleg auka folkevekst. Folkeveksten har auka etterspurnaden etter leigde bustader, og indirekte påverka etterspurnaden i eigemarknaden.

Det blei selt rekordmange brukte bustader i 2024 og hovudforklaringa er, ifølgje Prognosesenteret, nedgang i salet av nye bustader. Den høge veksten i byggekostnader dei siste par åra har ført til at prisane på nye bustader har auka meir enn prisane på brukte .

Tenesekapitlet til bymiljø og utbygging har informasjon om utviklinga i kommunen sin bustadportefølje.

Utanforskap

Ved inngangen til 2024 sto 2593 unge mellom 15 og 29 år i Stavanger utanfor arbeid og utdanning. Dette utgjer 8,7 prosent av innbyggjarane i denne aldersgruppa. Andelen har ikkje vore lågare på 15 år. Etter fleire år med ei auke i talet på barn som veks opp i familiar med låg inntekt, målt etter kommunale grenser for låginntekt, blei andelen redusert for andre år på rad. I perioden 2020-2022 budde 12,5 prosent av barna i Stavanger i ein familie med vedvarande låg inntekt. Det er ein nedgang på 0,4 prosentpoeng samanlikna med perioden 2019-2021. Samanhengen mellom å veksa opp i låginntekt og utanforskap i vaksenlivet, er svakare i Noreg enn i andre land. Over tid har likevel barn som veks opp i familiar med låg inntekt noko høgare risiko for å bli verande i den gruppa når dei er vaksne.

Stavanger kommune vil gi alle barn og unge i kommunen eit godt utgangspunkt for å meistra kvardagen og vaksenlivet. Gode barnehagar og skular som løftar alle barn uavhengig av bakgrunn, er kommunen sin viktigaste innsatsarena for å førebygga utanforskap.

Inntektssikring bidreg til at barn og vaksne har tryggare rammer og kan delta i aktivitetar. Dei siste åra har fleire hushaldningar med barn hatt behov for økonomisk sosialhjelp, og behovet viser seg å vara over tid. Kommunen har, saman med andre aktørar, jobba med å betra moglegheitene i arbeidslivet for flyktningar og personar med uføretrygd og funksjonshindringar.

Klima, natur og miljø

Arbeidet med å sjå klima- og naturkrise i samheng og forankringa i heile kommunen, heldt fram i året som gjekk. Stavanger har mål om å vera ein naturnøytral kommune, utan tap av grønne område og naturverdiar. Forankringa av dette prinsippet og sikringa av ein samanhengande blågrøn struktur i alle delar av Stavanger held fram. I september signerte Stavanger kommune og fleire store samfunns- og næringsaktørar den første [klimakontrakten](#), som blei vedtatt av bystyret i [sak 91/2024: Mission Cities -](#)

[Klimakontrakt Stavanger](#). Sjå kapitlet om klimabudsjettet for meir informasjon om kommunen sine klimamål og utviklinga i utsleppa.

Dyrtid

Konsumprisindeksen auka med 3,1 prosent frå 2023 til 2024. Dette var ei betydeleg nedgang frå 2023 då årsveksten var 5,5 prosent. Prisen på energi og importerte varer bidrog særleg til å trekka ned konsumprisveksten. Prisutviklinga på tenester og norske varer utanom energivarer på høvesvis 4,5 og 5,2 prosent, bidrog til å halda årsveksten oppe. (Kjelde SSB 10.01.2025)

[Noregs banks pengepolitiske rapport 4/2024](#) slår fast at Norges Bank heldt styringsrenta uendra på 4,5 prosent gjennom heile fjoråret. Rentenivået bidrog til å kjøla ned norsk økonomi og til å dempa prisveksten. Veksten i den norske fastlandsøkonomien tok seg litt opp. Kapasitetsutnyttinga var samla sett nær eit normalt nivå. Arbeidsløysa steig noko frå eit lågt nivå. Lønsveksten blei så høg at mange fekk reallønsvekst etter som lønsveksten var større enn prisstigninga.

Økonomisk utviklingstrekk

KS framhever i [Norsk økonomi 2024-25](#) mellom anna at aktivitetsutviklinga i norsk økonomi har vore svak. Med utgangspunkt i fastlands-BNP har norsk økonomi vore i lågkonjunktur. Etter pandemien har veksten i den kortsiktige arbeidsinnvandringa stoppa heilt opp. Arbeidsmarknaden har blitt svakare, men arbeidsløysa er låg. Svak vekst i fastlands-BNP kan forklarast av impulsar frå etterspurnadssida, der bustadinvesteringane har falle mest. Oljeinvesteringane har vist størst auke. Offentleg etterspurnad, konsum og investering i offentlig forvaltning, har hatt klar vekst. Privat konsum auka mindre.

Kommunens økonomiske handlingsrom

Høgare vekst i kostnadane enn i inntektene har redusert Stavangers økonomiske handlingsrom. Kommunen sitt økonomiske resultat var det svakaste sidan oljekrisa i 2014. Det betyr at det er mindre driftsinntekter igjen til å betala for kommunen sine investeringar, og mindre til å setta av på fond til utgifter som kjem i framtida.

Kommunen må lukkast med omstillingsarbeidet, som i 2024 blei trappa opp for å dempa utgiftsveksten, sjølv om det truleg vil redusera framtidig tilbod til innbyggjarane.

Økonomisk handlingsrom må i større grad enn før skapast ved omprioriteringar av kommunen sine ressursar.

Berekraftig kommuneøkonomi og voksande investeringsnivå

Ein sunn kommuneøkonomi dannar grunnlag for gode prioriteringar som gir føreseielege velferdstenester til innbyggjarane og investeringar for framtida. Administrasjonen, politikarane, tilsette og tillitsvalde, må alle bidra for at utgiftene til drift og investering ikkje skal veksa meir enn inntektene. Økonomikapitlet inneheld meir informasjon om kommunen sin økonomi.

Kommuneplanen gir retning

Kommuneplanen, kommunen sitt overordna styringsdokument, består av samfunnsdelen, med mål for samfunnsutviklinga, og arealdelen, der det går fram korleis kommunen sine areal skal brukast. Samfunnsdelen bidreg også til å oppfylle FN sine berekraftsmål for å sikra ei sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftig utvikling.

Arbeidet med å laga ny, justert utgåve av kommuneplanen er i gang. Den nye utgåva av samfunnsdelen vil også innehalda arealstrategien. Arealstrategien viser koplinga mellom arealbruk og ønska samfunnsutvikling. I tillegg bidreg den til å sikra ei heilskapleg og langsiktig forvaltning av kommunen sine areal.

Kommuneplanen legg føringar for ressursfordelinga i handlings- og økonomiplanen. Samfunnsplanane er viktige verktøy for gjennomføringa av handlings- og økonomiplanen. Status for arbeidet med (samfunns)planane finst i [kommunens planoversikt](#).

Gode kvardagsliv

Stavanger kommune heldt i året som gjekk fram med å utvikla møteplassar, leikeplassar, nærmiljøanlegg, byrom og andre uteareal som eit bidrag til sosial inkludering, deltaking, folkehelse og gode kvardagsliv.

Forventningane til tenestetilbodet er høge, og oppfatningane om kven som har ansvar for kva er ulike. Forventningar til kommunen sine tenester viser seg mellom anna gjennom søknadstal, ønske om innsyn, mediesaker, klagesaker og tilsyn. Fleire mediesaker sette søkelys på kva som er forsvarlege tenester, i forkant og etterkant av ønske om innsyn og klagesaker.

For å gi barn og unge eit godt utgangspunkt til å meistra kvardagen og vaksenlivet, har Stavanger kommune jobba for å gi tilbod om plass til barn som har lovfasta rett til barnehageplass. Eitt av satsingsområda har vore å få til ei best mogleg dimensjonering og bruk av dei tilgjengelege barnehageplassane. Prøveordning med fleksibelt barnehageopptak er også gjennomført.

Det er laga handlingsplanar med kompetanseutviklingstiltak for barnehage og skule, som grunnlag for god kvalitet i oppveksttenestene. Lokal rektorskule og ny stipendordning på barnehageområdet for å få fleire barnehagelærarar, er døme på gjennomførte tiltak.

Kommunen har arbeidd med Leve HELE LIVET-satsinga i meir enn ti år. Frå 2013 til 2024 har talet på innbyggjarar over 70 år som klarer seg sjølv utan tenester, gått opp. At fleire eldre klarer seg utan tenester, tyder på at førebygging og tidleg innsats verkar. Denne utviklinga bidreg til at kommunen kan dreia ressursinnsatsen frå institusjonsdrift til styrking av førebyggjande tenester, ambulante tenester, tenester i heimen, aktivisering og dagtilbod. Med andre ord å byggje ut trinna i innsatstrappa, som bidreg til at innbyggjarane kan bu lengst mogleg heime.

Boligforum, som er ein samarbeidsarena for bustadbyggebransjen, politikarar og administrasjonen i Stavanger kommune, jobbar no systematisk med aldersvennleg bustadbygging. Arbeidet skal munna ut i tilrådingar som blir tatt vidare til planarbeid, og best mogleg bruk av tilskotsordningar.

Stavanger har gjennom fleire år arbeidd systematisk for å ta i bruk ulike typar teknologi som bidreg til aktivitet og eigenmeistring, og digitale løysingar som forenkler manuelle arbeidsprosessar og legg til rette for betre samhandling. I 2024 har arbeidet med nytt elektronisk pasientjournalssystem – den digitale grunnmuren i helse- og velferdstenestene – vore eitt av dei store prosjekta. I tillegg blir fleire av løysingane brukt meir enn før, noko som frigjer tid for tilsette og gi betre tenester for brukarane.

For å kunna gi eit nødvendig tenestetilbod, må arbeidsdeltakinga og talet på heiltidstilsette i helse- og velferdstenestene auka i åra framover. Ved utgangen av året var meir enn 2000 tilsette i helse og velferd – halvparten av arbeidsstokken – med i heiltidskulturprosjektet. Redusert sjukefråvær, meir aktivitet for brukarane og færre tilsette å forhalda seg til for brukarar og pårørande, er blant gevinstane av arbeidet så langt.

Bustad blir rekna som den fjerde velferdspilaren, i tillegg til helse, inntektssikring og utdanning. Stavanger kommune har jobba aktivt med å auka talet på kommunale utleigebustader og å få ned ventelistene. Kommunen har også starta arbeidet med prosjektet Nye veier til kommunal bosetting og nabolagsutvikling som har relevans for kommunen sitt bustadsosiale arbeid, områdeutvikling og folkehelseutfordringar. Prosjektet er eit vegvisarprosjekt og kan gi verdifull kunnskap lokalt, regionalt og nasjonalt.

Regionmotoren

Stavanger kommune jobbar for å styrka Stavanger sentrum som tyngdepunkt for tenester, handel og arbeid. Tilgjengelege areal og miljøvennleg tilgang er avgjerande for å gjera byen meir attraktiv. Store prosjekt som Nytorget, bussvegen, nytt rådhus, domkyrkja, nye Rogaland Teater og Stavanger museum spelar ei betydeleg rolle i denne utviklinga. Stavanger kommune vil vera ei drivkraft for å fremma grøn vekst og berekraftig utvikling i Stavanger-regionen. Målet er å styrka regionen sin posisjon som ein attraktiv og konkurransedyktig storbyregion, både nasjonalt og internasjonalt.

Kunst og kultur er viktige kjelder til kunnskap, kompetanse og innovasjon. Kunstbyen Stavanger skal utviklast vidare slik at innbyggjarane kan delta i, oppleve og skapa kultur. Det er framleis store forskjellar i kven som nyttar kunsttilbodet, og kunsten må derfor gjerast tilgjengeleg og formidlast på ein relevant måte i heile kommunen.

For at innbyggjarane lettare skal kunna følge med på det som skjer i dei politiske avgjerdsprosessane, er det innført eit digitalt system, Digdem, for gjennomføring av politiske møte.

Grøn spydspiss

For å kutta klimagassutslepp frå vegtrafikken er det gjennomført ei rekkje mobilitetstiltak med mål om å få fleire til å sykla, gå, reisa kollektivt og bruka delte mobilitetsløysingar.

Naturrestaurering er viktig for å auka naturmangfaldet og som bidrag til handtering av overvatn. Jobben med å laga eit kart som skal visa areal eigna for naturrestaurering, starta i 2024. Arbeidet med å sikra ein samanhengande blågrøn struktur i alle delar av Stavanger held fram.

Stavanger kommune har halde fram med å innarbeida både klima-, miljø- og naturmål i alle planar, kommunale prosjekt og kommunal verksemd. Stavanger kommune og fleire store samfunns- og næringsaktørar signerte i september den første [klimakontrakten](#) som blei vedtatt av bystyret i sak [sak 91/2024: Mission Cities - Klimakontrakt Stavanger](#). Klimakontrakten er eit verktøy for å gjennomføra omstillinga og nå målet om å gjera Stavanger klimanøytral innan 2030.

Klima- og miljøfondet er eit viktig verkemiddel som finansierer ei rekke tiltak for å oppfylle kommunen sine klima- og miljømål. Fondet har i 2024 mellom anna finansiert støtteordningar for el-syklar, sykkelparkering og tilskot til arbeidet for utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar.

Tenestekapitlet til bymiljø og utbygging inneheld meir informasjon om kommunen sitt klima-, natur- og miljøarbeid.

Kommunen og vi

Tilsette og kompetansen deira er kommunen sin mest verdifulle ressurs for å levera gode tenester og møta framtidens utfordringar. Organisasjonsstrategien gir retning for korleis kommunen kan sikra den nødvendige kompetansen. Organisasjonen står overfor fleire utfordringar, som høgt og aukande sjukefråvær, tap av erfarne tilsette nær pensjonsalder, mangel på kvalifisert arbeidskraft, samt behov for omstilling som følge av endra kompetansekrav og nye verktøy. Det er eit aukande behov for kvalifiserte arbeidssøklarar, spesielt innan helse- og utdanningssektoren. Mangel på helsepersonell forsterkar behovet for å få fleire over i heiltidsstillingar. Investering i gode arbeidsmiljø er avgjerande for å trekka til seg nødvendig arbeidskraft og halda på kompetente medarbeidarar.

Gjennom kurs, opplæring og utviklingsarenaer får leiarar nødvendig kunnskap og ferdigheiter til å utvikla ein sterk organisasjonskultur og til å motivera og støtta dei tilsette. Satsinga på oppfølging av sjukefråvær i utvalde barnehagar og sjukeheimar har gitt gode resultat, og erfaringane frå dette skal danna grunnlaget for ein heilskapleg og langsiktig plan for å redusera sjukefråværet i heile organisasjonen.

Heiltidskulturprosjektet har bidratt til å skapa meir kontinuitet og føreseielegheit for både tilsette og brukarar gjennom betre organisering av tid og arbeidsoppgåver.

Kommunen er òg aktiv på sosiale medium og har eit tett samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å trekka til seg og rekruttera den kompetansen som er nødvendig for behov i framtida.

Kapitlet organisasjon og utvikling har meir om desse temaene.


I ei tid prega av global uro og rivande teknologisk utvikling, er arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern viktig. For å vera i stand til å ivareta personvernet og sørge for god informasjonssikkerheit er kommunen avhengig av kompetente tilsette, hensiktsmessige prosessar og ein solid teknisk sikkerheitsarkitektur. I løpet av 2024 blei det tilsett fleire rådgivarar innan informasjonssikkerheit og personvern. Kommunen har òg vidareutvikla styringssystemet for informasjonssikkerheit og personvern. Som eit ledd i å gjera den tekniske infrastrukturen betre, har kommunen tatt i bruk eit system som skal sørge for betre sikkerheit knytt til mobile klientar. Kommunen har òg tatt i bruk ei eigenutvikla løysing for å kontrollera om kommunen sine tilsette har gode nok passord.

Arbeidet med informasjonssikkerheit og personvern er prega av stadige endringar i omgjevnadene, og behov for kontinuerleg forbetring ved hjelp av små og store tiltak.

Klimagassrekneskapen

Stavanger kommune sine klimamål er å redusere utslippa med 80 prosent innan 2030, samanlikna med utslippa i 2015. Innan 2040 skal Stavanger kommune vera fossilfri. Kommunen bruker [Miljødirektoratets utslippsregnskap for kommunar](#) for å følge opp framdrifta mot målet, men justerer avgrensinga noko i samsvar med tidlegare politiske vedtak. Rekneskapen (med justert avgrensing) for 2023 for Stavanger viser at utslippa var 445 448 tonn CO₂-ekv. Dette er ein nedgang i utslipp på 7 prosent i forhold til utslippa i 2015. For å vera i rute for å nå reduksjonsmålet (lineær nedgang mot målet), burde utslippa vore kutta med 43 prosent frå 2015 til 2023. Det er derfor behov for ein raskare utslippsnedgang framover. Frå 2022 til 2023 vart utslippa reduserte med 0,6 prosent.

Utviklinga for klimagassutslipp i Stavanger kommune er vist i figur 1. Dataene er frå Miljødirektoratet, men er justerte ved at kommunen sitt bidrag til utslipp frå felles anlegg i nabokommunar er lagt til. Dette gjeld for Stavanger lufthamn, Sele avfallsdeponianlegg, Sentralrenseanlegg Nord-Jæren og Forus Energigjenvinning. Dette er i tråd med politiske vedtak i [sak 162/20 Klimabudsjett](#) i utval for miljø og utbygging.



Figur 1 Utvikling for klimagassutslipp i Stavanger, frå [Miljødirektoratets utslippsregnskap](#), med justert avgrensing i samsvar med politiske vedtak.

I *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* er det for år 2024 skissert ulike klimagass tiltak med ein samla reduksjon på 18 240 tonn CO₂-ekv. Desse inngår i kommunen sitt klimabudsjett. Ansvar for tiltaka gjeld både kommunen, innbyggjarar, næringsliv og andre offentlege aktørar. Kvar for seg og saman må me arbeida for å nå klimamåla. Klimagassrekneskapen for 2024 vil først vera tilgjengeleg rundt årsskiftet 2025-2026. Nedanfor vert det derfor gitt ei vurdering av utviklinga for dei viktigaste utslippssektorane basert på utslippsrekneskapen for 2023, samt indikatorar og anna informasjon om utviklinga for sentrale tiltak i klimabudsjettet 2024.

Vegtrafikk

Utslepp frå vegtrafikk i Stavanger var 107 000 tonn CO₂-ekv i 2023. Utslepp frå personbilar gjekk ned med 13 prosent frå 2022 til 2023, medan utslepp frå bussar og varebilar gjekk noko opp. Utslepp frå tunge køyretøy i 2023 var på same nivå som i 2022. Det resulterte i at dei totale vegtrafikkutsleppa vart reduserte med 7 prosent frå 2022 til 2023.

Tiltak for å leggja til rette for utsleppsfrie køyretøy

I klimabudsjettet for 2024 vart det lagt til grunn at elbilandelen for personbil og varebilar skulle auka til høvesvis 33 prosent og 10 prosent av bestanden i løpet av 2024. Statistikk frå Opplysningskontoret for vegtrafikk viser at elbilandelen for Stavanger var 34 prosent for personbilar, og 13,5 prosent for varebilar per 31.12.2024. Utviklinga var betre enn forventa. For kommunen sin eigen bilpark har det vore ein auke frå 67,6 prosent elbilandel i 2023 til 70,2 prosent i 2024.

I 2024 vart det inngått avtale med Lyse om å etablera hurtigladarar på Schankeholen. Lyse dekkjer alle kostnader knytta til etableringa. Kommunen har òg eit pilotprosjekt for deling av ladarar med befolkninga ved kommunen sine formålsbygg ved sju lokasjonar.

Tiltak nullvekst i persontrafikk

Data frå Ferde viser at talet på passeringar i bomringen auka med totalt 1,0 prosent frå 2023 til 2024.

Kommunen har gjennomført fleire tiltak i 2024 for å leggja til rette for nullvekst i personbiltrafikken og nå målet om maks 30 prosent privatbilbruk innan 2030.

Ei støtteordning for kjøp av elsykkel, finansiert av klima- og miljøfondet, vart sett i gang våren 2024. 882 innbyggjarar kjøpte elsykkel, medan 124 innbyggjarar og 15 verksemder har kjøpt el-lastesykkel. Kommunen har gjennomført fleire kampanjar for å endra innbyggjarane sine mobilitetsvanar, til dømes i samband med Mobilitetsveka. Stavanger kommune deltek i eit fireårig EU-prosjekt (SHARE North Squared) som handlar om å integrera delt mobilitet som bysyklar og elbildeing, og mobilitetspåverknad i eigeidomsutvikling. Målet er å redusera behovet for parkeringsplassar. Kommunen har òg eit samarbeid med Kolumbus og Transportøkonomisk institutt for å bidra til eit grønt mobilitetsskifte blant yngre eldre (65-79 år) på Nord-Jæren.

Kolumbus er fasilitator for eit bildelingstilbod i Stavanger. Stavanger kommune bidrog med 29 parkeringsplassar til dette føremålet. Ein av leverandørane gjekk konkurs i juni 2023 og trekte ut dei 16 delingsbilane sine. Deretter vart dei siste 13 delingsbilane trekte ut av ein annan operatør i 2024 grunna av låg etterspurnad. Planen til Kolumbus er å fornye ordninga og inngå nye avtalar i løpet av 2025.

Kommunen har gjennomført prosjekt for å betra gangforholda ved å etablera betre belysning, auka trafiksikkerheita og laga miljøgater.

For å leggja til rette for bruk av sykkel, blei det i 2024 etablert til saman 500 sykkelparkeringsplassar ved fem skular, og ein barnehage fekk sykkelvognhus. Kommunen har drifta støtteordninga Sykkelparkering

til daglegvarehandel og støtteordninga Sykkelparkering i burettslag og sameige, som har resultert i at 52 sykkelparkeringsplassar er etablert ved butikkar, og tre burettslag har etablert sykkelparkering. Rundt 700 gonger nytta innbyggjarane i Stavanger seg av tilbodet Bemanna sykkelparkering i gamle Posten i løpet av 2024. Fleire vegprosjekt med sykkeltilrettelegging med ei lengd på totalt ca. 800 m (kommunalt finansiert) og ca. 2200 m (Bymiljøpakke finansiert) var under bygging i 2024. Tiltaka skal gjera det lettare å velja bort bilen.

Sjøfart

Utsleppa frå sjøfartssektoren var 103 700 tonn CO₂-ekv i 2023. Utsleppa vart reduserte med 7 prosent frå 2022 til 2023.

Fossilfrie hurtigbåtar og ferjer med anløp i Stavanger

I klimabudsjettet for 2024 låg det til grunn 2926 tonn CO₂-ekv i utsleppsreduksjon frå fossilfrie hurtigbåtar og ferjer med anløp i Stavanger i 2024. Klimabudsjettet la til grunn at Rygerbuen skulle vera ferdig ombygd til elektrisk drift i løpet av sommaren 2024, men ombygginga vart forseinka slik at Vassøy-sambandet gjekk på diesel i 2024

Tiltak for å tilrettelegga for fossilfri havnedrift

Stavangerregionen Havn IKS arbeider framleis med etablering av landstrømanlegg for cruiseskip. Anbodskonkurranse er lyst ut, og planen er ferdigstilling hausten 2026. Dette er i tråd med føresetnaden som vart lagt til grunn i klimabudsjettet

Oppvarming

Utslepp frå oppvarming var 23 000 tonn CO₂-ekv i 2023. Sektoren omfattar utslepp frå oppvarming av næringsbygg og hushaldningar. Lyse sitt gassnett blir brukt i drivhusnæringa, og òg til oppvarming av større bygg. Utsleppa har hatt ein nedgang frå 2015 til 2023 på 41 prosent. Frå 2022 til 2023 ser me likevel ein auke. Ifølgje informasjon frå Miljødirektoratet kan dette skuldast at utslepp frå LPG (flytande fossil gass) kan vera lågare i rekneskapen enn reelle utslepp i 2022. Fleire aktørar brukte LPG dette året på grunn av høge naturgassprisar.

Biogass

Finnøy Bioenergi planlegg eit anlegg for husdyrgjødsel på 15 GWh. I klimabudsjettet låg det inne ei forventning om oppstart i 2028, men Lyse melder at oppstart kan bli framskunda til årsskiftet 2026/2027.

Det er òg framgang for Bio Jæren som ønsker å etablera eit anlegg for produksjon av biogjødsel, biojord og biogass på Grødalaland i Hå basert på husdyrgjødsel. Prosjektet er tildelt Enova-støtte på kr 124 mill., og er planlagt med oppstart i overgangen 2027/2028. Dette avheng av rammevilkår, som til dømes langsiktig oppretthalding av støtteordninga for husdyrgjødsel.

Søra Bråde biokullanlegg

I klimabudsjettet i *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* var eitt av tiltaka å etablera ein energisentral med biokullproduksjon på Søra Bråde, som skulle erstatta naturgassbruk og binda karbon i biokullet. I samsvar med vedtaket i [sak 64/2024 Søra bråde energisentral – status](#) til utvalg for utbygging 18. september 2024 vart prosjektet avvikla. Lyse Neo selde i 2024 eksisterande nærvarmeanlegg til Solør Bioenergi, som vil erstatta dagens energiløysing med varmepumpeteknologi eller bioenergi. Eit biokullprosjekt i regi av IVAR IKS lokalisert i Sandnes kommune er i gang. Stavanger kommune vil bidra til anlegget med leveransar av råstoff/flis, først og fremst henta frå kommunale friområde og grøntområde.

Anna mobil forbrenning

Utsleppa frå kategorien anna mobil forbrenning var på 84 400 tonn CO₂-ekv i 2023. Dette er ein auke på 14 prosent i forhold til året før. Denne sektoren omfattar utslepp frå bruk av avgiftsfri bensin og diesel til maskinar som ikkje går på vegar, mellom anna innan jordbruk og bygg og anlegg. Anna mobil forbrenning er den sektoren i utsleppsrekneskapen med størst usikkerheit i metodegrunnlaget for berekningane.

Fossilfrie og utsleppsfrie bygg- og anleggsplassar

Det har vore eit krav om å bruka fossilfrie maskinar på alle kommunen sine bygge- og anleggsplassar sidan 2021. I samsvar med storbyerklæringa skal Stavanger kommune arbeida for at alle eigne bygge- og anleggsplassar blir utsleppsfrie i 2025. Dette er eit krevande mål, og blir påverka i stor grad av både teknologi og økonomi. Utsleppsfrie maskinar har vore obligatorisk som tildelingskriterium i alle kommunen sine bygge- og anleggsprosjekt frå 1. januar 2024. I fleire mindre anskaffingar er det òg stilt krav om dette. Det er usikkert om marknaden i Rogaland er klar for at Stavanger kommune stiller kravet i alle sine anskaffingar i 2025. Moglegheiter og avgrensingar i marknaden blir jamleg evaluerte av kommunen si prosjektgruppe.

I Stavanger kommune sin *Handlingsplan for klima og miljø 2022 – 2026* er det sett mål om at alle bygge- og anleggsplassar innanfor kommunen si grense skal vera utsleppsfrie innan 2030. Kommunane sin

heimel til å stilla slike krav i arealplanar og reguleringsplanar har vore mykje debattert i Noreg sidan 2020, og i 2024 føreslo Miljødirektoratet at ein slik heimel kan leggest til forureiningsforskrifta. Stavanger kommune leverte eit høyringsinnspel som støtta dette, og stilte seg til disposisjon som pilotkommune om direktoratet ønsker.

Trass i framdrift for klimaarbeidet i 2024, er det framleis behov for sterkare tiltak for å nå målet om 80 prosent utsleppsreduksjon frå 2015 til 2030. Kommunen arbeider mellom anna med «Klimakontrakten» EU Mission Cities som vart signert i september 2024, og som no er til behandling i EU. Kontrakten er ein del av eit samarbeid mellom lokale og nasjonale aktørar, 112 europeiske byar og EU - som jobbar samla mot felles klimamål. Ved hjelp av denne metoden ønsker kommunen, saman med eksterne partnarar, å identifisera fleire moglegheiter for kutt for å bli klimanøytrale. Som ein viktig del av dette fekk kommunen i desember midlar til eit nytt EU-prosjekt for å finna fram til ein god styringsmodell for klimakontrakten.

Økonomisk resultat

I 2024 heldt driftsutgiftene fram med å stiga medan skatteinntektene flata ut. Stavanger kommune leverte det svakaste økonomiske driftsresultatet sidan oljekrisa i 2014, med eit netto driftsresultat på kr 48 mill. Dette er betydeleg lågare enn forventa og gjer at kommunen ikkje hadde nok midlar igjen i drifta til å finansiera investeringane som planlagt i 2024. Den manglande finansieringa på kr 94 mill. må kommunen finna dekning for i 2025.

Utviklingstrekk i 2024

Måloppnåinga for kommunen sine fem finansielle mål er i 2024 lågare enn ønska nivå, med unntak av disposisjonsfondet. Årsoppgjeret førte til at også disposisjonsfondet blei lågare enn det bystyret la opp til.

Driftsrekneskapen for 2024 viser eit netto driftsresultat på kr 48 mill., noko som tilsvarar 0,3 % av kommunen sine driftsinntekter. Dette er langt under både det langsiktige målet og det budsjetterte nivået på 1,6 %. Det betyr at det blei lite midlar igjen frå drifta til å betala for kommunen sine investeringar og til å setta av på fond til utgiftene som kjem i framtida. I 2024 påverkar særleg den ekstraordinære overføringa frå havneselskapet, som blei overført til investering for å finansiera at kommunen overtok området i Østre havn. Dette bidreg til eit forbetra netto driftsresultat. Justert for desse forholda ville netto driftsresultat blitt negativt med om lag kr 135 mill. og minus 0,9 % av driftsinntektene.

Det historisk høge investeringsnivået i 2023 er vidareført på om lag same nivå med 16 % for 2024. Eigenfinansieringa av investeringane er betydeleg lågare enn måltalet og utgjør 43 %. Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 94,2 mill. som må dekkast inn i 2025.

Budsjettramma til tenestekområda blei styrka med kr 50,6 mill. i tertialrapportane, i tillegg kjem styrkinga i samband med lønsoppgjeret. Størstedelen av styrkinga gjeld auka utbetaling av sosialhjelp. Trass budsjettstyrkingane har tenestekområda eit meirforbruk på kr 397 mill. ved slutten av året. Det skuldast i hovudsak auka behov for helse- og velferdstenester, barneverntenester og tilrettelagde tenester for barn og unge. I tillegg var sjukefråværet historisk høgt i 2024, noko som har ført til høge vikarutgifter for enkelte tenestekområda.

Lågare skattevekst i 2024 enn kva staten og bystyret opphavleg la til grunn, førte til at veksten i frie inntekter blei lågare enn pris- og lønsveksten i 2024. Det betyr at den statlege rammefinansieringa av kommunen ikkje ga rom for realvekst eller midlar til å dekkja auka demografiutgifter og auka kommunale oppgåver som føresett i statsbudsjettet. Staten løyva ekstra rammetilskot på seinhausten, for å kompensera for den krevjande økonomiske situasjonen i kommunane. I Stavanger finansierte desse midlane delar av skattesvikten til kommunen i 2024.

Lågare inntektsvekst i Stavanger både i 2024 og i utsiktene framover betyr at Stavanger kommune blir likare gjennomsnittskommunen. Dette gir føringar om å bli likare landet også på utgiftssida.

For å dempa utgiftsveksten er omstillingsarbeidet allereie sett i gang. Eit omstillingskrav på kr 68 mill. blei vedtatt for tenesteområda i opphavleg budsjett 2024, og omstillingskravet er stigande i *Handlings- og økonomiplan 2025-2028*. Rekneskapen for 2024 viser at kommunen må trappa opp arbeidet ytterlegare og tilpassa bemanninga til nye budsjetttrammer, samt endra tenestenivå, standardar og omfang. Både utgiftsnivået i drift og investeringar må tas ned.

Stavanger kommune har økonomisk evne til å dekkja inn den manglande finansieringa i investeringsrekneskapen. I tråd med regelverket vil bystyret i løpet av våren 2025 få høve til å ta stilling til om dette skal skje gjennom endra prioriteringar i gjeldande budsjett, bruka oppsparte midlar på disposisjonsfond eller auka bruken av lån.

Driftsutgiftene aukar framleis medan inntektene flatar ut



Figur 1 Prosentvis endring i driftsinntektene og driftsutgiftene i eit tiårsperspektiv.

Gapet mellom inntektsveksten og utgiftsveksten er noko mindre i 2024 enn i 2023, men framleis aukar utgiftene meir enn inntektene. Høgare finansinntekter, auka bruk av midlar på disposisjonsfond og lågare overføring mellom drift og investering finansierer gapet i 2024. Utviklinga er ikkje berekraftig på sikt.

Den samla inntektsveksten på 5,6 % blir berre delvis forklart med veksten i dei frie inntektene på 4,1 %. Frie inntekter utgjer om lag to tredjedelar av inntektene og resten av drifta må dekkast inn av andre inntekter. I 2024 er det særleg auken i refusjon for foreldre- og sjukepengar og overdraginga av Østre havn som bidreg til auka inntekter, så vel som tilsvarande auka utgifter. Utover dette bidreg også integreringstilskot, havbruksinntekter og andre sals- og leigeinntekter til at inntektene aukar frå 2023.

Utgiftsveksten på 7,4 % er i all hovudsak relatert til vekst i lønsutgiftene, som har gått opp med 8,8 % frå 2023 til 2024. Dette er ein kombinasjon av lønsvekst via lønsoppgjer og ei vekst i årsverk og talet på tilsette. Løn til faste tilsette har auka med 8,8 % og løn til vikarar med 5,3 %. Stavanger kommune har hatt ei netto auke på 185 årsverk samanlikna med 2023. Auken har vore størst i helse og velferd, og kan delvis forklarast med kommunal overtaking av sjukeheimsdrift og nyetablerte teneste- og butilbod. Utgiftsveksten må også sjåast i samanheng med sjukefråværet som har auka med 0,2 prosentpoeng til 9,5 % i 2024. Kjøp av vikartenester og undervisningstenester har auka med 18,2 % frå 2023 til 2024. Det er også ei utgiftsvekst på kjøpte helse- og velferdstenester.

Finansielle måltal

Kommunelova stiller krav til finansielle måltal for utviklinga av kommuneøkonomien. Dei finansielle måla er vedtatt av bystyret og er førande for dei økonomiske prioriteringane til kommunen. Desse skal bidra til ein berekraftig økonomi, ivareta handlefridom og unngå at det over tid blir sett av for lågt beløp til å oppretthalda kommunen sine formuesverdiar i bygg og anlegg.

Måla kan avvika i det enkelte budsjett- eller rekneskapsåret, men må bli oppnådd over tid for å skapa ein berekraftig økonomi. Måloppnåinga i 2024 for kommunen sine finansielle mål er lågare enn det langsiktige nivået, med unntak av disposisjonsfond. Berre gjeldsgraden blei noko betre enn kva justert budsjett la opp til og årsaka er høgare driftsinntekter i rekneskapen.

Finansielle mål	Mål	Rekneskap 2024	Justert budsjett 2024	Opprinnelig budsjett 2024	Rekneskap 2023
Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene	> 2 %	0,3 %	1,6 %	1,5 %	3,1 %
Investeringsnivå i prosent av driftsinntektene	< 11-12 %	16 %	16 %	17 %	17 %
Investeringer, andel egenfinansiering	> 50 %	43 %	47 %	40 %	52 %
Gjeldsgrad, brutto lånegjeld (ekskl. startlån) i prosent av driftsinntektene	< 60 %	64 %	69 %	70 %	62 %


Disposisjonsfond i prosent av driftsinntektene	> 6 %	11,3 %	12,9 %	13,8 %	12,6 %
--	-------	--------	--------	--------	--------

Tabell 1 Måloppnåing finansielle mål

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er driftsinntekter fråtrekt driftsutgifter, avdrag på lån og netto renteutgifter. Dette skildrar kommunen sin økonomiske handlefridom og viser kor mykje kommunen har til disposisjon til eigenfinansiering av investeringar og avsetning frå årets drift til seinare disposisjon.

Netto driftsresultat er ein av dei viktigaste indikatorane for økonomisk balanse og er avgjerande for å nå andre finansielle mål over tid. Svake resultat her gjer det vanskelegare å nå dei andre finansielle måla.



Figur 2 Netto driftsresultat i kroner og prosent av brutto driftsinntekter for tidlegare Stavanger kommune i åra 2015-2019 og ny samanslått kommune frå 2020.

Netto driftsresultat blei kr 47,9 mill. og utgjer 0,3 % av driftsinntektene. Budsjettsprekken på utgiftssida fører til at utgiftene steig meir enn driftsinntektene. Dette bidreg til eit vesentleg lågare netto driftsresultat enn dei siste ni åra.

Det er fleire særskilte forhold som har påverka netto driftsresultat i positiv retning i 2024:

- Stavanger kommune mottok ei ekstraordinær overføring frå Stavangerregionen Havn IKS for å finansiera at kommunen overtok området Østre havn. Eingongsinntekta på om lag kr 127 mill.

førte til tilsvarende høgare netto driftsresultat. Sjå nærare omtale seinare i økonomikapitlet og i *note 15 Salg av aksjer og andeler (finansielle anleggsmidler)*.

- I samband med mottak og busetting av flyktningar får kommunen pengar frå staten. I busettingsåret får kommunen inntekt (integreringstilskot) for heile året, sjølv om busettinga skjer undervegs i året. Delar av desse inntektene skal dekkja framtidige utgifter. I 2024 var det derfor planlagt å setta av kr 44,9 mill. på fond til bruk i seinare år. På grunn av det låge netto driftsresultatet gjekk midlane i staden med til å finansiera meirforbruket på tenesteområda i 2024.
- Tilsvarende gjeld mindreforbruket på om lag kr 11 mill. for klima- og miljøtiltak som er finansiert av disposisjonsfond. Fondet blei redusert, sjølv om tiltaksmidlane til satsinga faktisk ikkje blei brukt. Pengane blei i staden brukt til å finansiera meirforbruket på tenesteområda i 2024.


Justert for desse forhold, ville netto driftsresultat vore i storleiksorden minus kr 135 mill. og minus 0,9 % av driftsinntektene.

Ei utvikling der meirutgiftene på tenesteområda blir dekte inn av auka finansinntekter, auka bruk av oppsparte fondsmidlar og redusert bidrag til investeringane, er ikkje berekraftig. Utviklinga kan ikkje halda fram.

For å auka netto driftsresultat, må kostnadsnivået på tenesteområda reduserast. Samstundes vil også ei reduksjon av investeringsnivået bidra positivt for å unngå at auka finansutgifter reduserer det økonomiske handlingsrommet i drifta.


Investeringsnivå

Stavanger kommune har eit mål om at investeringsnivået over tid ikkje skal vera høgare enn 11-12 % av driftsinntektene. Historisk har investeringsnivået lege rundt eller under måltalet. I 2024 var investeringsnivået på 16 %, som er litt ned frå 2023, men framleis betydeleg over målet. Auken i rente- og avdragsutgiftene som dette gir, vil krevja ytterlegare omstilling i drifta for å nå målet om eit tilstrekkeleg netto driftsresultat.



Figur 3 Investeringsnivå i prosent av driftsinntektene for tidlegare Stavanger kommune i åra 2015-2019, og ny samanslått kommune frå 2020.

For investeringsutgiftene var justert budsjett inkludert fullmakter på kr 2,57 mrd. i 2024, medan rekneskapen viser utgifter på kr 2,56 mrd. Kommunen sine investeringsutgifter sidan kommunesamanslåinga i 2020 går fram av figur 4.




Figur 4 Investeringsutgifter 2020-2024. Tal i millionar kroner.

Dei siste fem åra har investeringsutgiftene i gjennomsnitt vore på kr 1,86 mrd. Nivået for 2024 og 2023 er historisk høgt og betydeleg høgare enn gjennomsnittet dei siste 5 åra. Investeringar i varige driftsmiddel utgjer den største delen av investeringsutgiftene. I 2024 var investeringar i varige driftsmiddel kr 2,38 mrd., ei auke på kr 0,18 mrd. frå 2023. Dei totale investeringsutgiftene for 2024 blei likevel noko lågare enn i 2023. Det skuldast eit spesielt høgt nivå på utlån av egne midlar i 2023, i samband med eit ansvarleg utlån til Lyse AS. I tillegg blei utlån av egne midlar lågare enn budsjettert i 2024.

Eigenfinansiering av investeringar

Investeringsutgiftene blir hovudsakleg finansierte av kompensasjon for meirverdiavgift, ulike tilskot, overføring frå drift og bruk av lån. Tilskota er mellom anna frå Husbanken (kr 37 mill.), Kirkebevaringsfondet (kr 25 mill.) og frå spelemidlar (kr 44 mill.). Rekneskapen for 2024 viser investeringsinntekter på kr 2,34 mrd., like under budsjettert nivå på kr 2,36 mrd.

Kommunen sitt langsiktige mål er at minst halvparten av investeringane skal finansierast av egne og tilførte midlar, hovudsakleg kompensasjon for meirverdiavgift, ulike tilskot og overføring frå drift. Dette er nødvendig for å unngå for høge lånekostnader som belastar komande generasjonar. Måtalet har som hensikt å avgrensa investeringsnivået og dermed gjeldsveksten, ved at ein del av investeringane blir finansierte løpande gjennom drifta. Når investeringsnivået er høgt, er det avgjerande med eit godt resultat i drift for å sikra tilstrekkeleg eigenfinansiering.



Figur 5 Eigenfinansiering av investeringar for tidlegare Stavanger kommune i åra 2014-2019, og ny samanslått kommune frå 2020.

I 2024 er 43 % av investeringsutgiftene eigenfinansierte, som er andelen finansierte av andre kjelder enn bruk av lån. Det er den lågaste eigenfinansieringsgraden dei siste ti åra og skuldast mellom anna låg overføring frå drift. På grunn av lågare netto driftsresultat enn budsjettert, fører årsoppgjøret til at overføringa til investering er redusert med kr 105 mill. samanlikna med justert budsjett.

Vedtatt bruk av lån er ikkje tilstrekkeleg til å finansiera resterande investeringsutgifter.


Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekt beløp på kr 94,2 mill., som er framført til 2025 i tråd med lovar og forskrifter.

Bystyret vil i løpet av våren 2025 få høve til å ta stilling til om finansieringa av det udekte beløpet skal skje gjennom endra prioriteringar i gjeldande budsjett, bruk av oppsparte midlar på disposisjonsfond eller ved auka bruk av lån.

Gjeldsgrad

Gjeldsgraden viser forholdet mellom brutto lånegjeld og driftsinntekter, og er eit nøkkeltal som gir ein indikasjon på den økonomiske handlefridomen til kommunen. Renter og avdrag på lån til kommunen sine investeringar blir belasta driftsbudsjettet, auka gjeld fører til at ein stadig større del av driftsinntektene må gå til å betala renter og avdrag og reduserer dermed kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Gjeldsgraden avheng både av nivået på kommunen sine driftsinntekter og nivået på kommunen sin gjeld. Blir driftsinntektene høgare enn forventa, og kommunen sin gjeld utviklar seg som føresett, blir gjeldsgraden lågare enn budsjettert.



Figur 6 Utvikling i gjeldsgrad for tidlegare Stavanger kommune i åra 2015-2019 og ny samanslått kommune frå 2020.


Utvikling i kommunens lånegjeld

Den langsiktige lånegjelda til kommunen aukar når årlege låneopptak er høgare enn årlege avdrag. Eit høgt investeringsnivå og låg eigenfinansiering vil bidra til at låneopptaket blir høgare enn avdraga.

Utvikling i lånegjeld, tal i mill. kr	Rekneskap per 31.12.2024	Rekneskap per 31.12.2023
Langsiktig lånegjeld utan pensjonsforpliktelser	13 644	12 363
- Vidare utlån / startlån	3 663	3 221
- Ubrukte lånemidler	915	905
Korrigert sum lånegjeld	9 066	8 237


Tabell 2 Utvikling i lånegjeld – tall i millionar kroner.

Tabell 2 viser at kommunens lånegjeld (justert for startlån og ubrukte lånemidler) auka med kr 829 mill. i 2024. Veksta utgjør 10 %.



Figur 7 Utvikling i brutto lånegjeld i kroner per innbyggjar 2015-2024.

Figur 7 viser utviklinga i brutto lånegjeld per innbyggjar (utan startlån) i perioden 2015-2019 for tidlegare Stavanger kommune og for nye Stavanger kommune i 2020-2024. Stavanger kommune hadde i 2024 ei brutto lånegjeld utan startlån på kr 66 487 per innbyggjar. Med startlån blei brutto lånegjeld på kr 90 888 per innbyggjar.



Figur 8 Utvikling i renter og avdrag på investeringslån etter kommunesamanslåing – i prosent av driftsinntektene.

Frå 2020 til 2024 har renter og avdrag på kommunen sine investeringslån gått frå kr 477,2 mill. til kr 845 mill. I prosent av driftsinntektene utgjør dette ei auke frå 4,1 % til 5,5 %. Ein stadig større del av kommunen sine driftsinntekter går til å dekkje renter og avdrag, dette skuldast både høgare rentenivå og lånegjeld i perioden.

Disposisjonsfond

Disposisjonsfond utgjorde 11,3 % av driftsinntektene ved utgangen av 2024, om lag 1,3 prosentpoeng lågare enn året før. Disposisjonsfond til ulike formål utgjør om lag 10,4 % av driftsinntektene ved årsslutt og det generelle disposisjonsfondet om lag 0,9 %. Detaljar kjem fram i *note 26 Frie fond* i kapitlet Årsregnskapet.

Disposisjonsfond	Rekneskap 31.12.2023	Rekneskap 31.12.2024	Andel av driftsinntekter 2024
Disposisjonsfond til ulike formål	1 544	1 624	10,4 %
Disposisjonsfond generelt	318	145	0,9 %
Sum disposisjonsfond	1 862	1 769	11,3 %

Tabell 3 Oversikt over disposisjonsfond – beløp i millionar kroner.


I starten av året fekk klima- og miljøfondet kr 120 mill. frå det generelle disposisjonsfondet i tråd med budsjettvedtaket. Utover dette vedtok bystyret å bruka om lag kr 50,2 mill. av dei ulike fondsmidlane til fleire tiltak gjennom budsjettvedtaket og tertialbehandlingane.

I løpet av året var det planlagt å tilføra netto om lag kr 62,9 mill. til disposisjonsfond til ulike formål. Ved oppgjer av driftsrekneskapen ved årsslutt er desse midlane strokne. I tillegg er ytterlegare kr 42,3 mill. brukt frå fondet for å finansiera drifta. Samla fondsreduksjon i samband med årsoppgjeret utgjer kr 105,3 mill.

Dette betyr at flyktningfondet i 2024 ikkje er tilført resterande midlar frå integreringstilskotet når det blir tatt omsyn til utgiftsetterslepet som oppstår ved busettinga. På same måte er ikkje mindreforbruk på tilhøyrande klima- og miljøtiltak eller tilskot frå vekstfondet tilbakeført til dei aktuelle disposisjonsfonda i årsoppgjeret.

Det generelle disposisjonsfondet er redusert til om lag kr 145 mill. ved utgangen av året og blir redusert berre minimalt gjennom bystyret sitt budsjettvedtak for 2025. Dei framtidige moglegheitene til å bygga opp fonda med uventa meirinntekter frå dei frie inntektene blir vurderte som små.

Med bakgrunn i dei økonomiske realitetane i forkant av kommunesamanslåinga i 2020, vedtok kommunestyret i Stavanger at disposisjonsfond bør utgjera minimum 6 % av driftsinntektene. Gjennomsnittleg nivå for alle kommunane i Noreg er 10,5 % (ureviderte tal 2024), snautt to prosentpoeng lågare enn året før. For ASSS-kommunane utanom Stavanger og Oslo er snittet 12,5 % i 2024.



Figur 9 Disposisjonsfond i prosent av driftsinntekter i perioden 2015-2024. Historiske tal er slått saman til nye Stavanger kommune.

Utdjuping av aktuelle tema

Utvikling i frie inntekter

Veksten i frie inntekter blei lågare enn pris- og lønnsveksten.


Dei frie inntektene til kommunen utgjør rammetilskot og skatt frå inntekt og formue. Dei frie inntektene utgjør ein mindre del av driftsinntektene i 2024 (68 %) samanlikna med 2023 (69 %). Stavanger kommune hadde frie inntekter i 2024 på kr 10,54 mrd., som er kr 19,3 mill. høgare enn justert budsjett. Inntektene auka med 4,1 % frå 2023. Veksten er lågare enn statsbudsjettet sitt anslåtte pris- og lønnsvekst på 4,4 % og inneber manglande realvekst. Det betyr at det ikkje er midlar igjen til å dekkja auka utgifter til endringar i demografi eller endringar i kommunale oppgåver.

Rammetilskotet til Stavanger kommune utgjorde kr 4,26 mrd. i 2024. Auken frå 2023 blei kr 0,28 mrd. (7,1 %). Over halvparten av veksten har planmessig gått til nye oppgåver, særleg ytterlegare utviding av gratis SFO til 3. trinn (12 timar per veke) og reduksjon i maksimal foreldrebetaling i barnehagane. Stortinget løyva i november 2024 kr 4,3 mrd. i ekstra rammetilskot for å kompensera for den krevjande økonomiske situasjonen i kommunesektoren. Stavanger brukte sin del av midlane på kr 0,11 mrd. til å finansiera delar av skattesvikten i 2024.

Skatteinntektene flatar ut

Skatteinngangen i Stavanger utgjør kr 7,27 mrd. i 2024. Dette svarar til ein skattevekst på 1,3 % frå 2023. Inntekta er på om lag same nivå som dei to føregåande åra, sjå figur 11. Budsjettet blei justert ned med kr 0,36 mrd. i 2024, og inngangen blei like i overkant av det nedjusterte budsjettet.

Skatteveksten til kommunane blei 1,4 %. Sidan gjennomsnittskommunen erfarte litt høgare skattevekst enn Stavanger, betalte kommunen kr 34 mill. mindre i skatteutjamning til andre kommunar i 2024 enn i 2023.




Figur 10 Endring i skatteinntekter frå 2023 til 2024 – ASSS-kommunane og nabokommunar samanlikna med landsgjennomsnittet.

Utviklinga for ASSS-kommunane og nabokommunane kjem fram i figur 10. Figuren viser at reduksjonen var sterkast for dei to skattesterke kommunane Oslo og Bærum. For begge kommunane var reduksjonen betydeleg også i 2023, og bidreg igjen til ei låg gjennomsnittleg vekst for kommunane. Stavanger hamna like under landsgjennomsnittet, medan Bergen og andre ASSS-kommunar hamna like over landsgjennomsnittet. Nabokommunane Sola, Sandnes og Randaberg fekk høgare vekst enn Stavanger.

Kvifor flatar veksten i skatteinntektene ut?

Skatteåra 2021 og 2022 var spesielle med høge utbytteuttak grunna strengare skattlegging på utbytte, gunstige finansgevinstar og -formuar, samt stigande rentenivå. I tillegg var sysselsettings-, løns- og pensjonsveksten høgare enn føresett. Endringane førte til markant høgare innbetalningar i form av restskatt og tilleggsskatt enn kva som historisk har vore tilfelle nasjonalt og lokalt. Dette er no i ferd med å normalisera seg og blir forventa å bli endå lågare frå 2025, når grunnlaget for den kommunale skatteinngangen blir lagt om.



Figur 11 Årleg skatteinntang i åra 2020-2024 for Stavanger kommune. Inntektene er kvart år fordelt på løpande skatt for inntektsåret, innbetalingar som høyrer til fjorårets skatteår og endå eldre skatteår. Kjelde: Skatteetaten.

Frå staten si side var vekstforutsetningane litt for optimistiske for 2024. Likevel verkar skattesvikten i 2024 i mindre grad å vera knytt til lågare næringsaktivitet, konjunkturedgang eller lågare løns- og pensjonsvekst enn føresett, og i større grad å vera knytt opp mot for høge nasjonale samla skatteanslag.

I 2024 var det tidvis stort sprik mellom dei ulike prognosane. Det skapte stor usikkerheit rundt dei nasjonale og lokale skatteinntektene. Skatteinntangen til kommunane under eitt blei kr 7 mrd. lågare enn anslaget som blei gitt i revidert nasjonalbudsjett 2024, og kr 5 mrd. lågare enn anslått då regjeringa la fram forslag til statsbudsjett for 2025 i haust.

Utvikling i driftsutgifter

Tenesteområda

Rekneskapen for 2024 viser eit samla meirforbruk på tenesteområda på kr 397,1 mill. av justert budsjett. Dette utgjer ein forbruksprosent på 103,8. Utover kompensasjon for lønsoppgjera er tenesteområda styrkt gjennom året med til saman netto kr 50,6 mill. i tertialrapportane. Mindreforbruk på mellom anna fleksibelt barnehageopptak, skulemat, fritidskort og innovasjon og digitalisering blei

omprioritert til auke i utbetaling av sosialhjelp på NAV på kr 70 mill. og auka klientutgifter på barnevern kr 20 mill.

Eit omstillingskrav på kr 68 mill. blei vedtatt for tenesteområda i opphavleg budsjett 2024. Det er gjennom året arbeidd med å halda drifta innanfor dei vedtatte budsjettrammene. Eit høgt meirforbruk på tenesteområda i 2024 viser at kommunen ikkje har kome i mål med å få ned meirforbruket på tenesteområda. Omstillingsarbeidet i Stavanger kommune er i ein tidleg fase, og varige endringar vil ta tid. Les meir om arbeidet med omstilling i formannskapet si [sak 105/2024 Omstilling – orientering om tiltak, sak i formannskapet, 166/2024 Omstilling – status for arbeidet](#) og formannskapssak [191/2024 Kunnskapsgrunnlag for vidare utvikling og omstilling](#).

Meirforbruket skuldast i hovudsak auka behov for helse- og velferdstenester, barneverntenester og tilrettelagde tenester for barn og unge. I tillegg har sjukefråværet vore historisk høgt i 2024, noko som auka vikarutgiftene betydeleg for enkelte tenesteområde.

Tenesteområde	Rekneskap 2024	Justert budsjett 2024	Avvik i kr	Forbruk i %
Oppvekst og utdanning	4 658 558	4 506 980	-151 577	103,4
Helse og velferd	4 422 701	4 206 895	-215 806	105,1
By- og samfunnsplanlegging	105 710	109 693	3 983	96,4
Bymiljø og utbygging	887 114	805 069	-82 045	110,2
Innbyggjar- og samfunnskontakt	343 440	361 056	17 616	95,1
Kommunedirektør og kommuneadvokat	15 435	15 194	-240	101,6
Innovasjon og støttetjenester	350 844	375 670	24 826	93,4
Økonomi og organisasjon	98 260	104 362	6 102	94,2
Sum tenesteområda	10 882 061	10 484 920	-397 141	103,8

Tabell 4 Tenesteområda 2024, i heile tusen kroner.

Meirforbruket både på barnehage- og skuleområdet skuldast i all hovudsak auka behov for styrkt barnehagetilbod og spesialundervisning i skulane. Det skuldast også eit høgt sjukefråvær med tilhøyrande meirutgifter til vikarar. På barnevern skuldast meirforbruket auka utgifter ved plasseringar av barn og til ettervernstiltak.

Meirforbruket innan helse og velferd er sett saman av auka etterspurnad etter helse- og velferdstenester og auka behov for omsorgstenester. Brukarane av kommunale tenester har i dag eit meir omfattande og samansett behov for hjelp, noko som har ført til eit endra kompetansebehov og høgare bemanningstettleik i tenestene. I tillegg har det vore ei utgiftsvekst relatert til kjøp av tenester frå private leverandørar. Rekruttering av kvalifisert helsepersonell held fram med å vera ei aukande

utfordring for helse og velferd. Ein del av utgiftsveksten kan tilskrивast verksemdene sine auka utgifter for å skaffa og halda på nødvendig arbeidskraft i ein stram arbeidsmarknad. Høgt sjukefråvær i 2024 har også ført til auka utgifter til overtid og ekstra innleige av personale.

Meirforbruket hos bymiljø og utbygging skuldast mellom anna auka lønsutgifter knytt til oppbemanning for å kunna utføra meir vedlikehald i eigen regi og samtidig redusera kjøp av varer og tenester frå eksterne leverandørar. Denne vridinga ga ikkje ønska effekt i 2024. I tillegg skuldast det auka drifts- og vedlikehaldsutgifter, både knytt til bygningsmassen og istandsetting av kommunale bustader. Auka utgifter til vintervedlikehald bidrog også til meirforbruket.

Mindreforbruket innan by- og samfunnsplanlegging og innbyggjar- og samfunnskontakt skuldast i hovudsak vakante stillingar og forseinkingar i framdrifta av ulike prosjekt.

Budsjettrammene til innovasjon og støttetenester og økonomi og organisasjon blei i løpet av 2024 redusert med kr 11,8 mill. Bakgrunnen for dette var lågare aktivitet enn venta i enkelte prosjekt. Mindreforbruket ved utgangen av 2024 skuldast mellom anna vakante stillingar, forseinka framdrift på enkelte anskaffingar, samt ubrukne prosjekt- og tiltaksmidlar.

Flyktnings situasjonen

Stavanger kommune har i 2024 busett 722 flyktningar. Av desse var 12 einslege mindreårige. Dette var noko mindre enn det kommunen vart beden om og vedtok. Familiegjenforeiningar er ikkje inkludert i talet på flyktningar IMDi ber kommunen om å busetta, og kjem derfor i tillegg.

Kommunen mottar integreringstilskot for alle busette flyktningar. Integreringstilskotet, inkludert vertskommunetilskotet, utgjorde samla kr 572,7 mill. i 2024 og var kr 3,5 mill. lågare enn budsjettert.

Av den totale inntekta på integreringstilskotet er kr 472,6 mill. auka inntekt som skuldast den auka flyktningstraumen i 2022–2024. Av dette er kr 349,2 mill. tildelt verksemdene som har hatt behov for større budsjettrammer som følge av den auka busettinga.

Tekst	Opphavleg budsjett	Justeringar gj. året	Utgangen av året
Auka inntekt	-440 000	-32 600	-472 600
Tildelt verksemdar	302 590	46 600	349 190
Overført til investering		78 500	78 500
Vedtatt avsetning til fond	137 410	-92 500	44 910
Rekneskapsmessige strykningar av fond			-44 910

Tabell 5 Budsjettert og disponert integreringstilskot 2024 i heile tusen kroner.

Tenesteområde	Tildelt i heile tusen
Helse og velferd	244 508
Oppvekst og utdanning	48 790
BMU	51 959
Sentralt	3 933
Sum	349 190

Tabell 6 Disponert integreringstilskot 2024 - i heile tusenkroner.

Det er tildelt kr 125,6 mill. til sosialhjelp, kr 48,4 mill. i introduksjonsstønad og kr 51,9 mill. til subsidiering av bustadutgifter. Det er tildelt høvesvis kr 35,2 mill. i lønsmidlar til flyktingtenesta, kr 6,9 mill. i lønsmidlar til NAV-kontora, kr 7,2 mill. til flyktinghelseteamet, kr 9,1 mill. til barneverntenesta og kr 15 mill. til Johannes læringssenter. Det er dekt opp for utgifter til tolketenester på kr 18,1 mill., ekstraavgifter i skulane til særskilt språkopplæring på kr 20 mill. og drift av Mulighetssenteret på kr 3,2 mill.

Flyktingane mottar tenester frå heile tenesteapparatet til Stavanger kommune. Det har derfor òg vore utgifter til flyktingar som er dekte innanfor eksisterande budsjetttrammer. Arbeidet i [Beregningsutvalget](#) kartlegg alle utgifter til flyktingar uavhengig av budsjettildelingar.

I *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* blei det vedtatt at kr 137,4 mill. av den budsjetterte inntekta på integreringstilskotet skulle avsettast på fond. Dette blei gjort med visse om at inntektene i første busettingsår ville bli høgare enn utgiftene. Det blir forventa at utgiftene på lengre sikt vil overstiga inntektene, og at fondsmidlane då vil bli brukt til formålet. Avsettinga er justert i løpet av året, mellom anna til investeringsformål. I tillegg er kr 44,9 mill. av avsettinga storkne ved årsslutt for å gjera opp driftsrekneskapen.

Lønsoppgjjer og pensjonskostnader

Lønsoppgjeret var forventa å bli 4,9 % i vedtatt *Handlings- og økonomiplan 2024-2027*. Resultatet blei 5,2 %. I vedtatt budsjett 2024 utgjorde lønnsreserven kr 689 mill. for å ivareta heilårseffekten av 2023-oppgjeret og delårseffekten av 2024-oppgjeret. Budsjetta på tenesteområda blei styrka med til saman kr 645 mill., der kr 219 mill. var delårseffekten av 2024-oppgjeret. Det er eit mindreforbruk på kr 44 mill.

Pensjonskostnadene i 2024 utgjorde kr 710 mill. og er berekna til å vera kr 54,5 mill. lågare enn netto pensjonspremiar. Differansen blir kalla positivt premieavvik. Eit positivt premieavvik skal inntektsførast i det aktuelle rekneskapsåret, og utgiftsførast deretter med like store årlege beløp over 7 år. Negativt premieavvik kjem fram når premien er lågare enn pensjonskostnadene. Dette skal utgiftsførast i det aktuelle rekneskapsåret og inntektsførast deretter over 7 år. Hensikta med ordninga er å sikra jamnare belastning av pensjonsutgifter i rekneskapa.

Akkumulert premieavvik utgjer kr 1,24 mrd. per 31. desember 2024, ei reduksjon på kr 215 mill. frå 31. desember 2023. Akkumulert premieavvik er utgifter som må tilbakebetalast og dekkast inn i driftsbudsjetta over dei neste 7 åra. Stavanger kommune har sett av kr 955,9 mill. i eige disposisjonsfond for å dekkja opp delar av denne forpliktinga. Sjå *note 11 Pensjon* i kapitlet *Årsrekneskap* for meir informasjon om pensjon.

Østre havn utskilt frå Stavangerregionen Havn IKS

Kommunane Stavanger, Randaberg og Sola godkjente i 2023 ei ny selskapsavtale, med tilleggsavtale, for Stavangerregionen Havn IKS. Tilleggsavtalen ga Stavanger kommune rett til å skilja ut eigedomar i Østre havn (nærare definert som området frå og med Bekhuskaien til og med Skansekaia) til ei eiga hamnekaske i kommunen, mot ei redusert eigarandel i selskapet på 2,46 %.

Bystyret godkjente 17. juni 2024 i i [sak 63/24 Utskilling av Østre havn til egen havnekaske og godkjenning av driftsavtale](#) utskiljing av Østre havn og ein tilhøyrande driftsavtale med Stavangerregionen Havn IKS. Som følge av dette vedtok representantskapet i Stavangerregionen Havn IKS utskiljing av Østre havn med verknad frå 01.10.2024. Det følger av hamne- og farvannslova at kapital og inntekter knytt til hamneverksemda i Østre havn skal haldast rekneskapsmessig skilt frå anna verksemd i kommunen. Utskiljinga av Østre havn er nærare omtalt i *note 14 Gebyrfinansierte sjølvkosttenester*.

Utvikling av finansinntekter og finansutgifter

Tabellen under gir ei oversikt over kommunen sine finansinntekter og -utgifter, som består av rente- og avdragsutgifter, renteinntekter, utbytte og avkastning frå finansforvaltninga. Summen av desse er kr 127,3 mill. lågare enn justert budsjett for 2024. Dette skuldast i stor grad høgare renteinntekter og utbytte enn budsjettet.

Eksterne finanstransaksjonar	Rekneskap 2024	Justert budsjett 2024	Avvik	Opphavelig budsjett 2024	Rekneskap 2023
Renteinntekter	-468,8	-396,4	-72,5	-373,6	-440,6
Utbytter	-411,9	-345,0	-66,9	-344,7	-579,9
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidlar	-11,3	-7,2	-4,1	0,0	26,5
Renteutgifter	575,5	559,8	15,7	559,8	443,1
Avdrag på lån	447,7	447,1	0,5	447,1	433,4
Netto finansutgifter	131,1	258,4	-127,3	288,7	-117,5

Tabell 7 Eksterne finanstransaksjonar – tal i millionar kroner.

I 2024 har styringsrenta lege stabilt på 4,5 %. Rentenivået har bidratt til å kjøla ned norsk økonomi og dempa prisveksten. Renteutgifter på kommunen sine innlån, inkludert nettoeffekt av rentebytteavtalar, blei om lag kr 31,8 mill. lågare enn budsjett.

Stavanger kommune fekk kr 411,9 mill. i utbytte i 2024. Av dette var ordinært utbytte frå Lyse AS kr 340,7 mill. (eigarandel på 45,7 %). I tillegg fekk kommunen kr 67,5 mill. i utbytte frå kommunen si finansforvaltning, noko som resulterte i at samla utbytte blei kr 66,9 mill. høgare enn budsjettet.

Gjennomsnittleg likviditet på konsernkonto var på kr 1,53 mrd. i 2024. Renteinntekter frå bankinnskott, startlån og finansforvaltning blei på kr 466,8 mill. Dette er kr 70,5 mill. høgare enn budsjettet. Kr 46,9 mill. av dette skuldast realisering av rentegevinstar ved avslutning av fastrenteavtale.

Kommunen realiserte ein nettogevinst på kr 7,1 mill. og rekneskapsførte ein ikkje-realisert nettogevinst på kr 4,2 mill. Til saman utgjer dette kr 11,3 mill. Nærare omtale av finansforvaltninga finst i *Årsrapport 2024 – Likviditets- og låneforvaltning*.

I *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* blei det vedtatt eit ytterlegare omstillings- og effektiviseringskrav på kr 36 mill. Dette blei dekt inn gjennom auka inntekter frå kommunen sine bankinnskott og rentebærande papir, og reduksjon i kommunen sine pensjonskostnader.

Status investeringsprosjekt 2024

For investeringsprosjekt som går over eitt eller fleire år, blir dei totale prosjektkostnadene rekna som styrande. Likevel skal utgiftene i investeringsrekneskapen følgast opp mot dei årlege løyvingane. Årsbudsjettet er ein juridisk bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret.

Løyvingsoversikt investering del 2 gir ei detaljert oversikt over alle investeringsprosjekt for 2024 og forbruket per prosjekt. Figur 12 viser korleis investeringsutgiftene i 2024 har fordelt seg på dei mest sentrale formåla.



Figur 12 Investeringsutgifter i 2024 fordelt på dei mest sentrale formåla.

Avvik mellom rekneskap og budsjett skuldast i nokre tilfelle reelle forseinkingar, meirforbruk eller mindreforbruk. At eit investeringsprosjekt har eit mindreforbruk i eit gitt budsjettår, kan også skuldast endra finansiell framdrift. Dette gir forskyvingar av utgifter mellom år, men endrar ikkje nødvendigvis prosjektets samla utgift eller tidspunktet for ferdigstilling. Under følger ein kort status for dei ulike formåla.

Diverse bygg, anlegg og felles investeringar

Investeringane i diverse bygg blei på kr 481 mill. i 2024, som var kr 143 mill. under budsjett. Rådhuset (kr 34 mill.) og Lervigskvartalet (kr 107 mill.) er blant prosjekta som har redusert finansiell framdrift. Lervigskvartalet er overtatt mars 2025 og Rådhuset skal etter planen stå ferdig i slutten av 2025.

Overføringa av Østre havn til hamnekassen blei budsjetttert med kr 171 mill., men rekneskapsføringa blei kr 39 mill. lågare enn budsjetttert.

Skule og barnehage

I 2024 sto Strømvig barnehage og uteområda ved Molkeholen barnehage og skulegarden ved St. Svithun ferdig. Strømvig barnehage hadde eit meirforbruk på kr 4,9 mill. Mange av prosjekta på området gjekk likevel med mindreforbruk. Samla utgjorde investeringar i skular og barnehagar kr 316 mill. i 2024, om lag kr 106 mill. lågare enn budsjetttert. Den mellombelse Vaulen skule hadde eit mindreforbruk på kr 32,5 mill., som skuldast at planlagt framdrift er forseinka.

Helse og velferd

Investeringsutgiftene knytt til helse og velferd utgjorde kr 383 mill. i 2024, og var kr 32 mill. meir enn budsjetttert. I løpet av året er det arbeidd med å ferdigstilla Finnøy helse- og omsorgssenter og Ramsvigtunet sjukeheim, som blir tatt i bruk i byrjinga av 2025. Desse to prosjekta har auka utgifter som er lagt fram i politiske saker i løpet av året, jamfør formannskapet [sak 156/2024 Finnøy helse og omsorgssenter - utbygging - prosjektnr. 3844110 - kostnadsoverskridelse](#) og formannskapet [sak Ramsvigtunet - utvidelse prosjekt nr. 3844114 – Kostnadsoverskridelser](#). Investeringsrekneskapen for 2024 viser eit meirforbruk på dei to prosjekta på kr 39,4 mill.

Kommunen har i haust overtatt Øyane sjukeheim til eit vederlag på kr 37 mill. Prosjektforslag til ny sjukeheim og bufellesskap på Jåttå blei ferdig i 2024, og prosjekta er innarbeidd i *Handlings- og økonomiplan 2025-2028*. Helse- og velferdskontora har hatt utgifter på kr 6 mill. i samband med flytting til nye lokale. Utgiftene er ompostert frå drift til investering, utan at det er overført driftsmidlar til investeringsbudsjettet.

Bustad

I 2024 er det kjøpt ein leilegheitsblokk og ei leilegheit i Lagårdsveien til kr 28,5 mill. og 57 bustader i Cecilie Tvedts gate er sett i stand til kr 12 mill. Det er kjøpt 26 bustader til vanskelegstilte i ulike by- og kommunedelar for kr 122 mill. Det er også investert i bustader til flyktningar for kr 74 mill., mellom anna modulbygg med 40 bustader på Husabøryggen.

Samla under kategorien bustad blei det utgiftsført kr 237 mill. i 2024, kr 13 mill. mindre enn budsjetttert. Mindreforbruket skuldast mellom anna forseinka framdrift på kr 6 mill. knytt til istandsetting av Hjalmar Johansen gate 6.

Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

Investeringane for VAR utgjorde kr 264 mill. i 2024, kr 24 mill. meir enn budsjetttert. Investeringsbehovet innan VAR har vore høgt i 2024, og budsjetta er oppjusterte fleire gonger i løpet av året. Området enda likevel med eit meirforbruk. Området for vatn hadde eit meirforbruk på kr 15 mill., avløp eit meirforbruk på kr 8,4 mill. og renovasjon eit meirforbruk på kr 0,6 mill. Det er hovudsakleg prosjekta *Fornyning* under vatn og avløp som driv meirforbruket. Meirforbruket på VAR-investeringane påverkar sjølvkostrekneskapa for 2024 og framtidig gebyrnivå.

Veg, trafikk og sykkel

Prosjekta innan veg, trafikk og sykkel har samla hatt utgifter på kr 113 mill. i 2024. Det er kr 18 mill. mindre enn budsjetttert. Kommunen si sykkelsatsing haldt fram i 2024 og prosjektet hadde utgifter på kr

15 mill., kr 6 mill. mindre enn budsjettet. Det er brukt kr 20,7 mill. på utskifting av gatelysarmaturar, som er rett over budsjett. Det er òg brukt kr 4 mill. meir på framkomelegheit enn budsjettet.

Prosjektet *Åmøy gang- og sykkelveg* har trekt ned utgiftene til området med kr 11 mill. Årsaka er at vegen tilhøyrr fylkeskommunen, og kommunen må då føra desse utgiftene i drift. Løpande utgifter i 2024 er ompostert til driftsrekneskapen og det er korrigert for tidlegare års feil på kr 11 mill.

Naturforvaltning, parkar, torg og plassar

Investeringane knytt til naturforvaltning, parkar, torg og plassar kom i 2024 på om lag kr 135 mill. Samla blei meirkostnadane på rundt kr 8 mill., som svarer til meirforbruket til Nytorget på kr 8,2 mill. I tillegg har fleire andre prosjekt meirforbruk. *Prosjekt friområde* har eit meirforbruk på kr 2,4 mill., *Park i Lervig* på kr 1 mill., og *Sentrum* har eit meirforbruk på kr 3,8 mill. Friområde og parkanlegg har eit meirforbruk på kr 0,7 mill. Prosjekt med mindreforbruk er mellom anna *Superlekeplasser* (kr 2,5 mill.) og *Oppgradering stinett Stavanger botaniske hage* (kr 1,2 mill.). Rehabiliteringa av demningane i Vannassen var ferdig i november 2024, med eit mindreforbruk på kr 2,8 mill.

Bymiljøpakken

Justert budsjett for Bymiljøpakken var i 2024 på kr 120 mill. og det er rekneskapsført kostnader på kr 130 mill. Bymiljøpakken består av ei rekke ulike prosjekt. Meirforbruket blir fordelt jamt mellom dei ulike områda sykkel (kr 2,2 mill.), gange (kr 0,4 mill.), trafiksikkerheit (kr 4 mill.) og kollektiv (kr 3,4 mill.).

Justert budsjett for Bymiljøpakken var i 2024 på kr 120 mill. og det er regnskapsført kostnader på kr 130 mill. Bymiljøpakken består av en rekke forskjellige prosjekter. Merforbruket fordeles jevnt mellom de ulike områdene sykkel (kr 2,2 mill.), gange (kr 0,4 mill.), trafiksikkerhet (kr 4 mill.) og kollektiv (kr 3,4 mill.).

Kyrkje

Investeringar i kyrkjebygg utgjorde kr 89 mill. i 2024, det var kr 11,1 mill. lågare enn budsjettet. Det største prosjektet er rehabiliteringa av domkyrkja, som hadde utgifter på kr 63 mill. Domkyrkja blei opna i august 2024. Framdrifta for gravlundprosjekta blei ikkje som forventa i 2024, og gjekk med eit mindreforbruk på kr 9,8 mill.

Idrettsbygg og idrettsanlegg

Det er gjennomført investeringar for kr 52 mill. til idrettsbygg og idrettsanlegg i 2024. Det gir eit mindreforbruk på kr 15 mill. i forhold til budsjett. Det er fleire prosjekt innan området som har gått med mindreforbruk. Prosjektet *Hinna idrettsanlegg* er ikkje gjennomført etter planen og har eit mindreforbruk på kr 2,9 mill., prosjektutviklinga for Jåttå badeanlegg er avslutta med eit mindreforbruk på kr 2,1 mill. Prosjektet *Tennishall og konkurransearena Forum* har eit meirforbruk på kr 1,1 mill.

Sentral korrigering av investeringsnivået

Dei siste åra har det vore vesentlege avvik mellom vedtatt investeringsbudsjett og rekneskapen. Dette bryt med kommunelova § 46 punkt 3 om realistisk budsjettering av årsbudsjett. For å sikra ei realistisk

budsjettering av investeringsnivået, blei det i 2024 tatt i bruk ei sentral korrigering av investeringsnivået. For 2024 er det budsjetterte investeringsnivået redusert med kr 230 mill.

Investeringsprosjekta er i ulike fasar, og for mange er det vesentleg usikkerheit knytt til framdrift, kostnadsanslag og usikkerheitsavsetningar. Den sentrale korrigeringa bremsar ikkje prosjekta med god framdrift. Den skal ta omsyn til prosjekt med redusert framdrift og sikra at samla investeringsnivå blir halde på eit meir realistisk nivå, utan at enkeltinvesteringar blir forskyva eller tatt ut.

Utvikling av likviditet, soliditet og arbeidskapital

Forholdet mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld blir kalla likviditetsgraden. Dette fortel noko om kommunen sin evne til å dekkja sine kortsiktige betalingsforpliktingar på eit gitt tidspunkt. Likviditetsgrad 1 tar utgangspunkt i alle omløpsmidla. Dette nøkkeltalet bør vera større enn 2, fordi nokre av omløpsmidla kan vera mindre likvide. Likviditetsgrad 2 tar utgangspunkt i dei mest likvide omløpsmidla, og bør vera større enn 1. Soliditet er eit nøkkeltal som viser kor stor del av kommunen sine eigendelar som er finansiert av eigenkapital (eigenkapitalprosent), og viser dermed kor godt kommunen toler eventuelle tap. Eigenkapitalprosenten går ned med 1,4 prosentpoeng frå 2023, men er framleis på eit akseptabelt nivå.

Likviditeten har auka i 2024, og ved nyttår viser begge berekningane at likviditeten framleis er godt over anbefalte måltal. Likviditeten vil likevel kunna svinga betydeleg i løpet av året. Likviditetssituasjonen gjennom året er nærare omtalt i *Årsrapport 2024 – Likviditets- og låneforvaltning*. Likviditeten vil svekkast dersom det blir korrigert for akkumulert premieavvik (Likviditetsgrad 1 er då på 1,73).

Beskrivelse	Rekneskap per 31.12.2024	Rekneskap per 31.12.2023
Likviditetsgrad 1	2,25	2,11
Likviditetsgrad 2	1,44	1,31
Eigenkapitalprosent	34,7 %	36,1 %

Tabell 8 Likviditetsgrad 1 og 2 og eigenkapitalprosent.

Arbeidskapitalen er differansen mellom omløpsmiddel og kortsiktig gjeld, og gir i balanserekneskapen uttrykk for kommunen sin likvide situasjon.

Arbeidskapitalen utgjorde like under kr 3 mrd. ved utgangen av 2024 og blei redusert med kr 77 mill. i løpet av året som følge av auka kortsiktig gjeld.

Sidan ordninga med premieavvik blei innført i 2002, har dei innbetalte pensjonspremiene hovudsakleg vore høgare enn berekna pensjonskostnader. Differansen blir kalla premieavvik. Fordi premieavviket blir ført i balansen og ikkje representerer reelle verdiar, har utviklinga i arbeidskapital/likviditet vist for gunstige tal. Korrigert for premieavviket på kr 1,24 mrd. er arbeidskapitalen på kr 1,7 mrd. Premieavviket blei redusert med kr 215 mill. frå 2023 og fører til at den korrigerte arbeidskapitalen aukar med kr 139 mill. frå 2023.

Finansiell risiko knytt til utlån, garantiar og selskap

Kommunar skal ha ei sunn og langsiktig økonomiforvaltning, slik at grunnlaget for å yta eit godt tenestetilbod og utøva lokal politikk blir ivaretatt over tid. Kommunar skal vidare ha ei finans- og gjeldsforvaltning som ikkje inneber vesentleg finansiell risiko. Kommunelova stiller krav til kommunar si rapportering om økonomisk stilling, utvikling og finansiell risiko. Dette omfattar òg kommunen sine økonomiske forpliktingar og risiko overfor andre i form av mellom anna startlån og andre utlån, kommunale garantiar og kommunen sitt strategiske eigarskap.

Husbanken gir lån til kommunar for vidare utlån av startlån, slik at personar med langvarige finansieringsutfordringar kan skaffa seg og halda på ein eigna bustad. Stavanger kommune hadde per 31. desember 2024 totalt kr 3,29 mrd. (kr 3,05 mrd. per 31. desember 2023) i startlån. Kommunen gjer ei grundig vurdering av den økonomiske bereevna til mogelege låntakarar og har gode rutinar for oppfølging og handtering av eventuelle betalingsutfordringar hos låntakarane. For startlån har kommunen tapsrisikoen for dei første 25 % før realisering av pant, og Husbanken har tapsrisikoen for eit eventuelt restbeløp etter realisering av pantet. Tapsrisikoen blir vurdert løpande, mellom anna som grunnlag for avsetningar for handtering av framtidige tap. Tap på startlån har historisk vore svært låge og tapsrisikoen knytt til gjeldande utlånsportefølje blir framleis rekna som låg.

Kommunar kan stilla garantiar for verksemdar som blir drivne av andre, viss garantiane ikkje inneber ei vesentleg økonomisk risiko eller blir stilte for næringsverksemd. Kommunelova med forskrifter stiller strenge krav til risikovurderingane som skal gjerast før det blir fatta garantivedtak. Risikoen kan vidare reduserast gjennom garantiavtalar og etablering av pant. Garantiforpliktingane til Stavanger kommune var kr 2,04 mrd. per 31. desember 2024. Eksisterande garantiforpliktingar blir reduserte årleg i takt med nedbetaling av underliggjande gjeld. Garantien overfor Ferde AS på kr 1,86 mrd. er den desidert største garantiforpliktinga. Årleg reduksjon i eksisterande garantiforpliktingar bidreg i seg sjølv til redusert finansiell risiko i garantiporteføljen. Kommunen gjer òg løpande vurdering av utviklinga i risiko knytt til den enkelte garanti. Risikoen knytt til gjeldande garantiportefølje blir på det noverande tidspunkt rekna som låg.

Stavanger kommune har vidare eit strategisk eigarskap i eit stort antal selskap. Kommunen sin finansielle risiko knytt til selskapa er mellom anna knytt til framtidig kapitalbehov, nivå på utdeling av utbytte og garantiforpliktingar som følger av selskapa sin ansvarsform. Stavanger kommune mottok for eksempel kr 340,7 mill. i utbytte frå Lyse AS i 2024. Kommunen vurderer regelmessig utbyttegrunnlag og -forventning til Lyse AS og andre selskap. Stavanger kommune er vidare ansvarleg for ein del (eigarandel) av forpliktingane til interkommunale selskap (IKS). Stavanger kommune sin del av gjeldsforpliktingane til IKS auka frå kr 2,87 mrd. per 31. desember 2023 til kr 2,95 mrd. per 31. desember 2024. Kommunen styrer denne risikoen gjennom å mellom anna godkjenna låneramma for selskapa. Kommunen vurderer løpande den finansielle risikoen knytt til selskapsporteføljen gjennom kommunen si eigarskapsforvaltning.

Stavanger kommune er kredittvurdert av S&P Global. Finansiell risiko knytt til utlån, garantiar og selskap inngår i analysegrunnlaget for vurderingen. Den finansielle risikoen blir dermed også regelmessig vurdert av eksternt part.

Konsolidert årsrekneskap

Konsolidert årsrekneskap skal visa kommunen som éin økonomisk eining og kjem fram i sin heilskap i eige vedlegg med tilhøyrande notar. Følgande einingar inngår i konsolidert rekneskap:

- Stavanger kommune
- Stavanger Parkeringsselskap KF
- Stavanger utvikling KF

Dei kommunale føretaka fører rekneskap etter rekneskapslova og årsrekneskapa er derfor omarbeidde før konsolideringa, så langt det er nødvendig etter god kommunal rekneskapsskikk. Føretaka sine årsrekneskap, årsberetning og revisors beretning kjem fram i eige delkapittel.

Konsolidert netto driftsresultat er kr 17,7 mill. lågare enn for kommunekassen sitt rekneskap for 2024. Målt i prosent av driftsinntektene er netto driftsresultat svekka med 0,1 prosentpoeng, til 0,2 %.

I føretaka er investeringsutgiftene i 2024 i nokon mindre grad enn i kommunen elles finansiert med bruk av lån, slik at eigenfinansieringsgraden for konsoliderte tal er eitt prosentpoeng høgare på 44 %. Investeringsnivået er på 16,9 % av driftsinntektene, rundt 0,6 prosentpoeng høgare enn nivået i kommunen elles.

Gjeldsgrad ekskludert startlån er tilnærma lik i konsolidert rekneskap og ligg rett rundt 64 %. Tabell 9 viser at egenkapitalprosenten og likviditeten per 31. desember 2024 er noko høgare i konsolidert rekneskap.

Rekneskap 31.12	Ekskl. føretak	Konsolidert			
År	2024	2024	2023	2022	2021
Egenkapitalprosent	34,7 %	36,7 %	38,1 %	38,8 %	39,0 %
Likviditetsgrad 1	2,25	2,35	2,20	2,71	2,45
Likviditetsgrad 2	1,44	1,52	1,39	2,06	1,70
Arbeidskapital (tusen kr)	2 962 194	3 202 450	3 272 348	3 704 867	3 118 729

Tabell 9 Soliditet og likviditet for kommunekassen og konsolidert rekneskap.

Samanlikning med andre kommunar

For å samanlikne Stavanger kommune med andre kommunar vert KOSTRA-tal nytta. KOSTRA (KOMmune-STat-RApportering) er eit nasjonalt informasjonssystem som samlar inn, registrerer og publiserer styringsinformasjon om kommunal verksemd.

Dette avsnittet legg fram utvalde KOSTRA-tal frå Stavanger kommune for åra 2021, 2022, 2023 og førebelse KOSTRA-tal for 2024 (tal per 17. mars). Nøkkeltala som er lagt fram i dette kapittelet er alle

Årsrapport 2024

netto driftsutgifter per innbygger for dei ulike tenestane og alle tala er justert for utgiftsbehov.

I tillegg til tal for Stavanger er det tatt med førebelse tal for dei fem kommunane i ASSS-samarbeidet som det er mest relevant å samanlikna seg med, samt det førebelse gjennomsnittet for alle ASSS-kommunane utan Oslo.

ASSS er forkorting for Aggregerte Styringsdata for Samarbeidande Storkommunar.) Stavanger kommune har i ei årrekke delteke i ASSS-samarbeidet som består av dei 12 største kommunane, dvs. Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Bærum, Kristiansand, Tromsø, Sandnes, Drammen og Fredrikstad, Asker og Lillestrøm. Hensikta med samarbeidet er å finne fram til styringsdata, blant anna frå KOSTRA-rapporteringa, som er eigna for samanlikning av ressursbruken som grunnlag for effektivisering og vidareutvikling av tenesteproduksjonen i desse kommunane.

KOSTRA - Sammenligning av økonomiske nøkkeltall

	Stavanger 2021	Stavanger 2022	Stavanger 2023	Stavanger 2024	Sandnes 2024	Bergen 2024	Bærum 2024	Trondheim 2024	Kristiansand 2024	ASSS uten Oslo 2024
Netto driftsutgifter per innbygger (202) grunnskole (B) **)	11 604	12 644	13 654	14 479	13 465	14 005	12 652	13 505	13 834	13 545
Netto driftsutgifter til kommunal eiendomsforvaltning per innbygger (B) **)	5 606	6 832	7 081	7 223	7 100	7 892	9 153	6 520	6 517	7 255
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Pleie og omsorg (B) **)	21 916	23 802	25 142	26 668	25 498	27 466	28 851	25 285	23 643	26 272
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnevern (B) **)	1 752	2 293	2 521	2 633	2 002	3 260	2 224	2 679	2 077	2 622
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Barnehage (B) **)	9 410	9 773	10 825	11 053	10 659	11 044	10 860	10 889	10 500	10 816
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kommunehelse (B) **)	4 332	4 267	4 891	5 016	4 724	4 292	4 537	4 814	4 261	4 599
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Sosiale tjenester (B) **)	3 681	3 896	4 732	5 427	4 968	5 524	4 329	4 834	4 660	4 739
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Kultur og idrett (B) **)	4 026	4 449	5 067	5 001	3 184	3 530	3 751	3 662	3 433	3 606
Netto driftsutgifter pr. innbygger til Samferdsel (B) **)	821	825	686	993	1 175	244	1 387	728	1 611	1 040

Organisasjon og utvikling

Innleiing

Tilsette er den viktigaste ressursen i kommunen, og det er avgjerande å utvikla og halda på kompetansen deira framover. Måla i organisasjonsstrategien støttar opp under dette, mellom anna ved å vektlegga bygging av gode arbeidsmiljø og arbeidsfellesskap. Ein tiltaksplan er utarbeidd for å bidra til å nå desse måla. Medarbeidarundersøkinga 10-faktor blei gjennomført i år og gir godt grunnlag for utviklings- og forbetningsarbeid på den enkelte arbeidsplassen.

Kommunen investerer òg i leiarane sine. Gjennom kurs, opplæring og utviklingsarenaer får leiarar nødvendig kunnskap og ferdigheiter til å bygga god organisasjonskultur, motivera og støtta tilsette. Langtidsfråværet stig i heile landet, og er òg høgt og aukande i Stavanger kommune. Sjukefråværs-satsing i utvalde barnehagar og sjukeheimar viser resultat. Verksemdar har fått tett oppfølging, og erfaringar frå desse prosjekta vil koma resten av organisasjonen til gode gjennom ein langsiktig plan for å redusera sjukefråværet i kommunen.

Delen av tilsette som jobbar heiltid aukar, både i kommunen samla og innan helse og velferd. Prosjektet Heiltidskultur har gått grundig til verks for å finna nye måtar å organisera oppgåver og arbeidstid på. Gevinstar av satsinga så langt er mellom anna meir føreseielegheit og kontinuitet, både for brukarar og tilsette.

Ta i bruk, videreutvikla og halda på kompetanse

Lønnspolitikk, livsfaseorientert personalpolitikk og arbeid med heiltidskultur, er nokre av tiltaka som skal bidra til at kommunen klarer å ta i bruk, videreutvikla og halda på viktig kompetanse. Gode arbeidsfellesskap og støttande arbeidsmiljø er føresetnader for å kunna nytta kompetansen til tilsette på ein god måte.

Kompetanseutvikling

Organisasjonsavdelinga har nå etablert tilboda *Leiing i praksis* og *Velkommen som leiar i Stavanger kommune*. *Leiing i praksis* samlar leiarar for erfaringsdeling og oppdatering på tema relatert til leiaransvar. Utfordringane på kompetanseområdet er kartlagde, og dannar grunnlaget for vidare arbeid på dette feltet. Organisasjonsavdelinga har òg sett i gang eit arbeid for å finna ut korleis kompetansebygging generelt kan organiserast betre, slik at kvar enkelt tilsett får nødvendig opplæring tilpassa eigen rolle og ansvar. Erfaringar frå heiltidsarbeidet viser at oppgåvekartlegging gir nyttig kunnskap om oppgåvedeling og organisering av arbeidet for å sikra riktig kompetanse på riktige oppgåver.

Kommunen sine stipendordningar for bachelorutdanning samt vidare- og etterutdanning er viktige tiltak for å halda på og utvikla tilsette. Også i år har det vore stor interesse for stipenda, og fagområde med særleg relevans for kommunen blir prioriterte.

Leiingsutvikling

Kommunen etablerte i 2023 eit overordna leiarutviklingsprogram med ulike innsatsområde.

I 2024 har 25 personar deltatt på *individuell leiarutvikling* for nye leiarar. Evalueringane frå dei som deltok viser at kurset har ønska effekt, og det vil derfor bli vidareført i 2025. Innan *leiingsfordjuping* er det tilbydd tre modular; Teamleiing, Leiing gjennom dialog og Prosessleiing. Totalt har 176 personar deltatt på desse modulane i 2024, og evalueringane har vore gode. Kursa blir vidareført i 2025, og nye fordjupingsmodular vil òg bli utvikla.

Eit nytt program for *leiargruppeutvikling* er nå på plass. Målet er å styrka strategisk leiing, samarbeid på tvers av tenestedområda, felles leiingskultur og gruppepsykologisk tryggleik.

Rekruttere kompetente arbeidstakarar

Tilgangen på kvalifisert arbeidskraft varierer mellom ulike yrkesgrupper og tenestedområde. Rekrutteringsutfordringane er størst innan oppvekst og utdanning og helse og velferd. Innan oppvekst og utdanning er det framleis krevjande å rekruttera lærarar med undervisningskompetanse i barneskulane, kvalifiserte lærarar i framandspråk i ungdomsskulane, barnehagelærarar og helsesjukepleiarar. Både skular og barnehagar har utfordringar med å få kvalifiserte søkjarar til kommunedelane Rennesøy og Finnøy. Innan helse og velferd er det særleg utfordrande å rekruttera nok sjukepleiarar, helsefagarbeidarar og legar.

I samarbeid med utdanningsinstitusjonane har Stavanger, som første kommune i landet, utvikla ein modell som koordinerer praksis og lagar felles retningslinjer for verne- og sjukepleiestudentar. Kommunen satsar òg på å utdanna lærlingar, og rekruttera dei etter endt lærlingeløp. Tenestedområda deltar på lokale yrkesmesser og karrieredagar, og køyrer rekrutteringskampanjar på sosiale medium. I tillegg vurderer kommunen moglegheita for å gje positiv særbehandling til søkjarar som står utanfor arbeidslivet. For å forbetra rekrutteringsprosessane blei det arrangert både digitale og fysiske samlingar for leiarar og tillitsvalde. Nye digitale løysingar er på plass for å kvalitetssikra og effektivisera rekrutteringsprosessane.

Auke arbeidsdeltakinga

Heiltidskultur

Ved utgangen av 2024 hadde 71,2 prosent av dei faste tilsette i Stavanger kommune ei 100-prosentstilling. Dette er ein auke på 4,9 prosentpoeng sidan plan for heiltidskultur blei vedtatt i 2021. Ved utgangen av 2024 hadde kvinner ein heiltidsandel på 69,4 prosent og menn 74,4 prosent. Den gjennomsnittlege stillingsstorleiken var 87 prosent i 2024, ein auke frå 84,1 prosent i 2021.

I helse og velferd jobba 51,6 prosent av alle faste tilsette i full stilling i 2024, medan den gjennomsnittlege stillingsstorleiken var 75,9 prosent. Dette er ein auke på høvesvis 6,6 og 4,1

prosentpoeng. For turnustilsette i helse og velferd var heiltidsdelen 38,7 prosent og gjennomsnittlege stillingsstorleiken 68,8 prosent i 2024. Det er ikkje tilgjengelege samanliknbare tal for 2021.


Helse og velferd har òg i 2024 vore hovudinnsatsområde for *prosjekt Heltidskultur*, sidan dette er området med flest deltidsstilsette og høgast andel som arbeider turnus. Fleire av pilotverksemdene i helse og velferd som starta opp i 2023, innførte langvakter og årsplanar i 2024. Målet har vore å forbetra tenestene og skapa meir føreseielegheit og kontinuitet for både leiarar og tilsette. Sjølv om det er for tidleg å måla konkrete effektar, er tilbakemeldingane så langt positive, med gevinstar for både brukarar og tilsette. I løpet av året har fire nye verksemder i helse og velferd gått inn som deltakarar i prosjektet. Desse kartlegg no oppgåvefordeling i sine avdelingar, og planlegg nye måtar å organisera både oppgåver og arbeidstid på.

Livsfaseorientert personalpolitikk

I september vedtok Stavanger formannskap ein livsfaseorientert personalpolitikk ([Sak 133/2024 Livsfaseorientert personalpolitikk i Stavanger kommune](#)) som tek omsyn til korleis ulike livsfasar kan påverka arbeidssituasjonen. Målet er å støtta tilsette i å handtera arbeidet og oppretthalda motivasjonen gjennom heile yrkeslivet. Lover, avtalar og kommunen sine ordningar set rammene, medan dialogen mellom leiar og medarbeidar er avgjerande for å finna gode løysingar. Den mellombelse seniorordninga blei fasa ut, men kunne nyttast fram til 31. desember 2024. Det er ikkje innført nye seniortiltak med sentral finansiering, men det er venta at verksemdene legg til rette for seniorar på sine arbeidsplassar. Ei ny temaside på intranett, *Tilrettelegging på arbeidsplassen – i alle livsfasar*, er nå tilgjengeleg. Denne sida inneheld dei overordna prinsippa for livsfaseorientert personalpolitikk (utarbeidd i samarbeid med tillitsvalde) og oversikt over relevante tiltak for ulike livsfasar.

Sjukefråvær

Samla sjukefråvær i 2024 var på 9,5 prosent, 0,2 prosentpoeng høgare enn i 2023. Figuren under viser sjukefråværsutviklinga i Stavanger kommune dei siste 10 åra. Sjukefråværet for 2024 svarar til ein auke på 23,4 prosent sidan 2015. Det er i hovudsak langtidsfråværet som har gått opp.




Figur 1 Sjukefråværsutvikling i Stavanger kommune 2015-2024

Tal frå Nav viser at psykiske lidningar framleis er den største diagnosegruppa målt i tapte dagsverk i kommunal sektor i Stavanger (både kommunen og fylkeskommunen), sjølv om tala viser ein nedgang på 2,1 prosentpoeng, frå 32,9 prosent i 3. kvartal 2023 til 30,8 prosent same kvartal i 2024. Muskel- og skjelettlidningar utgjorde 24,9 prosent, og diagnosar knytt til utmatting (uspesifisert) utgjør 8,7 prosent av diagnosane. Denne andelen er uendra frå 3. kvartal 2023. Sjukdomar i luftvegane er framleis meir utbreidd enn før koronapandemien, med ein andel på 7,4 prosent.

[Folkehelseinstituttet](#) (FHI) rapporterte om auke i influensa- og koronavirus heilt mot slutten av 2024, noko som truleg òg verka inn på sjukefråværet i Stavanger kommune.


Eigne tal frå ASSS-kommunane (12 storbykommunar) viser at sjukefråværet har gått opp frå 2023 til 2024.

I 2024 har sjukefråværet gått ned i tenestemråda oppvekst og utdanning og økonomi og organisasjon, samanlikna med 2023. Dette er andre året på rad der oppvekst og utdanning har hatt ein nedgang i fråværet. Dei andre tenestemråda har derimot hatt ein auke i sjukefråværet. Helse og velferd og bymiljø og utbygging har hatt ein jamn auke over tid, og har derfor vore dei største drivkreftene for veksten i kommunen sitt samla fråvær.



Figur 2 Sjukefråværsutvikling 2020-2024 per tenesteområde

I 2024 gjekk sjukefråværet ned på skuleområdet samanlikna med 2023. I dei andre store verksemdsområda gjekk tala opp. Dei siste 5 åra har heimebaserte tenester hatt den største auken i sjukefråværet, med 29,2 prosent, etterfølgd av skuleområdet med 27,4 prosent. Heimebaserte tenester har nå eit høgare fråvær enn barnehageområdet, som har hatt ein liten nedgang sidan det høge nivået i 2022. Bu og aktivitet har hatt eit stabilt fråvær gjennom fleire år.



Figur 3 Sjukefråværsutvikling 2020-2024 for lærlingar og dei største verksemdsområda

Forsterka sjukefråværsatsing

Gjennom 2024 har sjukefråværsarbeidet vore retta spesielt mot utvalde barnehagar og sjukeheimar, i tråd med IA-avtalen for 2019-2024. Meir kompetanse på førebyggjande arbeidsmiljøarbeid og systematisk sjukefråværsoppfølging har vore høgt prioritert. Leiarar har blant anna fått meir støtte i oppfølginga av langtidssjukemelde – særleg tilsette som har passert grensa for sjukepengar (maksdato). Vurdering av utprøving og omplassering til anna passende arbeid har vore ein viktig del av støtta, spesielt i tilfelle der det er avklart at tilsette ikkje kan venda tilbake til si opphavlege stilling.

Frå oppstarten i april 2023 viser satsinga ein nedgang i sjukefråværet på 0,5 prosentpoeng til 12,0 prosent for barnehagane som deltok. I same periode viser andre barnehagar ein auke på 0,3

prosentpoeng til 11,9 prosent. For fråvær over maksdato har deltakande barnehagar oppnådd ein reduksjon på 1,2 prosentpoeng, samanlikna med ein auke på 0,2 prosentpoeng i andre barnehagar. Desse resultata viser at målretta bistand i slike saker kan gje positive effektar.

Sjukeheimane som deltok hadde ein auke i fråværet på 0,1 prosentpoeng, til 9,2 prosent. For dei andre sjukeheimane steig sjukefråværet med 1,4 prosentpoeng til 11,4 prosent. Fråvær over maksdato er generelt lågare på sjukeheim enn på barnehageområdet, men har auka med 0,1 prosentpoeng for dei deltakande sjukeheimane og 0,5 prosentpoeng for dei andre.

Som del av [IA-bransjeprogram for sjukeheim](#), har ni sjukeheimar deltatt på kurs i *Stødig leiarskap*, medan ein sjukeheim har deltatt på kurs i *Rolleforståing og partssamarbeid*.

Arbeid for å fremma likestilling og hindra diskriminering

Av årsrapporten i 2023 går det fram at Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) gjennomførte eit tilsyn dette året og konkluderte med at Stavanger kommune ikkje oppfylte minimumskrava i likestillings- og diskrimineringslova. Våren 2024 blei det derfor utarbeidd ein mal for risikovurdering basert på LDO sine anbefalingar. Hausten 2024 blei det gjennomført eit pilotprosjekt for å undersøka om anbefalt framgangsmåte, mal og arbeidsmetodikk kunne oppfylle krava i [Likestillings- og diskrimineringslovens § 26](#). Inntil vidare gjeld dei overordna tiltaka for likestilling og ikkje-diskriminering som blei presenterte i årsrapporten for 2023.

Både [strategien for likestilling og mangfald](#) (2013-2020) og [organisasjonsstrategien](#) som gjeld for kommunen no, er under revisjon. Arbeidsgjevarperspektivet i strategien for likestilling og mangfald vil bli overført og arbeidd inn i organisasjonsstrategien.

Kommunen jobbar på ulike måtar innan likestillings- og diskrimineringsfeltet – alt frå kartlegging av tilretteleggingsbehov gjennom dei årlege medarbeidarsamtalane, til risikokartlegging av arbeidsmiljøfaktorar og krav om universell utforming av alle lokale. Andre døme frå 2024 er:

- rutine for utprøving og omplassering
- livsfaseorientert personalpolitikk
- deltaking i forskingsprosjektet *Mangfald i leiing*
- resultat frå medarbeidarundersøkinga 10-faktor
- ny mal for medarbeidarsamtale
- sluttsamtalar

Kommunedirektørens samarbeidsmøte med tillitsvalde er ein viktig arena for å drøfta [ulike diskrimineringsgrunnlag](#).

Kjønnsfordeling i organisasjonen

Stavanger kommune ønsker ei jamnare kjønnsfordeling i dei ulike verksemds- og tenesteområda. I 2024 var 76,5 prosent av dei tilsette kvinner og 23,5 prosent menn, same fordeling som i 2023.

Innan oppvekst og utdanning og helse og velferd var 80 prosent av dei tilsette kvinner. Bymiljø og utbygging skil seg ut med flest menn. Talet på mannlege tilsette menn auka noko i dei fleste tenestoområde, med unntak av i helse og velferd, der talet gjekk ned.

Tenestoområde	Andel kvinner i prosent	Andel menn i prosent	Endring i andel menn 2023-24 (prosentpoeng)
Stab og støtte	61,2	38,8	1,2
Bymiljø og utbygging	42,8	57,2	0,1
By- og samfunnsplanlegging	63,6	36,4	3,4
Innbyggjar- og samfunnskontakt	69,0	31,0	0,4
Helse og velferd	80,6	19,4	-0,4
Oppvekst og utdanning	80,5	19,5	0,3
Lærlingar	68,2	31,8	3,7
Stavanger kommune samla	76,5	23,5	0,0

Tabell 1: Fordeling kvinner og menn per tenestoområde, 2024

For alle dei største verksemdsområda var det i 2024 ein stor overvekt av kvinnelege tilsette. Som i fjor var det størst andel menn innan områda bufellesskap og grunnskule. Sjukeheimar og bufellesskap hadde størst nedgang i andel menn frå i fjor.

Utvalde verksemdsområde	Andel kvinner i prosent	Andel menn i prosent	Endring i andel menn 2023-24 (prosentpoeng)
Bufellesskap	71,3	28,7	-0,7
Heimebaserte tenester	85,9	14,1	-0,2
Sjukeheim	87,4	12,6	-1,0
Kommunale barnehagar	91,4	8,6	0,4
Grunnskule	74,8	25,2	0,4

Tabell 2: Fordeling kvinner og menn i utvalde verksemdsområde, 2024

Kjønnsfordeling og stillingsgruppe


Tabellen under viser stillingsgrupper i 2024, fordelt på kjønn. I stillingar med krav til høgare utdanning (mastergrad, høgskuleutdanning og høgskuleutdanning med ytterlegare spesialutdanning) var det særleg ein høg andel kvinner. Andelen menn var høgast i stillingsgruppene direktørar, mellomleiarar, akademikarar og verksemdsleiarar/avdelingsleiarar/kommunalsjefar.

Stillingsgruppe	Kvinner	Menn	Totalsum
Stilling utan særskilt krav til utdanning	1 551	529	2 080
Fagarbeidarstilling/tilsvarande fagarbeidarstilling	2 255	732	2 987
Stilling med krav om høgskoleutdanning	3 109	709	3 818
Stilling med krav om høgskoleutdanning med ytterlegare spesialutdanning	882	229	1 111
Mellomleiar – Leiarstilling med krav om høgskole	447	211	658
Verksemdleiarar, avdelingsleiar og kommunalsjef	112	46	158
Akademikarar	682	306	988
Akademikarar – Stilling med krav om mastergrad	145	11	156
Under utdanning	140	67	207
Direktørar	3	6	9
Totalsum	9 326	846	12 172

Tabell 3 Fordeling kvinner og menn per stillingsgruppe, 2024

Kjønnsfordeling og alder

Kvinneandelen var svært høg i dei fleste aldersgruppene, men høgast blant tilsette i gruppa 50-59 år og 60-61 år, etterfølgt av gruppa 62-66 år. Aldersgruppa med høgast andel menn var gruppa 67 år eller eldre.



Figur 4 Andel menn og kvinner fordelt på aldersgrupper, 2024

Lønnsfordeling mellom kvinner og menn i ulike stillingsgrupper

Dei tilsette i kommunen er lønna etter reglane i hovudtariffavtalen (HTA) for kommunal sektor. I underkant av 90 prosent av dei tilsette har stillingar med hovudsakleg sentral lønnsdanning (HTA kapittel 4) og lønn i samsvar med KS garantilønn for dei ulike stillingsgruppene og ansiennitetstrinna. For tilsette i leiarstillingar og enkelte tilsettgrupper, blir lønna fastsett og regulert lokalt. Likelønn er eit tema som blir drøfta med tillitsvalde før og under forhandlingane.

Stilling	Medianlønn kvinner	Gj. snitt lønn kvinner	Medianlønn menn	Gj. snitt lønn menn	Kvinner andel i prosent av menns lønn gj. snitt	Kvinner andel i prosent av menns lønn median
Stilling utan særskilt krav til utdanning	421 200	425 557	406 000	422 734	100,7	103,7
Fagarbeidarstilling/tilsvarande fagarbeidarstilling	519 100	501 312	519 100	513 916	97,5	100
Stilling med krav om høgskoleutdanning	606 400	610 710	608 400	638 987	95,6	99,7
Stilling med krav om høgskoleutdanning med ytterlegare spesialutdanning	675 900	662 321	690 400	604 235	109,6	97,9
Mellomleiar – Leiarstilling med krav om høgskole	792 400	786 895	810 000	799 367	98,4	97,8

Verksemdleiarar, avdelingsleiarar og kommunalsjef	995 600	1 022 180	1 034 100	1 088 615	93,9	96,3
Akademikarar	732 550	752 049	673 400	777 599	96,7	108,8
Stilling med krav om mastergrad	745 100	701 998	709 600	704 636	99,6	105
Under utdanning	437 300	440 473	437 300	434 527	101,4	100
Direktørar	1 511 500	1 501 033	1 464 400	1 514 050	99,1	103,2

Tabell 4 Lønn fordelt på stillingsgrupper og kjønn, 2024

For stillingsgruppa fagarbeidar eller stillingar tilsvarande fagarbeidarar, er gjennomsnittslønna for menn i underkant av kr 2000 høgare enn for kvinner. For stillingskoden fagarbeidar er gjennomsnittslønna for kvinnelege fagarbeidarar kr 501 443, medan gjennomsnittslønna for menn er kr 519 153. Lønnsdifferansen mellom kvinner og menn på dette området kjem av at tekniske fagbrev, der menn er overrepresenterte, er i ein konkurransesituasjon med det private næringslivet. Kvinneandelen blant fagarbeidarar er større i helsetenestene og tenester for barn og unge. Årsaka til lønnsdifferansen i gruppa verksemdsleiarar, avdelingsleiarar og kommunalsjefar er i all hovudsak knytt til leiarstillingar innanfor dei tekniske områda, der menn utgjer fleirtalet og der konkurransesituasjonen mot den private marknaden er størst.

Utvikla betre måtar å jobba på

Forsking

Meir eksterne midlar til forsking og utvikling i kommunen

Kommunen kan søka om prosjektfinsiering frå ulike kjelder; statlege, fylkeskommunale og andre. For å sikra at finansieringsmoglegheitene er grundig undersøkte før prosjekt blir sende til politisk behandling, har kommunedirektøren hausten 2024 revidert den administrative rutinen – *saksbehandling av politiske saker med økonomiske konsekvensar* og rettleiaren *Beskrive økonomiske konsekvensar i politiske saker*.

I 2024 har forskingsseksjonen i samarbeid med fagmiljøa i kommunen arbeidd for å auka den eksterne finansieringa av FoU-aktiviteten i kommunen. Forskingsbudsjettet til kommunen er brukt til å utløyse eksterne midlar ved å finansiera kommunen sine eigenandelar i samarbeidsprosjekt med ulike forskingsmiljø. Samla sett dreier det seg om meir enn kr 30 mill. i ekstern finansiering. I 2024 fekk kommunen innvilga to nye doktorgradsprosjekt frå forskingsrådet sin ph.d.-ordning for offentlig sektor. Saman med andre doktorgradsprosjekt i kommunen mottar kommunen kr 10,8 mill. frå Noregs forskingsråd til å finansiera relevante og praksisnære doktorgradsarbeid i kommunen.

Forutan doktorgradsprojekta, bidrar nye FoU-prosjekt til at kommunen får tilgang på eksterne midlar. Prosjektet *Kunnskapsbroen* fekk i 2024 kr 1,35 mill. frå statsforvaltaren sine innovasjonsmidlar for å undersøka bruken av forskning i helse- og velferdstenestene. Frå *Program for storbyretta forskning* mottok kommunen kr 1,9 mill. i 2024 til eit prosjekt om oppgåvegliding mellom sjukehus og kommune, som følge av færre døgnplassar i psykisk helsevern. I nært samarbeid med Stavanger og Sandnes kommune, og Klyngesamarbeidet om helse- og velferdsforskning i Sør-Rogaland, fekk Universitetet i Stavanger innvilga kr 16 mill. frå Forskningsrådet til forskning på heimebuande eldre. Kr 5,5 mill. av desse midlane går til Stavanger kommune.

Større ansvar for kommunens FoU-engasjement overfor EU

I 2024 overtok forskingsseksjonen ansvaret for kommunen sin LEAR-funksjon (Legal Entity Appointed Representative). Seksjonen er dermed kommunen sin port inn for EU-henvendingar på FoU-området. Forutan koordinering av søknadsinitiativ, inneber LEAR eit ansvar for å halda søknads- og kontraktsoversikt og kvalitetssikra EU-søknader og samarbeidserklæringar. Stavanger har aktivt deltatt i EUs Horisont-program for å få tilgang til forskings- og innovasjonsekspertise.

Kommunen har behov for å fornya porteføljen av EU-prosjekt stilt overfor betydelege samfunnsutfordringar og omstillingsbehov. I 2024 fekk kommunen, saman med samarbeidspartnarar, tilslag på 1 million euro frå EU til prosjektet Empowered Governance. Prosjektet skal utvikla nye styringsmodellar for å kutta CO2-utsleppa raskare. Prosjektet er eit samarbeid mellom Stavanger og Trondheim, Universitetet i Stavanger, Design og arkitektur Norge (DOGA) og Næringsforeininga i Trondheimsregionen. Forskingsseksjonen koordinerte og var medforfattarar på søknaden. Prosjektet tilfører kommunen kr 3 mill. i eksterne FoU-midlar.

For å få tilslag på nye EU-prosjekt er det viktig med tidleg informasjon om nye EU-utlysingar og moglegheit for påverknad av EUs FoU-satsingar. Norges forskingsråd fornya i 2024 dei 11 nasjonale referansegruppene for Horisont Europa. Stavanger kommune fekk inn representantar i to av gruppene: Gruppa for helse og gruppa for kultur, kreativitet og inkluderande samfunn. Dessutan har Stavanger kommune i 2024 vore representert med klima- og miljøsjefen i forskingsrådet sitt porteføljestyre for klima og miljø. Porteføljestyra har blant anna ansvar for å gje innspel til EUs rammeprogram. Stavanger-regionen har i 2024 hatt 18 representantar i grupper og styre overfor Horisont Europa, og er godt posisjonert til å henta ut meir FoU-midlar frå EU.

Klyngesamarbeidet om helse- og velferdsforskning frå pilot til fast samarbeidsstruktur

Forskingsseksjonen har i 2024 leidd det interkommunale klyngesamarbeidet om helse- og velferdsforskning i Sør-Rogaland. Samarbeidet, der Stavanger er motorkommune, skjer innanfor ramma av *Kommunenenes samarbeidsarena for forskning* (KSF) og skal styrka samarbeidet med akademia om forskning og innovasjon i helse- og velferdstenestene. Kommunesektorens organisasjon (KS) har pilotert KSF sidan 2020 for kommunane i Vestland og Rogaland. I 2024 har KS vedtatt at KSF skal utviklast til ein fast landsdekkande samarbeidsstruktur mellom kommunar og akademia lokalt, regionalt og nasjonalt. KSF skal rullast ut i løpet av ein 5-årsperiode, og arbeidet skal innrettast mot å utvikla berekraftige helse- og omsorgstenester. Etableringa blir støtta med meir midlar til FoU. Forskningsrådet etablerte i 2024 eit nytt forskingsprogram på kr 150 mill. til FoU i dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Klyngesamarbeidet i Sør-Rogaland koordinerte to søknader til programmet, og ein av desse blei innvilga. Prosjektet om heimebuande eldre og deira behov for helse- og omsorgstenester, er utvikla i nært samarbeid med Universitetet i Stavanger, Sandnes kommune og helsehuset og helse og velferd i Stavanger kommune.

Stavanger kommune fekk i 2024 for første gang midlar frå KS til klyngesamarbeidet. I første omgang kr 0,4 mill. som gjer det mogleg å forsterka og vidareutvikla KSF-samarbeidet i Sør-Rogaland.

Ferdigstilt tiltaksplan og internt forskingsprogram

Forskningsseksjonen har i 2024 gjort ferdig tiltaksplanen i forskingsstrategien og eit internt forskingsprogram som konkretiserer kommunen sine kunnskapsbehov. Begge styringsdokumenta blei vedtatt av kommunedirektøren sitt leiarteam hausten 2024 og skal reviderast kvart fjerde år. Tiltaksplanen viser korleis kommunen i praksis kan ivareta behovet for forskning og utvikling. I sum skal tiltaka i perioden 2024–2034 bidra til realisering av forskingsstrategien sitt hovudmål: At kommunen utviklar og tar i bruk kunnskap for å løysa samfunnsutfordringane kommunen står overfor.

Forskingprogrammet skildrar kva behov kommunen har for kunnskap innanfor dei prioriterte forskingsområda i strategien. Dokumentet er utarbeidd saman med tenesteområda og viser kunnskapsbehov på områda klima og miljø, demografi og helse og utanforskap. Programmet understrekar behovet for kunnskapsutvikling som kan inngå i effektiviserings- og omstillingsarbeidet.

Forskningsprogrammet gjeld for perioden 2024-2027 og er saman med forskingsstrategi og tiltaksplan tilgjengeleg på forskningsseksjonens [intranettsider](#). Tiltaksplan og forskingsprogram vil bli vurdert i samband med bystyrets vedtak om å revidera forskingsstrategien i 2025.

Innovasjon – forenkla, fornya og forbetra Stavanger kommune

Råd og rettleiing

Råd og rettleiing er ei teneste retta mot leiarar og tilsette med behov for bistand til å gjennomføra innovasjonsaktivitetar. I 2024 blei det gitt råd og rettleiing til 46 ulike innovasjons- og utviklingsprosjekt, fordelt på alle tenesteområda i kommunen. Typiske oppdrag handlar om å leggja til rette for kreative arbeidsmøte, innsiktsarbeid i form av bistand til kartlegging av innsiktsbehov og intervju eller støtte til planlegging og organisering. Døme på oppdrag i perioden:

Interkommunalt prosjekt: *Saman på god veg* – prosjektet utforskar korleis kommunen kan handtera den aukande andelen eldre, og kva utfordringar dette kan skapa for korttidsopphald på sjukeheimar. Innovasjonsrådsgjevarar har deltatt med planlegging og tilrettelegging av arbeidsmøte for å kartlegga tenestereisa og finna moglegheit, og innovasjonsfagleg støtte til prosjektleiar.

Sølvberget: Ny temaplan – planlagt og tilrettelagt ein kreativ prosess for å styrka eigarskap til planen, og henta inn idear og perspektiv på korleis temaplanen kan settast ut i praksis.

Kommunale utbyggingsbehov – eit samarbeid mellom by- og samfunnsplanlegging og bymiljø og utbygging for å sikra god informasjonsflyt om eksisterande bygg og framtidige behov. Innovasjonsrådsgjevarane har tilrettelagt tverrfaglege arbeidsmøte for å kartleggja dagens praksis og finna nye løysingar for betre samhandling mellom tenesteområda.

Innovasjonsdag

Innovasjonsdagen 2024, med temaet *Forstå behovet*, blei gjennomført som ei todelt samling med faglege foredrag og workshop, for å trenast på metode og verktøy for innovasjon. Hensikta og føremålet

med Innovasjonsdagen var å inspirera leiarar og tilsette i Stavanger, der dei gjennom foredrag og workshops fekk utvikla ferdigheiter om behovskartlegging i innovasjonsarbeid. Deltakarane fekk ei felles oppgåve og opplæring i verktøy som hjelper med å kartlegga innsiktsbehovet og intervjuguide.

EU prosjekt/NEB-STAR

NEB-STAR er eitt av seks fyrtårn-prosjekt i EU-satsinga New European Bauhaus (NEB). Saman med 15 partnerar lokalt og internasjonalt jobbar kommunen med å finna løysingar på klima- og samfunnsproblema våre. Prosjektperioden er 2022 til 2025.

Saman med partnerane i prosjektet skal Stavanger kommune utforska og byggja kunnskap om korleis kommunen jobbar med komplekse utfordringar som ikkje kan løysast av ein aktør aleine. Gjennom testing, evaluering og læring er målet at organisasjonen skal ha ny kunnskap som vil endra måten me jobbar for å nå visjonen vår – me bygger fellesskap.

I 2024 blei det gjennomført to kvikktestar i Pedersgata og næringsområdet SITE 4016, for å utforska korleis områda kan bli meir attraktive, inkluderande og berekraftige. Kunstkonsulent blei engasjert og digitale verktøy og metodar for samarbeid og inkludering blei testa.

Innovasjonspartner

Innovasjonspartner er ei teneste til leiarar som treng innovasjonskompetanse i lengre prosessar. Ein innovasjonspartner bidrar til styrking av innovasjon og samarbeid på tvers av fagområde, ser synergjar og kartlegg moglegheiter.

I perioden har innovasjonspartnaren jobba med områdesatsinga Stavanger og bidratt til å få Stimulab-prosjektet *Nye vegar til kommunal busetting og nabolagsutvikling* til kommunen.

Kunstig intelligens

I 2024 blei det oppretta eit prosjekt for å ta i bruk kunstig intelligens (KI) på tvers av tenesteområda i kommunen. Målet er tredelt; bygga kompetanse på KI, utvikla KI-løysingar som gjer oss meir effektive og bygga kultur for å finna nye og betre måtar å jobba med KI.

I perioden blei det jobba med kompetansebygging og kartlegging av behov i organisasjonen. Prosjektorganisasjonen blei etablert, og teamet jobba med å utvikla dei første KI-agentane.

Digitalisering og systemanskaffingar

Sak og arkiv

Stavanger kommune er, som alle offentlege organ, pålagt å ha arkiv. Arkivet er både kommunen sitt minne og innbyggjarane sin tilgang til vedtaka som blir fatta. Dagens arkivsystem er utdatert, og kommunen har eit prosjekt som i 2024 skaffa nye løysingar for

- saksbehandling og arkivering i kommunen, inkludert barne- og elevmapper
- politisk saksbehandling

- fagsystem som bygger på KS sine spesifikasjonar for eByggesak og ePlansak
- å gjere dokument som er arkivert i tidlegare arkivløyisingar tilgjengelege, med korrekt tilgangsstyring

Våren 2024 gjennomførte prosjektet konkurranse og forhandlingar med fleire aktuelle leverandørar, i august vart det signert avtale med Sikri AS. Arbeidet med å innføra Elements som nytt sak-arkivsystem og eByggesak starta i september, og dei nye systema blir tatt i bruk i mars 2025. Stavanger kommune og Sikri har hatt eit godt samarbeid i prosjektperioden og vil framover vidareutvikla systemet saman

ERP

Enterprise resource planning (ERP) er det faglege uttrykket for store datasystem til styring av ressursplanlegging, økonomi og administrasjon. I kommunal sektor vil ERP ofte dekkja behova knytt til rekneskap, faktura, budsjett, lønn, HR, kompetanseutvikling, rekruttering, anskaffingar og liknande tenester. Stavanger kommune har i løpet av 2024 utarbeidd anskaffingsdokument og kunngjort konkurransen om anskaffing av ny ERP-løysing. Som ein del av konkurransen er det gjennomført demomøte der eit breitt brukarpanel deltok. Kommunen vil gjennomføra forhandlingar og tildela kontrakt i starten av 2025. Etter kontraktstildelinga vil kommunen saman med leverandøren som er vald, starta planlegginga av korleis det nye systemet skal innførast.

Datadreven organisasjon

Det blir kontinuerleg arbeid med å forbetra og digitalisera prosessar og løysingar ved bruk av nyaste teknologi. Dei agile produktteama Datasjø, Min side og Lavkode har intensivert samarbeidet, ettersom fleire behov og oppgåver krev kompetanse på tvers av fagområde.

Eit døme på felles leveranse frå produktteama i perioden, er løysinga for Behovsprøvd gratis skulemat. Løysinga viser korleis produktteama dekkjer ulike behov i ei samansett problemstilling på ein kostnadseffektiv og sikker måte. Innbyggjarane trong ein enkel måte å bestilla skulemat på, tilsette skulle bruka minst mogleg tid på saksbehandling og planlegging av produksjon, og det trongst presentasjon/analyse av data for å påvisa effekten. Løysinga sørga òg for vern av sensitiv informasjon og datautveksling.

Min side

Min side har i perioden jobba med å gjera digitale og brukarorienterte tenester tilgjengelege for innbyggjarane. I 2024 har *Min side* vidareutvikla fleire tenester, som personifisert informasjon basert på lokasjon, kart over næraste kommunale tenester, status på tilskotsskjema – til dømes pant på vedogn og moglegheit for å logga seg på som organisasjon.

Datasjø

Datasjø er eit stadig viktigare verktøy for å bli meir datadriven, der store mengder data blir utnytta til å gjere meir innsikt og analyse. Dei ulike tenesteområda i kommunen har i aukande grad i 2024 sett verdien av datasjø, og nytta moglegheita til å melda inn sine behov. Det er utarbeidd nye løysingar som òg treff næringsliv og innbyggjarar.

I 2024 har datasjø levert løysningar med stor variasjon, der nokre av døma er:

- Oppgavedashbord for leiarar
- Refusjonsordning for ungdomskort i Ryfylke IKS
- Næringsdatabank - som inneheld nøkkeltal og statistikk om næringslivet i regionen
- Avviksrapport for tilsyn av eigedommar
- Oppretting av sikker sone for helsedata, som gir fleksibilitet for produksjon av påkravde analysar og rapportar

Lavkode og robotisering

I løpet av 2024 har Lavkodeteamet etablert seg som eit produktteam i kommunen, og i første kvartal blei det bestemt at Robotisering (RPA – Robotic Process Automation) skulle innlemmast for å styrka tenesta. Prosjektet har bidratt til å spreia kjennskapen til omgrepet lavkode i organisasjonen, noko som har resultert i fleire innmelde behov. I 2024 har prosjektet bidratt til å forenkla og effektivisera fleire arbeidsprosessar.

Døme på bidrag i perioden:

- Utvikla ein app for innbyggarservice som registrerer henvendingar frå innbyggjarar og der dataene bidrar inn i ein større analyse for å kunna forbetra tenestene.
- Utført ei rekke robotiseringar knytt til ulike tilskots- og støtteordningar, og standardisering av prosessar.
- Utvikla ein app for vedtaksregistrering for barn i barnehage, for å styrka kvaliteten i barnehagetilbodet.

Digital portal for planer, høyringar og medverking

Alle planar og høyringar i kommunen er nå tilgjengelege på www.stavangerplaner.no. Her kan innbyggjarar, folkevalde og næringsliv lettare finna kva reguleringsplan som gjeld der dei bur, og kva kommunen har vedtatt av strategiar for samfunnsutviklinga.

I portalen går det an å søka på ulike tema, til dømes klima og miljø, eller søka etter planar som er på høyring akkurat no. Det er òg mogleg å abonnere på tema eller område ein er spesielt interessert i. Løysinga vil i tillegg vera eit godt verktøy for å effektivisera intern saksbehandling av høyringsinnspel.

Logistikk og flåtestyring

Prosjektet *Logistikk og flåtestyring* handlar om kommunen sine køyretøy og lager, der målsettinga er å få betre oversikt, administrasjon, drift og effektiv bruk av kommunen sine køyretøy og lager.

Prosjektet er i gjennomføringsfasen og har i løpet av 2024 gjennomført desse aktivitetane:

- Ulike aktivitetar for å få innsikt i korleis både køyretøy og lager blir drifta og administrerte i kommunen og korleis andre kommunar gjer det.

- Ei overordna køyretøyoversikt er utvikla og sett i drift. Ho gir god oversikt over køyretøya med teknisk informasjon og kvar dei høyrer til. Oversikta blir brukt i dag til å ha oversikt og oppfølging av køyretøya, som eit oppslagsverk og verktøy for rapportering.
- Første versjon av eit verktøy for analyse av bruksgraden til køyretøya er utvikla, med bruk av økonomisk tilskot frå fylkeskommunen til klimaomstilling. Tilgang til data frå ca. 200 køyretøy er nå tilgjengeleg for analyse i verktøyet.
- Det er bestemt at det skal anskaffast ei løysing for køyretøyadministrering med sporingseining i alle køyretøy og køyrebok, og med moglegheit for bildeling og ruteplanlegging. Anskaffingsprosessen er i gang og har som mål å ha signert avtale innan utgangen av april 2025.

Fjernavleste målarar

Prosjektet *Fjernavleste vassmålarar* har kartlagt moglegheiter i marknaden for å kunna spissa behov og krav før ei anskaffing. Etter invitasjon til marknadsdiallog, blei det gjennomført møte med ni leverandørar. Desse møta ga verdifull innsikt, som i kombinasjon med erfaring frå pilotprosjekt i 2022 gir prosjektet nødvendig kompetanse til vidare arbeid.

Informasjonssikkerheit og sikkerheitskultur

IT arbeider kontinuerleg med å styrka sikkerheita og beskytta kommunen sine digitale verdiar. I 2024 er det spesielt arbeidd med å redusera teknisk gjeld. Dette blir gjort ved å modernisera utstyr og programvare. Det er òg gjennomført intern penetrasjonstest i 2024. IT arbeider systematisk med å fjerna svakheiter som blir avdekka i slike testar.

I fleire testar har passordkvaliteten i Stavanger kommune vore eit tema. I 2024 blei det innført automatisk passordsjekk – og tvungen forbetring av passordkvalitet. Dette er svært viktig for sikkerheita i Stavanger kommune.

I 2024 blei Windows 11 innført som standard operativsystem på kommunale PC-ar. Dette operativsystemet framstår moderne og betrar sikkerheita på utstyret. Vidare er arbeidet med å ta kontroll og sikra mobile einingar (mobiltelefonar og nettbrett) godt i gang.

Vidareutvikling av ein positiv sikkerheitskultur har vore ei viktig prioritering òg i 2024. Det har i perioden i aukande grad vore jobba med førebyggjande sikkerheitsarbeid. Det er blant anna halde heildagskurs innan informasjonssikkerheit og personvern, og i sikkerheitsmånaden i oktober blei ein phishing-videokampanje publisert på intranettet for å auka medvitet blant tilsette. Lisensporteføljen er òg styrka med oppkjøp av Microsoft F5 sikkerheitslisensar. Samla bidrar desse tiltaka til å redusera angrepsflata og etablera ein solid sikkerheitsplattform for framtida.

Støtte og leveranse av reknekapstenester

Rekneskap og lønn har tradisjon for å levera rekneskapstenester til kommunale føretak og interkommunale selskap. I løpet av 2024 blei oppdragsporteføljen utvida. Frå 1. april 2024 overtok rekneskap og lønn som komplett tenesteleverandør til Ryfylke friluftsråd.

Frå hausten 2024 har rekneskap og lønn òg inngått ei tenesteytingsavtale med Ryfylke IKS, knytt til eit vedtak Ryfylkerådet gjorde om å finansiera ungdomskort for innbyggjarar over 15 år i Sauda, Suldal, Hjelmeland, Strand og Forsand. Rekneskap og lønn baserer seg her på erfaringar og oppsett frå ordninga med gratis buss i Stavanger kommune i 2023 for å handtera store mengder refusjonar på ein heildigital og automatisert måte. Samarbeid og gjenbruk av desse løysingane er positivt, og vil forhåpentlegvis vera av strategisk betydning for vidare samarbeid.

I tråd med regelverket for offentlege anskaffingar er Stavanger kommune regelmessig ute i marknaden for å inngå nye rammeavtalar. Etter ein slik regelmessig konkurranse blei DNB ny leverandør av hovudbanktenester for Stavanger kommune.

Bygga gode arbeidsfellesskap

Arbeidsmiljø og HMS

Å bygga gode arbeidsfellesskap med medarbeidarar som meistrar og utviklar seg i trygge arbeidsmiljø er eit av måla i organisasjonsstrategien. Leiarane har eit spesielt ansvar for å kommunisera forventningar på ein tydeleg måte og gje konstruktive tilbakemeldingar, slik at medarbeidarane kan utvikla seg og læra. Dette krev gjensidig tillit. Etter gjennomføringa av medarbeidarundersøkinga 10-faktor i vår, skal kvar arbeidsplass utarbeida eigne handlingsplanar med konkrete oppfølgingstiltak. Dette vil vera eit godt bidrag for å styrka arbeidsfellesskapa.

Arbeidsmiljøveka

Arbeidsmiljøveka bestod av digitale foredrag tilgjengelege for alle arbeidsplassar, med tema knytt til Stavanger kommune sine overordna HMS- og arbeidsmiljøsatsingar. I 2024 omfatta tema endring og omstilling, emosjonelle belastningar, heiltidskultur, og korleis styrka arbeidsfellesskapet som eit vern mot skam. I tillegg blei det òg halde eit digitalt foredrag om kva verdiar som gir arbeidsglede. Ei eiga samling for leiarar, vernetenesta og tillitsvalde handla om emosjonelle krav, og korleis førebyggja belastningar, sjukefråvær og turnover. Arbeidsmiljøprisen gjekk til Mastrabarnehagane for sitt engasjement i å skapa eit trygt og godt arbeidsmiljø gjennom systematisk og målretta HMS-arbeid.

Lovpålagt HMS-opplæring for verneombod, arbeidsmiljøutval og leiarar

I 2024 blei det gjennomført fire lovpålagde kurs for verneombod og arbeidsmiljøutval, med totalt 121 deltakarar. Det blei òg gjennomført seks lovpålagde HMS-kurs for leiarar, med totalt 118 deltakarar. For verneomboda blei det i tillegg arrangert ei nettverkssamling med 150 deltakarar. Tema var verneombodet si rolle knytt til risikovurderingar i ny digital løysing, kollegastøtte, *defusing* og heiltidskultur. Det blei òg arrangert eit eige kurs for leiarar og verneombod der tema var emosjonelle belastningar.

Stavanger kommune er organisert med eitt hovudarbeidsmiljøutval og sju arbeidsmiljøutval. I samband med nyval av medlemmar i arbeidsmiljøutvala arrangerer arbeidsgivar ei fellesopplæring. I 2024 deltok 82 medlemmar og varamedlemmar av arbeidsmiljøutvala i denne opplæringa.

Opplæring i førebygging og handtering av vald og truslar

Kommunen tilbyr både e-læringskurs og tenestespesifikke kurs i førebygging av vald og truslar. Totalt blei det i løpet av 2024 gjennomført 48 kursdagar i ulike einingar. Til samanlikning blei det gjennomført 28 kursdagar i 2023. Auken skuldast satsinga i skuleområdet, med systematisk opplæring av tilsette og ressurspersonar. Totalt deltok 927 tilsette i Stavanger kommune på anten basiskurs, ressurspersonkurs eller sikkerheitskurs i 2024.

Brot på arbeidstidsreglementet

I 2024 blei det registrert brot på arbeidsmiljølova sitt kapittel 10 om arbeidstid ved enkelte avdelingar med turnusarbeid. Verksemdene si turnusavtale, som er godkjent av tillitsvalde, dannar grunnlag for berekning av tal brot på arbeidstidsføresegnene i arbeidsmiljølova (AML). Telling av brot blir gjort for:

- kviletid mellom to arbeidsøktar/vakter (AML §10-8)
- lovbestemt vekefridag og lengda på denne, «F1» (AML §10-8)
- arbeidstimar per dag (AML §10-5)
- arbeidstimar per uke (AML §10-5).

I bydekkande tenester, dagsenter og avlastning, heimebaserte tenester og sjukeheimar blei det i 2024 kontrollert for AML-brot ved 7 av 142 avdelingar. I dei kontrollerte turnusane blei det funne 461 brot blant 39 164 avvikla vakter – dette utgjer 1,2 prosent.

Brota fordelte seg slik:

Typen brot	Antal brot
For mange timar per veke	146
Kort F1/ikkje mogleg med F1 dag	118
For kort kviletid mellom 2 vaktar	109
For mange timar på 1 dag	88
Totalt antal brot	461

Tabell 5 Brot fordelt etter type, 2024

Teneste	Ant. vakter ved kontrollerte avdelingar	Antal brot på Arbeidsmiljølova	Brot i prosent
Bydekkande tenester	3596	7	0,2 %
Dagsenter og avlastning	4089	75	1,8 %
Heimebaserte tenester	25 263	359	1,4 %
Sjukeheim	6216	20	0,3 %
Totalt	39 164	461	1,2 %

Tabell 6 Brot på arbeidstidsreglementet i avvikla vakter ved kontrollerte turnusar, 2024

Blant brota er det høgast grad av tilsette som har jobba for mange timar per veke. Desse brota oppstår fordi tilsette jobbar for mykje meirarbeid/overtid i ei veke. Brot på manglande vekefri (F1-dag) skjer òg oftast på grunn av overtidsarbeid. Brot på for kort kviletid handlar om for kort kviletid mellom to vakter. Årsaka til dette er ofte overtidsarbeid etter ei kveldsvakt før dagvakt dagen etter. Årsaka til brot på tal arbeidstimar per dag, er som regel at tilsette jobbar doble vakter eller overtid etter ei langvakt, og at grensa for samla arbeidstid per dag blir overskriden. Dei nemnde brota skuldast i stor grad fråvær, noko som resulterer i manglande fagleg kompetanse og dermed svekka evne til å levera forsvarlege tenester til brukarane.

Medarbeidarundersøkinga 10-faktor

Medarbeidarundersøkinga 10-faktor blei gjennomført i perioden 15. februar til 8. mars. Fast tilsette, mellombels tilsette og vikarar deltok, medan lærlingar, ekstravakter og tilsette i ulønna permisjon ikkje var med i kartlegginga. Undersøkinga hadde rekordhøg deltaking, med ein samla svarprosent på 81,6 prosent. Basert på eigne resultat, set den enkelte arbeidsplassen seg eigne mål og utarbeider handlingsplanar med konkrete tiltak.

Framtidas arbeidsplassar

Prosjektet Framtidas arbeidsplassar er nå ferdig. Det er utarbeidd eit nytt arbeidsplasskonsept som skal gjelda for nye og ombygde kontorarbeidsplassar – både i eigne og leigde lokale. Det nye konseptet har tydelege rammer for bruk av areal, og legg til rette for større fleksibilitet. Konseptet er aktivitetsbasert og gir betre utnytting av lokala, noko som har positive konsekvensar for både miljø og økonomi. Både tillitsvalde og verneteneste har deltatt i utarbeidinga av arbeidsplasskonseptet, som blei politisk behandla i oktober 2024, [sak 154/2024 Nytt arbeidsplasskonsept for kontorarbeidsplasser](#).

Prøveprosjekt 6-timersdag

Prøveprosjektet med redusert arbeidstid (30 timars arbeidsveke) blir gjennomført i Gullfaks barnehage. Tilsette i Gullfaks arbeider 4 dagar, og har 1 fridag per veke. Prosjektet blei foreslått avvikla i samband med Handlings- og økonomiplan 2024-2027, men i [sak 30/2024 Mulig avvikling av prøveprosjekt 6-timersdagen](#) blei det vedtatt at prosjektet skal gjennomførast som planlagt ut barnehageåret 2024/25.

Følgeforskinga av prosjektet blir gjennomført i samarbeid med Oslo kommune. Følgeforskinga skal undersøka korleis redusert arbeidstid påverkar barnehagane sitt arbeidsmiljø og tenestekvalitet, og vurdere økonomiske konsekvensar. I [sak 85/2024 Midtveisrapport for 6 timers dagen – redusert arbeidstid i barnehage](#), blei det gjort greie for førebelse funn og resultat frå forkinga.

Årsverk og vikarar

Ved utgangen av 2024 var det 10 230 årsverk i Stavanger kommune. Dette inkluderer fast tilsette, vikarar, læringar og tilsette i lønna permisjon. I tillegg kjem tilsette på timelønn (ekstrahjelp/ringevikar) og innleigde frå vikarbyrå. Figuren under viser antal årsverk og endring frå 2023 til 2024.

Årsverk tilsette per 31.12.2024	Årsverk 2023	Årsverk 2024	Endring årsverk	Endring prosent
Fast tilsette	8803	9074	271	3,1 %
Vikarar/midlertidige tilsette	1243	1157	-86	-6,9 %
Stavanger kommune samla	10 046	10 230	185	1,8 %
Av total sum utgjær tilsette i lønna permisjon	221	246	25	11,2 %

Tabell 7 Årsverk fordelt på stillingstypar

Totalt auka talet på fast tilsette med 271 årsverk. I mars 2024 innførte kommunedirektøren tilsettingskontroll som ein del av omstillings- og innsparingstiltaka. Tilsettingskontrollen gjeld faste og mellombelse stillingar som har administrasjon/stabs-funksjonar, inkludert avdelingar/seksjonar med brukarkontakt eller forvaltningsoppgåver. Tilsettingskontrollen gjeld ikkje for verksemdar med direkte brukar- eller pasientkontakt som sjukeheimar, skular og barnehagar. Veksten i stillingar i løpet av kalenderåret 2024 er bremsa samanlikna med 2023, og er primært i verksemdene.

Sjukeheimar bidrog mest til auken med 91 årsverk, etterfølgt av bufellesskap med 63 årsverk og skular med 44 årsverk. Deler av økningen skyldes virksomhetsoverdragelse av Øyane sykehjem, samt at to nye bofellesskap ble ferdigstilt i 2024. Både barnehageområdet og heimebaserte tenester hadde ein nedgang på 15 årsverk.

Tabellen under viser antal årsverk fordelt på dei ulike tenestekområda.

Tenestekområde	Årsverk 31.12.2023	Årsverk 31.12.2024	Endring årsverk	Endring prosent
Bymiljø og utbygging	869	872	4	0,4 %
By- og samfunnsplanlegging	116	123	7	6,2 %
Innbygger- og samfunnskontakt	184	182	-2	-1,0 %
Helse og velferd	3443	3596	154	4,5 %
Oppvekst og utdanning	4898	4929	31	0,6 %
Stab og støtte	332	334	2	0,7 %
HTV	24	25	1	2,5 %
Læringar	180	169	-12	-6,4 %
Stavanger kommune samla	10 046	10 230	185	1,8 %

Tabell 8 Antal årsverk fordelt på tenestoområder

I 2024 var 9,6 prosent av kvinnene i Stavanger kommune mellombels tilsette (vikarar), medan tilsvarande for menn var 11,2 prosent. Det har vore ein nedgang i andel mellombels tilsette for både kvinner og menn.

Andel midlertidig tilsette	2023	2024	Endring prosentpoeng
Kvinner	10,5 %	9,6 %	-0,9
Menn	11,6 %	11,2 %	-0,4

Tabell 9 Andel vikarar av alle tilsette (tilsette i ein fast stillingsprosent, lønna permisjonar og vikarar)

Andel tilsette i lønna permisjon	2023	2024	Endring prosentpoeng
Kvinner	2,3 %	2,7 %	0,4
Menn	1,0 %	1,0 %	-0,1

Tabell 10 Andel tilsette i lønna permisjon av alle tilsette (tilsette i en fast stillingsprosent, lønna permisjonar og vikarar)

Foreldrepermisjon utgjorde den største andelen av dei lønna permisjonane, med 701 tilsette. Av desse starta 539 tilsette sin foreldrepermisjon i løpet av 2024, blant dei var 133 menn og 406 kvinner. Gjennomsnittleg antal veker med foreldrepermisjon for menn var 10 veker, medan kvinner hadde eit gjennomsnitt på 15 veker.

Fagopplæring

I opplæringskontoret si portefølje inngår lærlingordninga (lærlingar og lære kandidatatar), *Fagbrev på jobb*, *Menn i helse*, eksamensførebuande kurs for praksiskandidatar og lærlingar i ordninga *Fagbrev på jobb* og traineeprogrammet, som gir arbeidspraksis med språkstøtte for flyktningar med høgare utdanning i kommuneadministrasjonen og kurssenteret i Sandvigå.

Opplæringskontoret samarbeider tett med kommunen sine verksemder for å oppfylle det politisk vedtatte målet om 200 lærlingar. Talet på lærlingar varierer gjennom året, mellom anna fordi enkelte fullfører lærekontrakten på kortare eller lengre tid enn standardperioden på to år eller fordi nokre kontraktar blir avslutta undervegs.

I løpet av 2024 har Opplæringskontoret gitt fagopplæring til totalt 317 kandidatatar (fordelt på første- og andreårslærlingar). I tillegg har 16 kandidatatar deltatt i traineeprogrammet, og 20 helserekruittar har vore ein del av ordninga *Menn i helse*. Ved utgangen av året var det 197 aktive lærekontraktar.

Menn i helse er eit samarbeid mellom KS, kommunen, Nav og fylkeskommunen. I 2024 fekk 20 menn praksis som helserekruttar ved sjukeheimane Boganes, Tasta, Lervig, Stokka og Bergåstjern. Av desse kvalifiserte 17 kandidatar seg til å teikna lærekontrakt etter rekruttperioden.

Traineeprogrammet er eit samarbeid mellom Opplæringskontoret og dei ulike tenesteområda i kommunen. Målet er å tilby relevant arbeidspraksis med språkstøtte for flyktningar med høgare utdanning frå heimlandet. Programmet gir deltakarane verdifull erfaring og bidrar til integrering i arbeidslivet.

Lærekontraktane er fordelt på følgjande ordningar: 267 ordinære lærlingar, 14 lærekandidatar, og 36 deltakarar i fagbrev på jobb.

I 2024 gjekk 107 lærlingar opp til fagprøve. Av desse bestod 104 på første forsøk, medan dei tre siste bestod på andre forsøk. Totalt sett bestod alle lærlingane fagprøvene sine i løpet av året. Av desse oppnådde 54 lærlingar karakteren *Bestått meget godt*.

Kommunens tenesteområde

Oppvekst og utdanning

Innleiing

Tenesteområdet oppvekst og utdanning gir tenester til barn, unge og familiar og omfattar barnehagar, skular, helsestasjon- og skulehelsetenesta, PPT, Johannes læringssenter, barne- og familiesenteret, barneverntenesta, kulturskulen og ungdom og fritid.

Tenesteområdet hadde i 2024 eit utgiftsnivå som var høgare enn vedtatt budsjett. Dette skuldast mellom anna at det har vore eit auka behov for institusjonsplasseringar i barnevernet, auka behov for styrka barnehagetilbod, auke i kostnader knytt til elevar med vedtak om individuell tilrettelegging i skulen og at verksemdene hadde høge utgifter til vikarar, mellom anna på grunn av høgt sjukefråvær. Samtidig har vedtatte og forventa gevinstar av tiltak som vikarordning i barnehage, styrka barnehagetilbod og barnevernsreforma ikkje vore mogleg å realisera like raskt som forventa. Dette skuldast hovudsakleg at behova har gått opp og at omstillingsarbeidet tek tid.

Trass i at barnetala har gått ned dei siste åra, har ikkje nedgangen i talet på barn i barnehage vore like stor som framskrivingane skulle tilseia. Dette skuldast mellom anna at ein større del av barna i barnehagealder no går i barnehage. Over tid har det derfor blitt opparbeidd ein ubalanse mellom det som blir tildelt barnehagane gjennom barnehagemodellen (basert på talet på plasserte barn) og vedtatt budsjettramme på barnehageområdet.

Dei siste åra har kommunen sine utgifter knytt til barn med behov for særskilt støtte og tilrettelegging i barnehage og skule auka. Dette blei særleg tydeleg i 2024, då kostnadene knytt til barn med vedtak om særskilt tilrettelegging i skule og SFO var høgare enn nokon gong tidlegare. Dette skuldast delvis lønsvekst, men også at barn får meir omfattande vedtak enn tidlegare.

I 2024 har Stavanger hatt fleire barn i barneverninstitusjon enn føregåande år. Det er framleis stor mangel på fosterheimar. Konsekvensen av dette er at barn også i 2024 har blitt buande for lenge i mellombelse beredskapsheimar. Samla har dette ført til utgifter utover vedtatt budsjett for barneverntenesta.

722 flyktningar blei busette i Stavanger kommune i 2024. Mottak og busetting av flyktningar involverer mange av verksemdene i tenesteområdet. Barn og unge som oppheld seg i kommunen har rett til offentleg grunnskuleopplæring, helsetenester og barneverntenester. Barn i barnehagealder har rett på barnehageplass. Dette påverkar aktivitetsnivået i verksemdene. Frå 2022 til 2023 auka lærartimar til særskilt språkopplæring i stavangerskulen med over 40 prosent. Tal frå Grunnskolenes informasjonssystem (GSI) viser at talet på timar til særskilt språkopplæring i 2024 var på same høge nivå som i 2023.

Tenesteområdet har eit stort antal digitale system som skal ivaretas og følgast opp. Dei siste åra har verksemdene tatt i bruk tre nye store fagsystem innanfor skule/barnehage, barnevern og PPT. Det store omfanget av personopplysningar som blir samla inn av oppveksttenestene krev kompetanse og kapasitet til å jobba med personvern og informasjonssikkerheit.

Oppfølging av prioriteringar og kommuneplanens satsingsområde

I tråd med mål og satsingar i kommuneplanen arbeider tenesteområdet for å gi barn og unge eit godt utgangspunkt for å meistra kvardagen og vaksenlivet. For å oppnå dette arbeider tenesteområdet for å:

- *sikra barn og unge kompetanse for framtida*
- *gi barn og unge opplevinga av fellesskap og tilhøyrse*
- *ta i bruk barn og unge sine ressursar*
- *arbeida systematisk for å utjamna ulikskapar*
- *sikra tidleg og tverrfagleg innsats*

I 2024 har tenesteområdet særleg prioritert arbeidet med:

- Barnehageplassar
- Flyktningsituasjonen
- Kompetanse og rekruttering
- Barn i fattige familiar
- Førebyggjande arbeid
- Oppfølging av barnevernsreforma
- Personvern og informasjonssikkerheit

Barnehageplassar

Dimensjonering av barnehageplassar

Barnehagane gir eit pedagogisk tilbod til barn i alderen 1-5 år. Kommunen er forplikta til å sikra at alle barn fødte innan 30. november får barnehageplass frå og med den månaden dei fyller eitt år. I barnehagebruksplanen gir kommunedirektøren sitt beste anslag på forventa behov for barnehageplassar i stavangerbarnehagen dei neste fem åra. Dei siste åra har talet på barnehagealder i kommunen gått ned. Denne nedgangen heldt fram inn i 2024. I desember 2024 gjekk det om lag 70 færre barn i barnehage samanlikna med desember 2023. Denne nedgangen var forventa, og er omtalt i [Barnehagebruksplanen 2024-2028](#).

Fleksibelt barnehageopptak – prøveordning

I *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* sette bystyret av kr 40 mill. til å gjennomføra ei prøveordning med fleksibelt barnehageopptak. Til prøveordninga blei det skaffa 99 plassar utover ordinær dimensjonering, jf. [sak 44/24 Status prøveordning fleksibelt barnehageopptak mai 2024](#) til utval for oppvekst og utdanning (UOU) 05.06.24. I tillegg blei det mogleg å disponera 17 plassar i barnehagar som etter hovudopptaket hadde ledig kapasitet. Fristen for å søka om barnehageplass i prøveordninga var 15.09.24, og det kom inn 175 søknadar. Alle søkarar med barn fødte i desember 2023 og januar 2024 og som ønskte oppstart månaden etter dei fylte eitt år, fekk tilbod om plass. I tillegg fekk også nokre barn fødte i februar 2024 tilbod om plass. Årsaka til at det var mogleg å skaffa plass til dei fleste som søkte, var at delen som søkte om plass var låg når ein ser til det totale antal barn i målgruppa, som sannsynlegvis er over 300 barn. I tillegg var det ein relativt stor del som takka nei til plass. Ei forklaring på dette kan vera at dei ikkje fekk plass i den barnehagen dei ønskte.

Flyktnings situasjonen

Einslege mindreårige

722 flyktningar blei busette i Stavanger kommune i 2024. Av desse var 12 einslege mindreårige flyktningar over 15 år som blei busette i institusjon, bufellesskap eller bu-team. Grunna utfordringar med å få tak i eigna bygg, blei det ikkje oppretta eit nytt bufellesskap i 2024. For å kunna ta imot fleire einslege mindreårige, blei kapasiteten i allereie eksisterande bufellesskap og institusjon derfor utvida. Det blei også oppretta bu-team som inneber at ungdommane får oppfølging i kommunale eller private leilegheiter. Dette er eit butiltak for ungdommar som tidlegare har budd på institusjon eller bufellesskap som har behov for meir sjølvstendetrening. Dette er også eit eigna butiltak for direkteplassering av ungdommar med høg grad av sjølvstende. Pr. 31.12.2024 hadde EMbo oppfølging av 23 einslege mindreårige.

Johannes læringssenter

Johannes læringssenter har oppretthalde eit omfattande tilbod også i 2024. Talet på barn i innføringsbarnehagen har vore på det same høge nivået som i 2023. I innføringsskulen har det vore eit snitt på 200 elevar som har fått opplæring. Samla har talet på elevar i løpet av året vore langt høgare. Dette skuldast at det gjennom heile året har vore overførte elevar til nærskulane. Etter ein periode i innføringstilbodet, hospiterer elevar som skal overførast til nærskulane fast ein dag i veka ved sin nærskule.

Helsetenester til flyktningar

Kommunen gir helsestasjonstenester og jordmortenester til flyktningar og bebuarar i asylmottak. Kontroll av vaksinekort, vaksining og informasjon om det norske helsesystemet er arbeid som krev tid. Talet på elevar ved Johannes læringssenter er høgt, og ressursar til skulehelsetenesta ved Johannes læringssenter ble derfor auka i 2024.

Kompetanse og rekruttering

Kompetente og trygge tilsette er ein grunnleggande føresetnad for god kvalitet i oppveksttenestene. Stavanger kommune har utarbeidd handlingsplanar som skildrar kompetanseutviklingstiltak i barnehage og skule. Desse planane blir oppdaterte årleg og vedtatt av utval for oppvekst og utdanning i januar.

Lokal rektorskole

Gode skuleleiarar er sentrale aktørar i «laget rundt barnet». Det har dei siste åra vore krevjande å rekruttera skuleleiarar i stavangerskulen. For å sikra god framtidig rekruttering til skuleleiarstillingar, blei det i *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* vedtatt å gjennomføra rektorskule for to nye kull. Våren 2024 blei eit konkurransegrunnlag for studiet sendt på offentleg anbod, og NTNU vann konkurransen. Hausten 2024 blei det etablert kontakt med fagansvarlege på NTNU for planlegging av samlingar. 32 studentar har fått plass på studiet. Oppstart av første kull er januar 2025 med varigheit til juni 2026.

Studiet er på masternivå og gir 30 studiepoeng. Studentane kan sjølv velja å byggja på til ein erfaringsbasert mastergrad.

Førebygging og handtering av vald og truslar

Som arbeidsgivar har kommunen ansvar for å gi nødvendig opplæring i førebygging og handtering av vald og truslar. I 2023-2024 har 350 skuletilsette gjennomført eit tredagars basiskurs i førebygging og handtering av vald og truslar. I tillegg har om lag 100 tilsette gjennomført ressurspersonkurs.

I 2024 blei handlingsplan for systematisk HMS-arbeid i stavangerbarnehagen utvikla og tatt i bruk. Planen gir føringar for prioriterte HMS-mål for 2024 og 2025, og tiltak for førebygging av vald, truslar og emosjonelle belastningar inngår i planen. Eit tiltak i planen er at alle tilsette kjenner til kommunen sine rutinar for å førebygga, handtera og følgja opp vald, truslar og emosjonelle belastningar.

Kompetansehevende tiltak barnehage

Kommunen manglar barnehagelærarar. Ny stipendordning på barnehageområdet gir faste tilsette høve til å gjennomføra barnehagelæruddanning samtidig som dei held fram med å jobba i redusert stilling i barnehagen. Stipendordninga gir støtte under heile studieløpet, og kommunalt tilsette får bindingstid til kommunen. Det er i inneverande studieår 24 tilsette som får støtte til eit fireårig deltidsstudieløp. Stipendordninga omfattar både kommunale og private barnehagar.

Masterlønn til barnehagetilsette

Frå 2024 skal barnehagelærarar med relevant masterutdanning få lønn etter kompetanse og på nivå med lektorar eller tilsvarande. Per november er det 19 barnehagelærarar med lønnsmessig uttelling for relevant mastergrad.

Barn i fattige familiar

Forvaltningsrevisjon barn i låginntekt

På oppdrag frå kontrollutvalet starta Rogaland revisjon hausten 2023 arbeidet med å undersøka korleis Stavanger kommune arbeider for å nedkjempa barnefattigdom. Forvaltningsrevisjonsrapporten blei lagt fram for kontrollutvalet i Stavanger 21. oktober 2024. I rapporten skriv Rogaland revisjon at «*Stavanger har klart å nå sitt overordnede mål i Plan for inkludering av barn i lavinntektsfamilier, nærmere bestemt å redusere andelen barn som lever i familier med vedvarende lavinntekt. Siden forrige plan ble vedtatt i 2019, er andelen redusert fra 9,9 til 9,5 prosent*».

Temaplan for inkludering av barn i lavinntektsfamilier

Formålet med [Temaplan for inkludering av barn i lavinntektsfamilier](#) er å gi barn i familiar med låg inntekt betre moglegheiter til å delta i samfunnet på lik linje med andre barn. Tiltaka i planen skal bidra til inkludering, sosial utjamning og å hindra at fattigdom går i arv. Planen skildrar i hovudsak kompensierende innsats som kan bidra til at barn som veks opp i fattige familiar, får like moglegheiter til å delta i samfunnet som andre barn. Utval for oppvekst og utdanning blir årleg informert om status på

tiltaka i planen, sist i juni 2024 ([sak 52/24 Orientering om status - Barn vil være med. Temaplan for inkludering av barn i lavinntektsfamilier \(2023–2028\)](#)).

Reduksjon i makspris barnehage

Stavanger kommune har redusert prisen for foreldrebetaling i barnehagane i tråd med føringane i statsbudsjettet for 2024. Frå 1. august 2024 er maksprisen pr. heiltidsplass i barnehage kr 2000 pr. månad. Dette er ein reduksjon på kr 1000 samanlikna med barnehageåret 23/24.

Gratis kjernetid i SFO

I tråd med føringane i statsbudsjettet for 2024 får alle barn på 1.–3. trinn gratis kjernetid i SFO frå hausten 2024. I Stavanger kommune svarar dette til ein 60 prosent plass. Ifølge Grunnskolenes informasjonssystem (GSI) har no 98,7 prosent av alle førsteklassingar i dei kommunale skulane i Stavanger plass i SFO. Tilsvarende del for barn i andre og tredje klasse er 96,2 og 93,2 prosent.

Skulemat

Hausten 2024 blei det innført ei ny skulematordning med foreldrebetaling. Samtidig blei det oppretta ei friordning for familiar med moderate inntekter. Alle skulane fekk tilbod om å bli med i skulematordninga. Totalt får no om lag 1300 elevar på Godeset, Mosterøy, Buøy, Kannik, Hinna, Rennesøy, Tastaveden og Smiodden skule skulemat fem dagar i veka.

Kulturskolen

Kulturskulen har utvida kapasiteten i Kulturkarusellen og dette har gjort det mogleg å gi tilbod til ytterlegare 97 elevar fordelt på til saman åtte grupper ved tre skular. I tråd med vedtak i *Handlings- og økonomiplan 2024–2027* har korpset på Finnøy fått midlar til ein dirigent i 29,5 prosent stilling.

Førebyggjande arbeid

Barnehage og skole

Barnehage og skule er universelle tenester og spelar ei viktig rolle i det førebyggjande arbeidet. Ein stor del av oppveksten til barn og unge vert brukt i barnehage og skule. I barnehageåret 24/25 har over 97 prosent av 3-5-åringane i kommunen barnehageplass. Gjennom å bygga inkluderande fellesskap i barnehagar og skular, vil kommunen leggja grunnlag for at barn og unge i Stavanger opplever tilhøyrslse. Barn som har behov for det, har rett til å få spesialpedagogisk hjelp i barnehage og individuell tilrettelegging i skule.

Å styrka barnehagens kapasitet til å gi barn tidleg og riktig støtte, er høgt prioritert. Systematisk kvalitetsutvikling og styrking av laget rundt barnet har vore ei hovudprioritering for barnehagane i 2024. Barnehagelærarane har ei nøkkelrolle i dette arbeidet, og derfor blir rekruttering prioritert gjennom kompetanseheving og stipendordningar.

Eit trygt og godt arbeidsmiljø er viktig for å behalda og rekruttera tilsette. Ny handlingsplan for HMS-arbeid blei utvikla og tatt i bruk og bidreg til meir systematikk i dette arbeidet.

Stortinget har vedtatt ny opplæringslov. Den nye lova trådte i kraft 1. august 2024. Lova viderefører viktige område i tidlegare opplæringslov, men også presiseringar, ny kapittelinndeling og enkelte endringar. Det er gitt informasjon og opplæring om konsekvensane av ny opplæringslov på fleire arenaer, og det er etablert eit samarbeid med Statsforvaltaren i Rogaland for felles opplæring. Lokale forskrifter til ny opplæringslov er utarbeidde og vedtatt.

I 2024 har kommunen utvikla eit felles rammeverk for leiingspraksis i stavangerskulen. Rammeverket skildrar skuleleiarar, tillitsvalde og skuleeigarar si felles forståing av leiaroppdraget.

Arbeidet med å revidera strategi for stavangerskulen starta hausten 2024, og held fram i 2025. Hausten 2024 blei det sett ned eit utval som har analysert resultat og sett på innspel frå skuleleiarar opp mot relevant forskning. Utvalet leverte ein rapport med innspel til revidering av innsatsområde og vegen vidare for stavangerskulen. Målet er at strategien skal vera ferdig utarbeidd og behandla sommaren 2025, slik at han kan tas i bruk skuleåret 2025/26.

I 2024 blei det delt ut kr 2 mill. til skular som ønskte å gjennomføra tiltak for å auka motivasjonen hos elevane. Elleve søknader blei innvilga for tiltak som aktiv læring, film i skulen, valfag på barneskulane, inkludering, uteskule og programmering. Alle skulane som søkte, fekk tildelt midlar.

Den vedtatte styrkinga på kr 25 mill. blei fordelt til skulane gjennom den ordinære tildelinga av budsjett i januar 2024.

Opptak til STOLT blei utvida i januar 2024. Ei ny avdeling med særskilt tilrettelagt tilbod opna på Hafsrfjord skule august 2024.

Utvalde skular har pilotert eit varslingsystem ved bruk av app på mobiltelefon. Erfaringar frå piloten vil bli oppsummert i ein rapport i 1. kvartal av 2025.

Fritidskortet

Ordninga med Fritidskort blei lansert midtvegs i november. Målet er å gjera det mogleg for alle barn og unge å delta i organiserte fritidsaktivitetar, og på den måten bidra til auka deltaking, inkludering og samtidig førebygga utanforskap. Målgruppa er alle barn og unge mellom 6 og 18 år. Fritidskortet kan brukast til å dekkja kontingent, deltakaravgifter på samlingar, turar og turneringar, samt personleg utstyr som er nødvendig for å delta i faste aktivitetar. Kommunen har vore i kontinuerleg dialog med organisasjonane og leverandøren av den digitale tenesta, Friskus, for å optimalisera tenesta. Om lag 6200 barn og unge nytta seg av den nye ordninga og samla utgjorde beløpet kr 6,12 mill. i 2024.

Psykisk helse blant barn og unge – strategi for forebyggande arbeid

Arbeidet med en handlingsplan som skal følge opp strategien er forseinka, og blei ikkje ferdig i 2024. Dette skuldast mellom anna at det var behov for å samkjøra arbeidet med handlingsplanen og arbeidet med ein plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsvanskar, jf. barnevernloven § 15.

Auka behov i jordmor- og helsestasjonstenesta

Dei siste åra har arbeidsmengda for jordmødrene auka. Dette skuldast mellom anna at fleire gravide no ønsker å gå til jordmor i staden for fastlege. Jordmødrene møter også fleire gravide med komplekse og samansette utfordringar. I tillegg har Helsedirektoratet kome med nye tilrådingar om antal

konsultasjonar. Gjennom *Handlings- og økonomiplan 2024-2027* har kommunen i 2024 fått styrkt kapasiteten i jordmortenesta med to årsverk.

Helsesjukepleiarar spelar ei viktig rolle i laget rundt barnet. Dei jobbar nært både barn og foreldre. Helsestasjonstenesta møter fleire foreldre enn tidlegare som treng lengre og fleire konsultasjonar på grunn av komplekse utfordringar. Dette kan vera relatert til sosial situasjon, levekårsstress eller fysisk/psykisk helse. Det har dei siste åra også kome nye tilrådingar om antal konsultasjonar. Samla har dette ført til auka arbeidsmengde for helsesjukepleiarane, og helsestasjonstenesta er derfor styrkt med om lag fire stillingar i 2024. Helsestasjonane har dermed hatt betre kapasitet til å få gjennomført konsultasjonane etter nasjonalfagleg retningslinje.

Utvida aldersgrense i Helsestasjon for ungdom

Helsestasjon for ungdom (HFU) har, i tråd med vedtak i *Handlings- og økonomiplan 2024-2027*, utvida øvre aldersgrense frå 20 til 23 år. Utvidinga blei iverksett i mai 2024 og HFU opplevde i perioden frå mai til desember 2024 ei auke i talet på konsultasjonar på 33 prosent samanlikna med same periode i 2023. I *Handlings- og økonomiplan 2025-2028* vedtok bystyret å redusera aldersgrensa til 20 år frå og med 2025.

Barne- og familiesenteret

Barne- og familiesenteret er et lågterskeltilbod som tilbyr hjelp til barn og unge med milde til moderate psykiske vanskar, samt foreldrestøtte og foreldrerettleiing. Om lag 1200 familiar tok kontakt med Barne- og familiesenteret i 2024. Senteret er ikkje helt i mål med alle tilsettingar, og ventetida for å få hjelp auka derfor noko hausten 2024. Det er forventa at ventetida vil gå ned når alle tilsettingane er gjennomført.

Hjernevennleg skule

Roaldsøy, Kvernevik og Tjensvoll har vore pilotskular for *Hjernevennleg skule* i 2024. Alle klassar på alle trinn har fått kartlegging, evaluering og tiltak på skule-, klasse- og individnivå. Hjernevennleg skule er eit innovasjonsprosjekt som vil skapa ein betre skuledag for elevane gjennom meir rørsle, sansestimulering og opplevingar av positiv kontakt. Alle klassar på alle trinn er kartlagde og evaluerte. Det er utvikla og sett inn tiltak på skule-, klasse- og individnivå. Foreldre, elevar og lærarar har fått undervisning for å få meir kunnskap om barnehjernen.

Oppfølging av barnevernsreforma

Meir differensierte hjelpetiltak

Eit prioritert innsatsområde for kommunen har vore å følge opp barnevernsreforma, både ved samarbeid på tvers av instansar i kommunen og ved å utvikla tiltaksvifta i barneverntenesta. Det er framleis eit mål for barneverntenesta å få ned talet på institusjonsplasseringar. MST-CAN er eit intensivt behandlingstiltak som rettar seg mot familiar der det førekjem vald og/eller anna omsorgssvikt mot barn i alderen 6-18 år. Målet er at tiltaket skal bidra til ei reduksjon av akutt plasseringar, og til redusert kjøp av tenester frå Bufetat eller private aktørar.

Stavanger er vertskommune for tiltaket, medan Sandnes, Sola og Randaberg er deltakarkommunar. I *Handlings- og økonomiplan 2024–2027* blei det sett av kr 3,25 mill. i 2024. Dette var halvårsverknad av årlege driftskostnader på kr 5,3 mill., samt ein oppstartskostnad på kr 0,6 mill. Hausten 2024 blei det tilsett ein leiar for MST-CAN, og arbeidet med rekruttering av terapeutar blei sett i gang. Alle tilsettingar er no gjennomførte og målet er at tiltaket blir sett i drift ved utgangen av mars 2025.

Internkontroll i barneverntenesta

Statsforvaltaren opna i november 2023 tilsyn i ei konkret sak knytt til barneverntenesta si oppfølging av hjelpetiltak etter ei tilbakeføring. Statsforvaltaren konkluderte i februar 2024 med at det var funne lovbrot, mellom anna ved at barneverntenesta ikkje hadde gjort forsvarlege vurderingar av barnets beste, og at barns rett til medverknad ikkje var tilstrekkeleg ivareteke.

Rogaland Revisjon gjennomførte i 2024 ein revisjon for å undersøka barneverntenesta si ivaretaking av barns rettstryggleik når barnet ikkje har partsrettar i omsorgssaker som krev behandling i Barneverns- og helsenemnda. Rogaland Revisjon presenterte sin rapport [Barnevern - barns medvirkning i omsorgssaker](#) hausten 2024.

Revisjonen sine tilrådingar:

- Internkontrollen i barneverntenesta bør styrkast.
- Tilsette bør få opplæring i korleis dei skal sikra god dokumentasjon.
- Det bør innførast klare rutinar for dokumentasjon.
- Barneverntenesta må sikra at alle barn blir høyrde, og får medverka i avgjerder som gjeld dei.
- Barneverntenesta må sikra at fosterheimar får høve til å uttala seg i alle tilbakeføringssaker.

På bakgrunn av tilsynet frå Statsforvaltaren og tilbakemeldingar frå Rogaland Revisjon, har barneverntenesta gjort fleire grep i 2024. Tenesta har mellom anna gjennomført eigenkontroll av utvalde saker. Det blei òg sett i gang eit omfattande arbeid med å oppdatera og forbetra fleire av tenesta sine rutinar og prosedyrar, utarbeida nødvendige malar i fagsystemet og oppdatera tenesta sitt delegeringsreglement. Å styrka internkontrollen har vore gjennomgåande for alle tiltaka. I desember 2024 starta kommunen eit omfattande prosjekt med mål om å gjennomgå og styrka internkontrollsystemet til barneverntenesta.

Kvalitetsplan barnevern

[Et barnevern i utvikling. Kvalitetsplan for barneverntjenesten i Stavanger \(2025–2030\)](#) blei vedtatt av Stavanger bystyre 18. november 2024. Ny kvalitetsplan er revidert med bakgrunn i lovverk, nasjonale og lokale føringar, tilrådingar i Agenda Kaupang sin rapport om barneverntenesta frå desember 2022, samt nylege tilsynssaker frå Statsforvaltaren.

Fosterheim

Det er framleis stor mangel på fosterheimar. Konsekvensen av dette er at barn også i 2024 har blitt buande for lenge i mellombelse beredskapsheimar. Det er Bufetat som har ansvaret for å finna fosterheimar, og barneverntenesta i Stavanger har gitt tilbakemelding både til Bufetat og statsforvaltaren om at Bufetat bryt sin lovpålagde bistandsplikt på dette området.

Personvern og informasjonssikkerheit

Tenesteområdet har fleire digitale system som skal ivaretakast og følgast opp. Dei siste åra har verksemdene tatt i bruk tre nye store fagsystem innanfor skule/barnehage, barnevern og PPT.

Sosiale medium

I 2024 blei det innført nye reglar for bruk av sosiale medium i Stavanger kommune. Desse reglane blir praktiserte strengt i oppvekst og utdanning, og som ein konsekvens av dette blei alle kontoar, sider og grupper i sosiale medium på skular og i barnehagar, med nokre få unntak, avslutta. Verksemdene i oppvekst og utdanning har allereie ein godkjent kommunikasjonskanal i Vigilo. I tillegg har skular og barnehagar egne heimesider. Desse kanalane gir ein strukturert og sikker plattform for kommunikasjon mellom skule, barnehage og foreldre. Tilsette har også godkjente samarbeidskanalar i Teams og Google Chat. Ved å avvikla sosiale medium kan kommunen prioritera ressursane på dei allereie godkjente kanalane. Ved å bruka dei godkjente kommunikasjonskanalane, sikrar kommunen betre kontroll og oversikt over kommunikasjonen. Dette bidreg til å førebygga større inngrep på elevar og føresette sitt personvern.

Vigilo

Vigilo er kommunen sitt oppvekstadministrative system for barnehage, skule og SFO. Etter innføringa i 2023 har kommunen tatt i bruk ny funksjonalitet for å sikra god informasjonsflyt og forenkla arbeidsprosessar. Ein ny tilretteleggingsmodul er tatt i bruk. I denne kan barnehagar og skular fatta enkeltvedtak og produsera elevdokumentasjon i eitt og same system. Tilsette og foreldre opplever det positivt at fleire behov blir dekte i eitt fagsystem. Vurdering av risiko og personvern har vore ein sentral del av dette arbeidet. Arbeidet med vidareutviklinga har kravd mykje opplæring og utvikling av nye rutinar. For å sikra at arbeidet har framdrift, blei det tilsett ein eigen tenesteansvarleg som har dagleg ansvar for Vigilo i tett samarbeid med stab, IT-avdelinga og verksemdene.

Modulus Barn

Som ein del av innføringa av Modulus Barn i barneverntenesta, har kommunen i 2024 jobba vidare med risikohandtering i form av opplæring, standardisering av rutinar og arbeidsprosessar. I tillegg er det gjennomført ein større revisjon av risikodokumentasjonen – frå innføringsfasen til ein meir driftsretta fase av systemet. For å auka robustheit og sikra kontinuitet i drifta av Modulus Barn, blei det i 2024 sett i gang ein rekrutteringsprosess for å tilsetta ein systemansvarleg. Dette inneber ei auke frå éin til to systemansvarlege. Det er forventa at ny systemansvarleg er på plass i løpet av første kvartal 2025.

Økonomi

Barnehage

Rekneskapen for barnehage viser eit meirforbruk på kr 52,5 mill. i 2024. Det svarer til ein forbruksprosent på 103,7 av ei budsjettramme på kr 1,45 mrd.

Det har over tid opparbeidd seg ein ubalanse mellom det som blir tildelt den enkelte barnehageverksemda gjennom barnehagemodellen (med utgangspunkt i faktisk antal plasserte barn) og vedtatt budsjettramme på barnehageområdet. Årsaka til dette er at talet på barn med plass i

barnehagane er høgare enn talet på barn som ligg som føresetnad i vedtatte barnehagebruksplanar og vedtatt budsjettramme. Dette har gitt ein akkumulert effekt og ført til høgare kostnader enn budsjettert.

Dei kommunale barnehageverksemdene har i 2024 hatt eit vesentleg meirforbruk. Barnehagane brukar meir enn budsjettert til styrkt barnehagetilbod, og denne situasjonen er uforandra samanlikna med 2023. Meirforbruket skuldast høgare aktivitet gjennom vedtak om fleire timar enn budsjettert til oppfølging av vedtak om spesialpedagogisk hjelp i kommunale og private barnehagar.

I tillegg har barnehageverksemdene høge utgifter til vikarar og innleige. Sum netto meirforbruk til vikarar og innleige (dvs. meirforbruk knytt til vikarar fråtrekt mindreforbruk fastlønn og meirinntekter refusjonar) i 2024 er kr 19,1 mill., som er ei auke frå kr 16,6 mill. i 2023. I 2022 blei det innført ei ordning med faste vikarar i dei kommunale barnehageverksemdene. Denne vikarordninga skulle føra til redusert kjøp frå eksterne vikarbyrå. Det blei derfor lagt inn eit innsparingskrav som i 2024 var på kr 10 mill. Verksemdene har likevel i denne perioden ikkje klart å redusera det samla forbruket på vikarar og innleige.

I 2024 blei det sett av kr 40 mill. til prøveordning fleksibelt barnehageopptak. I 2. tertial blei prøveordninga kostnadsberekna til kr 7 mill. og barnehageramma blei derfor redusert med kr 33 mill.

Barne- og familiesenteret

Rekneskapen for barne- og familiesenter viser tilnærma ein balanse mellom rekneskap og budsjett.

Verksemda har hatt eit mindreforbruk i løpet av året, som har blitt justert i tertialrapportane. Dette utgjorde kr 7,7 mill. Dette skuldast hovudsakleg at ikkje alle planlagde tilsettingar er gjennomførte. Det er forventa at alle tilsette er på plass i 2025.

Barneverntenesta

Rekneskapen for barnevern viser eit meirforbruk på kr 45,7 mill. av ei nettoramme på kr 392,5 mill. Dette svarer til ein forbruksprosent på 111.

Det har i løpet av 2024 vore ei auke i dei totale klientutgiftene, hovudsakleg på grunn av auke i antal barn som har vedtak om institusjonsplasseringar. Talet på institusjonsplasseringar auka i 2023, og auken har halde fram i 2024. Institusjonsplasseringar er det mest kostbare tiltaket i barneverntenesta. I tillegg har barneverntenesta gjennom året hatt ulike kostnadskreivande plasseringar i institusjon. Dette gjeld ungdom med rettar etter både barnevernlova og helse- og omsorgslova.

Bufetat har over tid hatt store utfordringar med å finna tilstrekkeleg antal fosterheimar. Det betyr at barn blir buande lenge i beredskapsheimar i påvente av fosterheim. I tillegg til meirbelastninga dette betyr for det enkelte barn, betyr det auka utgifter for barneverntenesta. Opphald i beredskapsheim over 12 månader er meir kostbart enn opphald i fosterheim.

Det har i 2024 vore meirutgifter på kr 8 mill. knytt til det nye fagsystemet Modulus, i hovudsak handlar dette om integrasjonar mot økonomisystemet og lønns- og personalsystemet, samt innleige av prosjektleiar.

Busetjing av einslege mindreårige flyktningar er løyst ved å nytta ledig kapasitet og utvida kapasiteten i eksisterande butilbod. Dette har vore ei meir kostnadseffektiv løysing og har ført til lågare bruk av integreringstilskotet.

Helsestasjon og skulehelsetenesta

Rekneskapen for helsestasjon og skulehelsetenesta viser eit mindreforbruk på kr 0,3 mill. av ei nettoramme på kr 143,2 mill. Dette svarer til ein forbruksprosent på 99,7.

Grunnskule

Rekneskapen for grunnskule viser eit meirforbruk på kr 60,4 mill. i 2024. Det svarer til ein forbruksprosent på 102,9 av ei total budsjettramme på kr 2,09 mrd.

Det totale sjukefråværet blant grunnskulane i 2024 var 8,1 prosent. Samanlikna med 2023 er dette ein nedgang frå 9 prosent. Det er i hovudsak langtidsfråværet som er redusert.

Kostnader for elevar med omfattande behov for oppfølging auka i 2024. Den delen av elevane som har vedtak om individuell tilrettelegging fell framleis, men kvar einskild elev har større behov enn før.

Utgiftene til spesialundervisning i private skular har auka vesentleg dei siste åra. I 2024 auka utgiftene med om lag kr 7 mill. samanlikna med 2023.

I 2024 har eit høgt antal elevar blitt overførte frå Johannes læringssenter til nærskulane. Desse elevane har rett på særskilt språkopplæring. Skuleramma har derfor i 2024 blitt styrkt med kr 20 mill. frå integreringstilskotet og udisponerte midlar frå Johannes læringssenter.

I 2024 viser resultatet eit mindreforbruk på om lag kr 2 mill. knytt til skulemat.

Skulane har i 2024 hatt eit vesentleg meirforbruk. 28 skular har ein forbruksprosent som er over 103. Dei fleste av desse skulane er barneskular. Meirforbruket skuldast hovudsakleg lønsutgifter som følge av at skulane har høgare bemanning enn tildelt budsjett. Dette er bemanning knytt til elevar i ordinær skule, elevar i SFO, elevar med særskilte behov og elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. I tillegg har verksemdene framleis høge vikarutgifter.

Ungdom og fritid

Rekneskapen for ungdom og fritid viser eit mindreforbruk på kr 4,9 mill. Dette svarar til ein forbruksprosent på 94,4. Mindreforbruket skuldast hovudsakleg ubrukte midlar knytt til fritidskortet samt enkelte ledige stillingar gjennom året.

Johannes læringssenter

Rekneskapen for Johannes læringssenter viser tilnærma balanse mellom budsjett og rekneskap. Johannes læringssenter har gjennom store delar av 2024 hatt eit mindreforbruk, hovudsakleg grunna høgare statlege tilskot enn budsjettet. Utgiftene som desse tilskota skal dekkja går over fleire år, og meirinntekta er derfor overført til 2025.

Helse og velferd

Innleiing

2024 var det tredje året på rad med over 700 busette flyktningar. Til saman har kommunen busett over 2300 flyktningar sidan 2022, i tråd med oppmodingane om busetting. Dette arbeidet har utfordra og lagt press på tenestene. Utviklinga i sosialhjelpsutbetalingane blei òg i 2024 påverka av situasjonen i Ukraina; ukrainske flyktningar utgjorde 22 prosent av alle som fekk økonomisk sosialhjelp. Kommunen må handtera flyktningar som ofte har svært ulike føresetnader for integrering i Noreg. Ulike flyktninggrupper krev særskild tilpassing i det kommunale tenesteapparatet. I tillegg har talet på flyktningar med høg alder og/eller samansette helsebehov auka. Den private leigemarknaden er tatt i bruk også i 2024 for å skaffa nok bustader. Samstundes som kommunen har klart å innfri sine forpliktingar, har den stramme leigemarknaden forsterka utfordringane for andre grupper i bustadmarknaden.

Tenester for innbyggjarar med ulike funksjonshindringar er utfordra. Dette er blitt stadig meir synleg i løpet av 2024. Om lag 90 personar har anten behov for bufellesskap no og ventar på plass, eller eit kartlagd framtidig behov. Ventelista er ikkje redusert gjennom 2024 sjølv om kommunen har opna to nye bufellesskap. Fleire av dei som ventar på plass i bufellesskap, får tenesta avlasting i staden. Ventelista og behovet for avlasting har òg auka. Behovet for bufellesskap og avlasting fører til aukande utgifter til kjøpte tenester. Når kommunen ikkje klarer å gje døgntenester fast til brukargruppa, aukar belastninga på pårørande som etter kvart slit med å stå i situasjonen. Planlagde byggeprosjekt tek tid å fullføra, og vil ikkje dekkja behovet.

Utgiftene til mellombels bustad flata noko ut i 2024, etter å ha auka frå kr 7,1 mill. til kr 53,7 mill. i perioden 2018-2023. Talet på bustadlause som har fått hjelp til mellombels bustad auka svakt samanlikna med året før. Auken er størst blant brukarar med rusavhengigheit, psykiske lidningar eller begge delar. Nokre bustadlause bur i mellombelse boligar lenge, og kan ha behov for oppfølging og andre typar butilbod enn dei kommunen har i dag.

Spesialisthelsetenesta og kommunen samarbeider om pasientar som har behov for kommunale helse- og velferdstenester etter behandling i spesialisthelsetenesta. Praksisen til spesialisthelsetenesta for å melda ein pasient utskrivingsklar påverkar både etterspurnaden etter heimetenester, institusjonstenester og oppfølgingstenester innan rus og psykiatri - og utfordrar kapasiteten, samstundes som kommunen betaler dagbøter. I 2024 betalte kommunen dagbøter tilsvarande kr 18,6 mill. Frå 2022 til 2024 auka talet på utskrivingsklare pasientar per år, med 27 prosent for pasientar innan somatikk og 101 prosent for pasientar frå psykiatrisk divisjon.

Det er førebels lite endring i ventelistene til sjukeheimplass, sjølv om den varsla auken i talet på eldre har starta. Samstundes aukar delen innbyggjarar over 70 år som klarer seg sjølve utan tenester. Kommunen har arbeidd med Leve HEILE LIVET-satsinga i over ti år, og delen eldre som klarer seg utan

hjelp viser ei jamn utvikling frå 2013 til 2024. At fleire eldre klarer seg utan tenester tyder på at dei held seg friskare lenger, og at førebygging og tidleg innsats verkar.

Oppfølging av prioriteringar og kommuneplanens satsingsområde

Helse- og velferdstenestene skal støtta opp om gode kvardagsliv. Samfunnsoppdraget inneber at innbyggjarar som treng det, skal få gode helse- og velferdstenester. Det skal skje innanfor rammene som kommunen har, og på ein måte som gjer at kompetansen til dei tilsette blir brukt på best mogleg måte.

Samfunnsplanane til kommunen peikar ut retning og prioriterte oppgåver, og er blant styringsverktøya som kommunen bruker. I 2024 vedtok bystyret tre planar innanfor helse- og velferdsområdet – *Handlingsplan for personer med demens*, *Temaplan for allmennlegetjenesten* og *Temaplan for funksjonshindrede*. Med dette er ni av ti planar i arbeidsprogrammet til utvalet for helse og velferd for perioden 2020-2024 på plass. Prioritering og oppfølging av tiltaka i dei tre nye planane starta i løpet av året. Arbeidet med tiltaka i dei øvrige seks planane heldt fram. Gode døme er arbeidet med pasientvarslingssystem på sjukeheimane, auka bruk av velferdsteknologi, «veka mot vald», arbeidet til TryggEst-koordinator, bustadosiale tiltak knytta til bustader for vanskelegstilte, tiltak innanfor sjølvmoedsførebygging og utvida pårørandeskule for pårørande til pasientar med demens. Bystyret sitt vedtak om nye arbeidsprogram for hovudutvala i juni inneheldt tre nye planar på helse- og velferdsområdet ([sak 62/2024 Planbehov og arbeidsprogram 2024-2028 – sluttbehandling](#)).

I mai 2024 blei Stavanger tildelt kr 1,5 mill. frå Digitaliseringsdirektoratet og DOGA til eit Stimulab-prosjekt. Tildelinga er eit av fire nasjonale prosjekt. Prosjektet er relevant for det bustadosiale arbeidet til kommunen, områdeutvikling og folkehelseutfordringar. Stimulab er ei stimuleringsordning som støttar forvaltningsorgan som vil løyse samfunnsutfordringar på tvers av fleire sektorar. Prosjektet *Nye vegar til kommunal busetting og nabolagsutvikling* skal utforska samanhengen og praksis mellom kommunal busetting, området si tåleevne og berekrafta i nabolag. I dag vel kommunen «raske» løysingar som blir vurderte som føremålstenlege for å løyse dagens bustadbehov, men som i eit lengre samfunnsøkonomisk perspektiv kan bli meir kostbare. Samhandling internt og på tvers av kommunale tenester, med lokalt næringsliv, frivilligheita og innbyggjarane er sentralt. Sidan tildelinga er det, i samarbeid med DOGA og digitaliseringsdirektoratet, anskaffa designkompetanse som skal bidra inn i prosjektet i 2025.

For å sikra like og tilgjengelege tenester til innbyggjarane uavhengig av kvar dei bur i kommunen, er fleire omorganiseringsprosjekt anten fullførte, undervegs eller under planlegging. I løpet av 2024 blei dei fire helse- og velferdskontora som tildeler tenester reduserte til to; helse- og velferdskontor sør og helse- og velferdskontor nord. På slutten av året kom begge helse- og velferdskontora på plass i nye lokale.

Omorganiseringa vil gjera det enklare for kommunen å levera tenester på rett nivå til innbyggjarar med behov for helse- og velferdstenester. Brukarar med langvarige og samansette behov vil få betre tilgang til samanhengande og koordinerte tenester med ny organisering. Dette er i tråd med dei strategiske måla for helse- og velferdsområdet.

Dei siste par åra er det gjennomført fleire omorganiseringar av tenestene til brukarar med utfordringar innanfor rus og/eller psykisk helse. Desse omorganiseringane er oppfølging av forvaltningsrevisjon og ulike tiltak i planar, og eit steg i retning av meir koordinerte og samanhengande tenester som ikkje overlappar kvarandre unødig. Samstundes har talet på utskrivingsklare frå spesialisthelsetenesta med rus- og psykiatriutfordringar dobla seg på to år, medan oppfølgingskapasiteten og butiltaka i kommunen ikkje er tilpassa behova. Tenestene er framleis for fragmenterte, og det er eit effektiviseringspotensial knytta til betre flyt, rett oppgåvefordeling og samhandling.

Partnerskapet for Nav Stavanger vedtok sommaren 2024 å starta eit innsiktsarbeid. Hensikta er å vurdere andre måtar å organisera verksemda på, eventuelt å redusere talet på kontor. Innsiktsarbeidet vil òg sjå til tilsvarende organisering i andre kommunar. Målet er å sikra eit likare tenestetilbod til innbyggjarane og ei betre utnytting av dei samla ressursane. Det blir lagt fram ein rapport i februar 2025 som grunnlag for ei avgjerd om vidare prosess.

Arbeidet med å skapa felles forståing for rammer, avgrensingar og ansvarsfordeling heldt fram. Nye tiltak blei prøvde ut i 2024, mellom anna arrangementet *Mellom himmel og helsevesen* for deltakarar mellom 55 og 69 år. Arrangementet hadde som mål å auka helsekompetanse, stimulera til meir sosial, fysisk og kulturell aktivitet og frivillig innsats, og hjelpe deltakarane til å planlegga eigen pensjonisttilvære. Forsøket med informasjonstorg for seniorar på Sølvberget blei avslutta og erstatta med ein innbyggartelefon og nye kartleggingsmetodar for eldre som ikkje mottar tenester.

Kommunen har gjennom fleire år arbeidd systematisk for å ta i bruk ulike typar velferdsteknologi som bidreg til aktivitet og eigenmeistring, og digitale løysingar som forenkla manuelle arbeidsprosessar og legg til rette for betre samhandling. I 2024 har arbeidet med nytt elektronisk pasientjournalssystem – den digitale grunnmuren i helse- og velferdstenestene – stått sentralt, ettersom gjeldande system skal avviklast seinast i 2028. Stavanger kommune leier prosjektet der alle Rogalandskommunane har kopla seg på. Ein gevinst av likt pasientjournalssystem på kommunesida er at kommunikasjonen med både andre kommunar og sjukehuset vil bli betre. I tillegg har fleire velferdsteknologiske løysingar auka i bruk i løpet av året, noko som frigjer tid for tilsette og betrar tenestene til brukarane.

For å kunna gi eit nødvendig tenestetilbod, må arbeidsdeltakinga og heiltidsdelen blant tilsette i helse- og velferdstenestene auka i åra framover. Heiltidsdelen er lågast i turnusbaserte yrke, derfor starta kommunen si satsing på heiltidskultur først i tenesteområdet helse og velferd og turnusverksemdene der. Frå oppstart i 2021 har tenesteområdet helse og velferd gått frå åtte pilotavdelingar til å inkludera heile verksemdene. Ved utgangen av 2024 deltek ti verksemdar, med over 2000 tilsette, i prosjektet. Det inkluderer både sjukeheimar, heimesjukepleie, bufellesskap, Stavanger legevakt og dagsenter og avlasting.

Prosjekt heiltidskultur jobbar på tre nivå; med strategi, struktur og kultur. I løpet av 2024 har fleire av verksemdene gjennomført oppgåvekartlegging som grunnlag for vurdering av bemannings- og kompetansebehov. Redusert sjukefråvær, meir aktivitet for brukarane, færre tilsette å forhalda seg til for brukarar og pårørande, og mindre bruk av vikarar og overtid er førebelse gevinstar av arbeidet.

Helse og omsorg

Fleire bygge- og overtakingsprosessar er gjennomførte

I 2024 pågjekk det fleire bygge- og overtakingprosessar knytta til alders- og sjukeheimane i kommunen. Stavanger kommune har høg dekningsgrad på sjukeheims plassar. Dekningsgraden er på cirka 23 prosent, eit nivå som få andre kommunar har. Eit innsiktsarbeid gjennomført i 2024 viste at dersom dekningsgraden skal haldast på same nivå framover, er det behov for ei urealistisk høg utbygging. Med auken i talet på eldre og nedgangen i tilgjengeleg arbeidskraft og fagfolk fram mot 2040, vil ikkje kommunen klara å driva så mange nye sjukeheimar.

Stavanger kommune gjennomførte to verksemdsoverdragingar i 2024. 1. oktober blei Øyane sjukeheim kommunal. Etter ønske frå stiftinga kjøpte kommunen bygget, og overtok drifta av sjukeheimen. 1. november blei verksemdsoverdraginga av Frue Gamlehjem iverksett. I løpet av året har dei bebuarane

på Frue Gamleheim som ønskte det, flytta til andre institusjonar. Tilsette og dei bebuarane som ville vera med til Ramsvigtunet sjukeheim, flytta samla dit i starten av desember. Drifta ved gamleheimen er avvikla. Stiftinga eig framleis bygget.

Fordelingsmodellen for sjukeheimar er revidert

Revidert fordelingsmodell for sjukeheimane blei ferdigstilt i 2024 (sak [67/2024 Revidert fordelingsmodell sykehjem](#) i utvalet for helse og velferd). Med den reviderte modellen vil finansieringa av sjukeheimane gå frå å vera ein delvis aktivitetsbasert inntektsmodell, til i større grad å bli rammefinansiert. Både kommunale og private ideelle sjukeheimar med driftsavtalar vil bli finansierte etter same modell. Den reviderte modellen skal bidra til forenkling og mindre administrativt arbeid. I tillegg gir den større økonomisk føreseielegheit, som igjen gir grunnlag for betre planlegging av den daglege drifta på sjukeheimane.

Sammen på God vei

Det interkommunale innovasjonsprosjektet *Sammen på God vei* heldt fram i 2024. Målet med prosjektet er å kartlegga kva som påverkar kor lenge ein pasient er på korttidsopphald, og å betra ressursutnyttinga i korttidsavdelingar. I 2024 blei innsiktsarbeidet avslutta, og tenesteutvikling er sett i gang både i Stavanger, i samarbeidskommunane og på Stavanger universitetssjukehus. Stavanger kommune jobbar med å fremja tverrfagleg samarbeid og målbasert pasientbehandling. Alle sjukeheimsavdelingar med langtids plassar fekk tilgang til IKOS- tavler (digitale samhandlingstavler). Tavlene skal bidra til betre oversikt over oppgåver knytt til pasientar, både for sjukepleiarane, helsefagarbeidarane, legar og fysioterapeutar, og sikra informasjonsflyt og oppfølging av oppgåver og fristar.

Avdelingsleiarnivået i heimebaserte tenester er styrka

Innanfor heimebaserte tenester er det venta ein auke i bruk av tenester i åra som kjem. Det har difor blitt jobba med å gjera tenestene meir robuste. Ei målretta utvikling for at brukarane skal kunna bu lenger og trygt heime krev både tydeleg leiarsøtte og endra måtar å jobba på. For å redusere leiarspennet er det difor tilsett fleire avdelingsleiarar.

Kvardagsrehabilitering som førsteval i pasientforløp 1 og 2

Teamet som jobbar med kvardags-rehabilitering har i perioden august 2023 – april 2024 gjennomført eit pilotprosjekt, der brukargruppa blei utvida frå å gjelda brukarar med forventa behov for tenester opp mot to veker, til òg å inkludera brukarane som har eit forventa behov opp mot fire veker. Teamet har som mål å starta rehabiliteringa tidlegare, ved å nytta metodar som gjer brukarane raskare sjølvstendige, og å styrka evnene deira til å klara seg sjølve. Pilotprosjektet omfatta Tjensvoll, Madla, Tasta og Kampen. Resultata viste ein nedgang og avslutning av tenester på opptil 67 prosent.

Oppgavekartlegging ved hjelp av teknologi

Hinna heimebaserte tenester har gjennomført eit pilotprosjekt saman med leverandøren M_Solution for å identifisera logistikk, tidsbruk og kompetansefordeling. Kartlegginga ga ei grundig oversikt over aktivitetar, tidstjuvar, oppgåver og ressursbruken i tenesta, og identifiserte område med potensial for forbetring og auka kvalitet. Tilsvarande kartlegging vil bli gjennomført i dei øvrige heimebaserte tenestene. Analysen av kartleggingane vil bli brukt i omstillingsarbeidet i 2025.

Utsifting av tryggleiksalarmar og e-låsar

Med nedstenginga av 2G-nettet og overgangen til 4G, som vil vera det einaste tilgjengelege nettet framover, starta kommunen arbeidet med å byta ut dei cirka 1900 tryggleiksalarmane som opererer på 2G-nettet. Dette er eit omfattande prosjekt som vil halda fram i 2025. Overgangen frå tradisjonelle nøkkelboksar til e-låsar og e-safar hos brukarar av heimetenester har pågått gjennom året. Forseinkingar frå leverandør og naudsynnte tryggleiksomsyn førte til at begge systema var i bruk parallelt gjennom året.

Simulering og kompetanseutvikling

For å kunna behalda og sørge for fagleg utvikling av helse- og sosialfagleg personell, har kommunen satsa på såkalla simulering, der tilsette får trene på ulike læringsmål i trygge omgjevnader. I 2024 fekk Stavanger tenesteutviklingstilskot frå Statsforvaltaren til å tilsetta ein simuleringskoordinator. I november starta ein pilot for å innarbeida simulering som metode i fire verksemdar med ulike brukargrupper.

Sjukeheimar og heimebaserte tenester har kartlagt eigen kompetanse, og identifisert eigne kompetansebehov framover. Resultatet av kompetansekartlegginga vil bli brukt til utarbeiding av kompetanseplanar både i den enkelte verksemd, og i den planlagde kompetanseplanen som er vedtatt i arbeidsprogrammet til utvalet for helse og velferd for perioden 2024-2028.

Rehabiliteringstenester i endring

For å utforska nye arbeidsmetodar sette fysio- og ergoterapitenesta i gang eit nytt prosjekt ved årsskiftet 2023/2024. Etter individuell oppfølging i heimen, har fleire brukarar no fått tilbod om å delta i gruppetrening i fysio- og ergoterapitenesta sine lokale. Samtreninga har auka kvaliteten på tilbodet med bruk av meir variert treningsutstyr, betre ressursutnytting og auka motivasjon og tilhøyrslø. Ordninga vil bli evaluert og vidareført fram til sommaren 2025.

Boligutforming og tilrettelegging

I 2024 har fysio- og ergoterapitenesta identifisert flaskehalsar og tidstjuvar i arbeidet med tilrettelegging av bustad og hjelpemiddel. Slik tilrettelegging er nødvendig for at fleire skal kunna bu trygt heime. For å sikra lik forståing i verksemdene internt i kommunen, og semje om korleis etterspurnad etter kommunale tenester skal handterast, er dette tema i møter med helse- og velferdskontora. Fysio- og ergoterapitenesta er også i dialog med Nav hjelpemiddelsentralen.

Brobyggjarstilling for betre samhandling og ressursutnytting

I 2024 blei det sett i gang eit arbeid gjennom ei brobyggjarstilling, der ein skal finna forbetningsområde mellom avtale- og kommunetilsette fysioterapeutar. Målet er å redusera ventetida og nytta dei samla ressursane betre. Behov og ønske frå begge sider er kartlagde, og arbeidet med å redusera ventelister og forbetra samarbeid er starta. Forbetningsarbeidet blir vidareført i 2025.

Utviklings- og forskingsprosjekt held fram

Kommunen er gjennom Helsehuset involvert i fleire forskings- og utviklingsprosjekt, blant anna systematisk ernæringsarbeid, verksemdsleiar-nettverk, barnepalliasjonsprosjekt og forprosjekt om eteforstyrningar. Gjennom ernæringsarbeidet har husassistentar på sjukeheimar og ernæringskontaktar i

heimebaserte tenester fått heva kompetansen sin og forbetra praksisen rundt dokumentasjon. I verksemdsleiar-nettverket, som USHT Rogaland (utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester) etablerte i 2024, har deltakarar frå heile Sør-Rogaland definert vidare arbeid med tema kvalitet og implementering. Barnepalliasjonsprosjektet *Barnets beste* har saman med Madla avlastningsbustad og kommunalt palliativt team etablert ei tverrfagleg ressursgruppe, fagleg nettverk i barnepalliasjon, og arrangert ein interkommunal fagdag for tilsette i barnehage og skule. Eit forprosjekt om eteforstyrningar, som skal bidra til betre innsikt i målgruppa sine hjelpebehov, avdekka at personar med lidinga «overspising», som er den vanlegaste eteforstyrkinga i befolkninga, mangla eit tilbod. Helsehuset fekk innvilga tilskotsmidlar til å utvikla og prøva ut eit strukturert oppfølgingstilbod til denne målgruppa. Forskingprosjektet [POINT](#) er avslutta, og tilsette har fått auka kompetanse og innsikt i behovet til målgruppa. Difor blir tilbodet, som er eit meistringsbasert og individuelt tilpassa oppfølgingstilbod til personar med langvarig smerte, vidareført.

Velferd og sosiale tenester

Omorganiseringa av helse- og velferdskontora er fullført

Omorganiseringa av helse- og velferdskontora blei fullført i slutten av 2024. Prosjektet starta i juni 2022, og har no gått over til vanleg drift. Omorganiseringa har kravd mykje leiar-kapasitet. Utviklingsarbeidet, som var del av målet med omorganiseringa, har til ein viss grad måtta utsettast til fordel for drift det siste året.

Hausten 2024 fekk alle tilsette opplæring for å auka forvaltningskompetansen ved helse- og velferdskontora. Eksterne ressursar bidrog til ein tenestedesignprosess, og utarbeida ei brukarreise som skal sikra likare tildelingspraksis. Eit inntaksteam og bruk av felles kartleggingsverktøy er blant forbetringstiltaka som vart avdekka. I tillegg er det utarbeidd ein gevinstplan med utvalde indikatorar for å sjå om omorganiseringa fører til forbetringar.

Som ein del av omorganiseringa vart koordinerande eining for habilitering og rehabilitering etablert som nye avdelingar i helse- og velferdskontora. Koordinerande eining har dette året hatt opplæring av koordinatorar i fleire verksemdar i helse og velferd. I november blei det avklart at dei to koordinerande einingane inntil vidare blir slått saman til ei bydekkande avdeling.

Rekordmange flyktningar får oppfølging

722 flyktningar fekk bustad i Stavanger kommune i 2024. 12 av desse var einslege mindreårige flyktningar. 88 prosent av dei busette er flyktningar frå Ukraina med mellombels kollektiv beskyttelse. Ved inngangen til 2024 hadde flyktingtenesta ansvar for oppfølging av i underkant av 1400 personar. Ved årets slutt var talet redusert til 1200.

Meir enn 500 av desse var deltakarar i introduksjonsprogrammet. I dette talet inngår også deltakarar frå Randaberg kommune som kjøper introduksjonsprogram frå Stavanger. 20 prosent byrja i arbeid eller utdanning etter at introduksjonsprogrammet var slutt i 2024. Det er 13 prosent færre enn i 2023. Resten er overførte til Nav for vidare oppfølging.

Behovet for oppfølging i bustad og sosiale saker har auka betydeleg det siste året. Sakene blir handterte i tett samarbeid med andre tenesteområde. Talet på busette flyktningar som har omfattande helseproblem har òg auka – ei dobling samanlikna med året før.

Det er etablert litt under 500 praksisplassar gjennom året, 200 fleire enn året før. 24 prosent av avtalane om praksisplass blei inngått med verksemder i offentleg sektor, 63 prosent i privat sektor og 13 prosent i frivillig sektor.

Mulighetssenteret for ukrainske flyktningar blei formelt opna 10. januar, og blei i si noverande form avvikla ved utgangen av året. Nav og flyktningtenesta vil halda fram med aktivitetar i senteret i 2025. Mulighetssenteret blei drive i tett samarbeid med ukrainske frivillige organisasjonar, andre frivillige aktørar, næringslivsaktørar og aktuelle offentlege etatar.

Talet på sosialhjelpsmottakarar aukar

Utviklinga i sosialhjelpsutbetalingane blei òg i 2024 påverka av ankomstar av flyktningar frå Ukraina. Brutto utgifter til sosialhjelp var 24 prosent høgare i 2024 enn i 2023. Talet på mottakarar av sosialhjelp auka med 12 prosent i same periode. Talet på sosialhjelpsmottakarar utan ukrainsk statsborgarskap auka med om lag 6 prosent samanlikna med året før. Nyregistrerte sosialhjelpsmottakarar auka med vel 16 prosent samanlikna med 2023.

Sosialhjelp til flyktningar frå Ukraina utgjorde 30 prosent av dei totale utgiftene, mot 20 prosent i 2023. Av alle som fekk økonomisk sosialhjelp i 2024, utgjorde ukrainske flyktningar 22 prosent (18 prosent året før). Denne gruppa utgjorde 20 prosent av alle nyregistrerte mottakarar. Talet på langtidsmottakarar totalt er 24 prosent høgare enn året før, og av langtidsmottakarar med sosialhjelp som hovudinntekt utgjorde ukrainske flyktningar 43 prosent.

HELT MED er ein stiftelse som arbeider for å inkludera personar med utviklingshemming og utviklingsforstyringar i det ordinære arbeidslivet. Stavanger kommune har hatt HELT MED-arbeidsplassar sidan 2020. I 2024 signerte kommunen ein samarbeidsavtale med HELT MED om å rekruttera inntil 20 nye arbeidsplassar i private og kommunale verksemder. Seks nye er tilsette, eller deltek i praksisutprøvinga som blir gjennomført før ei tilsetjing. Allservice og Attende, som kommunen har ein medfinansieringsavtale med, fekk tildelt 10 nye varig tilrettelagde arbeidsplassar sommaren 2024. Kapasitetsauken ved desse arbeidsplassane har gitt arbeidstilbod til personar med uføretrygd og funksjonshindringar.

Ambulerande oppfølgingstenester ROP etter første driftsår

Arbeidet med å samla fleire av dei ambulerande miljøtenestene til brukarar med rus- og/eller psykiske utfordringar starta i samband med opprettinga av verksemda ambulerande oppfølgingstenester ROP i september 2023. Ei oppsummering av første driftsår, viser at etableringa samla eit sterkt fagmiljø med tilgang til tverrfagleg kompetanse for brukarar. Samanslåinga vil få større effektar når verksemda er samla i same bygg frå desember 2024. Før det har fysisk arbeidsstad vore på tre stader. Ei samlokalisering vil leggja betre til rette for gode faglege diskusjonar og fleire samhandlingspunkt, noko som vil kunna påverka både tenesteutviklinga og samhandlinga mellom dei ulike avdelingane i verksemda.

For å sikra at tenestene blei meir tilgjengelege for brukarane, blei det gjort endringar i arbeidstida til tilsette som tidlegare berre arbeidde på dagtid. Frå januar 2024 har tilgjengelegheita i desse avdelingane blitt utvida to dagar i veka. Tilsette jobbar på tvers av avdelingane i desse vaktene, noko som i tillegg gir moglegheit for fagleg utveksling, erfaringsdeling og læring.

Betre utnytting av Lagård dag- og nattsenter

Lagård dag- og nattsenter er eit mellombels butilbod for bustadlause personar med rusproblem. Det har over tid vore lite sirkulasjon på ein del av plassane, og det blei i den samanheng gjort eit arbeid for å sjå på kva som kan gjerast for å auka sirkulasjonen. Fleire av dei som bur på Lagård, ventar på ledig kommunal bustad. I juni 2024 blei det etablert ei ordning med beredskapsrom i butilbodet, for å sikra overnattingsmoglegheit for innbyggjarar som har behov for akutt bustad når andre løysingar ikkje er tilgjengelege. Beredskapsrommet har vore i bruk 1-2 gonger i månaden sidan ordninga kom på plass.

Mange besøk på Stasjonen

Helse- og omsorgstilbodet Stasjonen hadde i fjor nærmare 4300 besøk på stuetilbodet, og 2700 besøk på det stasjonære helsetilbodet. Om lag 400 personar med rusavhengigheit brukte tilbodet. I tillegg gjennomførte det ambulerande helseteamet cirka 1000 oppdrag.

I 2024 blei endring i opningstidene vurdert. Fleirtalet av brukarane var fornøgde med dagens opningstid. Erfaringane frå dei tilsette er at dagens opningstid er positiv for brukarane, mellom anna fordi dei ofte har andre avtalar i byen på dagtid. Dei kan då samstundes nytta seg av tilbodet ved Stasjonen. Konklusjonen blei å behalda opningstidene.

Sirkulasjon i bufellesskap psykisk helse

For å ta imot fleire utskrivingsklare brukarar med særskilde behov, omgjorde verksemda BOA psykisk helse eit bufellesskap som tidlegare hadde dag/aften-bemanning, til å ha døgnbemanning. I samanheng med dette blei det gjort endringar i fleire bufellesskap. Målet er at fleire brukarar skal flytta ut frå bufellesskap og klara seg med mindre oppfølging. Blant anna har fire brukarar flytta til ein bustad utan stadleg bemanning, og får oppfølging frå eit ambulerande team. For å motivera fleire til å flytta ut, har ein erfaringskonsulent i bu og aktivitet psykisk helse direkte oppfølging av brukarar for å motivera dei til å flytta i eigne leilegheiter.

Nye bufellesskap

Stavanger kommune ferdigstilte to bufellesskap for menneske med funksjonshindringar, eit sjøelveigd og eit kommunalt eigd bufellesskap, i starten av 2024. Innflyttinga har skjedd trinnvis - i august var alle bebuarane flytta inn. I september blei det halde offisiell opning av begge bufellesskapa.

Gjennom året har fleire av verksemdene jobba vidare med kompetanseheving. Blant anna har kommunen auka kompetanse innan førebygging og handtering av aggresjons- og valdsproblematikk (MAP), traumebevisst miljøterapi, gruppeterapi, valdsførebygging, positiv åtferdsstøtte, koordinatorfunksjon og barnepalliasjon.

Etterspurnad etter dagtilbod og avlasting

Kvart år er det ein jamn tilvekst av yngre personar med varige behov for dagtilbod. I 2024 fekk cirka 20 nye brukarar tilbod. Poppeltunet aktivitetssenter har fått utsett byggestart til 2027. I påvente av dette starta Bekkefaret aktivitetssenter i mai 2024, og førebuingar til oppstart av ny avdeling på Gausel til neste år kom i gang.

Det er stor etterspurnad etter tenesta avlasting i bustad. Ved årsslutt venta 24 nye familiar på avlasting (mot 6 familiar i 2021), i tillegg til 22 familiar med behov for meir avlasting. 36 familiar med avlasting ventar på plass i bufellesskap. Kommunen gir i dag avlasting i fem ulike bygg, med til saman 25 plassar.

Tenesta timebasert avlasting for barn og unge gjekk over i drift i løpet av 2024. Målet er å utnytta ressursane betre, gi ei meir differensiert avlastingsteneste, og ei meir målretta avlasting til familiar med meir tyngande omsorgsoppgåver. I desember 2024 var det 15 brukarar som mottok tenesta, og 21 barn på venteliste.

Fleire tildelte bustader for vanskelegstilte og færre på venteliste

Talet på tildelte bustader for vanskelegstilte har auka frå 138 i 2023 til 217 i 2024. Stavanger kommune har i 2024 jobba aktivt med å auka talet på kommunale utleigebustader og få ned ventelistene. Nedgangen i talet på husstandar på venteliste frå midten av året skuldast i stor grad tildeling av nye bustader. Det er ikkje fleire som flyttar ut av kommunale bustader enn tidlegare. Det er i første rekke skaffa fleire, nye bustader for husstandar utan barn. Behovet for familieboligar har auka sidan 2023. Det har vore ein nedgang i talet på søknader frå 750 i 2023 til 659 i 2024. Søknadene inkluderer bustader for vanskelegstilte, omsorgsbustad, byttesøknader og fornying av leigekontrakt.

Antal husstandar på venteliste for bustader for vanskelegstilte per 31.12

2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
74	101	101	87	139	173	158

Liten auke i kjøp av bustad ved hjelp av startlån

Utbetaling av startlån har hatt ein liten auke frå kr 469 mill. i 2023 til kr 501 mill. i 2024. Ramma for 2024 var opphavleg kr 300 mill. kroner, men blei auka til totalt kr 500 mill. kroner i tertialrapport per 31.8.24. Fleire har kjøpt bustad ved hjelp av startlån trass i dyrtid og auka bustadprisar.

Talet på søknadar om startlån auka med 11 prosent frå 2023 til 2024.

Tal på husstandar som har kjøpt bustad med startlån	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Husstandar med barn	83	125	120	132	111	118
Husstandar utan barn	71	56	67	75	65	65
Husstandar i alt	154	181	187	207	176	183
• Herav kommunale leigetakarar	33	30	31	34	28	27

Søkarar som ikkje kan fullfinansiera ein bustad med startlån, kan få tilskot til etablering i tillegg. Søkarar med behov for bustadtilpassing som følge av funksjonshemming kan få tilskot til tilpassing. Samla utbetaling for dei to tilskotsordningane var på kr 12,4 mill. i 2024, og er på same nivå som i 2023.

Uendra tal for krisesenteret

Fleire nasjonale kriminalsaker i 2024 handla om vald og drap i nære relasjonar. Krisesenteret, der Stavanger er vertskommune for 14 andre kommunar, hadde større pågang på tenestene i tidsrom der det var mykje medieoppmerksomdom om draps- og valdsaker. I løpet av året er risikovurderingane og tryggleiksprosedyrene gjennomgått og oppdaterte.

Talet på dagssamtalar (poliklinisk) gjekk ned frå 2023 til 2024. Dagtilbodet var stort sett fullt utnytta, med gjennomsnittleg fem samtalar per verkedag. Det desentraliserte samtaletilbodet er utvida. I tillegg til Ryfylke og Dalane inkluderer det no òg jærkommunane. Samla sett er talet på bebuarar på krisesenteret omtrent likt som føregåande år. Utviklinga viser at det er færre menn som nyttar seg av butilbodet, men ei auke av kvinner og barn. Butida har gått litt opp for kvinnene, medan det er ein nedgang i bebuardøgn for menn og barn. Krisesenteret rapporterer om at sakene blir stadig meir kompliserte, men òg at godt samarbeid med andre instansar er ein suksessfaktor i slike saker.

Samfunnsmedisin – legevakt og legetenester

Oppbygging av fastlegekapasitet

Fastlegeordninga i Stavanger har auka kapasiteten i løpet av 2024. Fem nye heimlar blei oppretta med cirka 3400 nye listeplassar, fordelt på to nye legekontor med 8.2-drift og eitt privat legesenter. 8.2-kontor inneber at kommunen har ansvar for drift av sjølve senteret, medan fastlegane jobbar som sjølvstendig næringsdrivande med leige av kontorplass.

Ved utgangen av året hadde kommunen eit lite overskot på ledige plassar hos fastlegane, til forskjell frå starten av året. Gjennomsnittleg listetak hos fastlegane gjekk noko ned, og nærmar seg landsgjennomsnittet.

Ved utgangen av året fekk 27 200 innbyggjarar frå andre kommunar fastlegetenester i Stavanger. Motsatt hadde 17 800 Stavanger-innbyggjarar fastlege i ein annan kommune. Differansen – kalla gjesteinnbyggartalet – har auka frå 7700 i januar 2024 til 9500 per 1. desember 2024.

I løpet av 2024 blei det rekruttert til åtte etablerte fastlegeheimlar i sjølvstendig næringsdrift. Vikarbruken har vore kortvarig i dei fleste tilfella, og primært dekkja gjennom vikarbyrå.

I 2024 blei det utarbeidd ein rettleiar med rolleavklaringar for kommuneadministrasjon ut mot fastlegeordninga, og ein intervjuguide for fastlegar for å styrka prosessen rundt omsetting av fastlegeheimlar. Det blei òg konstituert eit rekrutteringsteam på tvers av alle legetenester i kommunen for å utarbeida rutinar for samhandling mellom verksemdene i allmennlegetenesta, og auka synlegheita på kommunen sine nettsider. Driftsløysingar, bistand ved omsetting og rekrutteringstiltak er tiltak i *Plan for allmennlegetjeneste 2024-2027*.

Kommunen si utdanningsverksemd vert utvida

Som utdanningsverksemd har Stavanger kommune rundt 70 allmennlegar i spesialisering (ALIS), fordelt på næringsdrivne fastlegekontor og kommunale verksemdar som sjukeheim, legevakt, helsestasjon og kommunale fastlegekontor. I 2024 har 19 legar starta i spesialisering i allmennmedisin i kommunen, og åtte kandidatar har fått spesialistgodkjenning. Det er i løpet av året rekruttert fire nye kandidatar til

toårige introduksjonsstillinger ved fastlegekontor. Stavanger har totalt seks slike stillingar. Organisering av mottak av medisinstudentar til praksis i kommunen gjennom Vestlandslegen er òg under arbeid.

Tilgjenge på spesialistar i allmennmedisin som kan rettleia ALIS ved kommunale verksemder, er tidvis utfordrande. Dette har vore løyst ved å tilsetta spesialistar frå næringsdrift. For å gje kandidatane meir stabilitet og kontinuitet vart det lyst ut ei 40-prosentsstilling som rettleiar til ALIS. I denne stillinga skal ein ha ansvar for fleire ALIS, og skal oppsøka kandidatane ved arbeidsstaden.

Tilsyn ved legevakten sine tenester

I 2024 hadde Stavanger legevakt om lag 45 000 legekonsultasjonar på legevakta på Våland og med legevaktbil. Dette er ein liten nedgang samanlikna med 2023 og 2022.

I juni 2024 gjennomførte Statsforvaltaren i Rogaland systemtilsyn med Stavanger legevakt. Den endelege rapporten kom i september 2024, og konkluderte med to lovbrøt i tillegg til nokre forslag til forbetringar. Arbeidet med å planlegga og gjennomføra tiltak for å retta opp lovbrota starta opp med ein gong, og vil halda fram i 2025.

I november 2024 gjennomførte Sivilombodet tilsyn i Stavanger fengsel. Dette var både tilsyn av den statlege kriminalomsorga, og den kommunale fengselshelsetenesta. Kommunen avventar den endelege rapporten, og følger opp resultatet av denne i 2025.

Stavanger legevakt er ei av fleire tenester som skal flytta inn i nytt helsebygg på Ullandhaug når det står ferdig. I 2024 vart brukargruppemøta med representantar frå dei ulike funksjonane som skal flytta inn i bygget, avslutta. Det vert no jobba med å planlegga og gjennomføra eit organisasjonsprosjekt for heile bygget. Prosjektet skal sjå på pasientflyt og tenesteutvikling i forkant av innflytting i 2027.

Fase 2 for Ryfylke legevakt

Fase 2 av arbeidet med legevaktløyning etter kommunesamanslåinga starta i slutten av 2023. Våren 2024 vart det utarbeidd eit kunnskapsgrunnlag om kommunen sine to legevaktdistrikt. På hausten konkluderte kommunedirektøren med at Ryfylke legevakt skulle knyttast organisatorisk til Stavanger legevakt. Fase 2 held fram med ein konseptutviklingsfase.

E-helse og velferdsteknologi

Framtidas journal – nytt elektronisk pasientjournalssystem på trappene

Elektronisk pasientjournal er lovpålagt, og det viktigaste digitale verktøyet i helse- og omsorgssektoren. Prosjektet med nytt elektronisk journalssystem har pågått heile 2024, med stadig høgare tempo, og er eit sentralt element i oppfølginga av *Handlingsplan e-helse og velferdsteknologi 2023-2026*. Boen-samarbeidet (Bergen, Bodø, Bærum, Kristiansand og Stavanger) vedtok i oktober at dei respektive kommunane skal gjennomføre separate anskaffingar, samstundes som samarbeidet om strategiske element som teknisk innretning og gevinstplanlegging vert vidareført. Bakgrunnen for prosjektet er at mange kommunar har utdaterte journalssystem. For Stavanger sin del vert CosDoc avslutta i 2028 (såkalla end-of-life). Ei ny løysing vil gje tilsette eit enklare og meir intuitivt reiskap, der brukar- og pasientoppfølging kan føregå meir effektivt.

I Rogaland har alle kommunane slutta seg til anskaffinga. Ei førespurnad frå fem kommunar på Søre Sunnmøre medførte at desse òg er med på ein opsjon på Stavanger si anskaffing.

Dei viktigaste dokumenta til anskaffinga har vore ute på høyring i alle Rogalands-kommunane, og vart like før jul sendt ut på offentleg høyring i marknaden. Konkurransen vert lyst ut i 1. kvartal 2025.

Omstilling, endringar i infrastruktur, gevinstplanlegging og slutføring av eksisterande system inngår òg i planleggingsarbeidet inn mot nytt journalsystem.

Digital heimeoppfølging i oppstart

Digital heimeoppfølging inneber at heile eller delar av eit behandlingstilbod føregår utan fysisk kontakt. Dette kan innebæra kommunikasjon via video, telefon eller meldingar. Stavanger kommune har anskaffa løysing og lagt til rette for oppstart i miljøtenesta, avdeling for friskliv og meistring og IKART/fysio-ergoterapitenesta. Det interkommunale ambulante rehabiliteringsteamet (IKART) er eit samarbeid mellom Helse Stavanger HF og alle kommunar som har avtale med IKART i Sør-Rogaland. Digital heimeoppfølging skal bidra til redusert ressursbruk i tenesta, samstundes som brukarane vert godt ivaretekne. Prosjektet er eksternt finansiert og går gradvis over til drift i løpet av dei neste par åra.

Anskaffing av elektronisk pasientjournal for kommunale legekontor

I 2024 vart det utarbeidd og lyst ut konkurranse om anskaffing av nytt elektronisk pasientjournalsystem (EPJ) til dei seks kommunale fastlegekontora. I 2025 vert det stegvis innføring av vald løysing for EPJ.

Tilrettelegging for meir velferdsteknologi

Stavanger kommune har auka talet på medisindispenserar i bruk frå 160 til 350 gjennom 2024. Desse dispenserane er kopla opp mot elektronisk pasientjournal via velferdsteknologisk knutepunkt (VKP), noko som sikrar at helsepersonell har oppdatert informasjon om pasienten sin medisinsbruk. Bruk av elektronisk medisindispenser bidreg til å redusere talet på besøk, reduserer feilmedisinering og forbetrar pasientsikkerheita.

Statsforvaltaren gjennomførte eit landsdekkande tilsyn på bruk av elektroniske medisindispenserar. Stavanger kommune fekk påvist tre lovbrøt. Lovbrøta er retta opp i, alle rutinar er oppdaterte og nye tiltak er sette i drift.

Kommunen har etablert ei ressursgruppe beståande av tilsette frå dei heimebaserte verksemdene, frå tekniske heimetenester og frå helse- og velferdskontora. Denne gruppa har eit særskilt ansvar for å fremja, auka og innføra bruk av velferdsteknologi i dei daglege tenestene. Gruppa fungerer òg som eit bindeledd mellom administrasjonen og aktiv teneste, og skal sørge for at informasjon flyt saumlaust mellom systema og brukarane. Hovudmålet er å forbetra effektiviteten og kvaliteten på tenestene som vert tilbydde ved hjelp av velferdsteknologi, men òg å forenkla koordineringa mellom dei ulike tenesteytarane.

Økonomi

Helse og omsorg

Rekneskapen for helse og omsorg viser eit meirforbruk på kr 29,2 mill. i 2024. Det tilsvarar ein forbruksprosent på 101,6 av ei budsjettramme på kr 1,9 mrd.

Meirforbruket skuldast i hovudsak rekrutteringsvanskar og høgt sjukefråvær på sjukeheimar og heimebaserte tenester, noko som har ført til auka behov for innleigd personell. Det vart brukt kr 43 mill. i kjøp frå vikarbyråtenester i 2024, noko som tilsvarar ei auke på kr 10,5 mill. frå 2023. Overtid utgjorde 33 mill. i 2024, ei auke på 3,1 prosent samanlikna med 2023.

Talet på medisindispenserar har nesten dubla seg frå april 2023 til hausten 2024, og prisen per eining auka frå 1580 til 2200 kroner. Dette førte til at dei totale utgiftene for medisindispenserar i 2024 nærma seg 9 millionar kroner, kr 5,4 mill. meir enn budsjett.

Velferd og sosial

Rekneskapen for velferd og sosiale tenester viser eit meirforbruk på kr 164,7 mill. i 2024. Det tilsvarar ein forbruksprosent på 107,4 av ei budsjettramme på kr 2,2 mrd.

Klientutgifter

Meirforbruk på klientutgifter var på kr 81,4 mill. Dette skuldast kjøp av brukarstyrt personleg assistent (BPA), kjøp av bustad med heildøgntenester og utskrivingsklare pasientar. BPA hadde ei auke på kr 27 mill., og det vart totalt kjøpt for 139,5 mill. i 2024. Budsjettet var på kr 103,7 mill. Bustad med kjøpte heildøgntenester hadde ei auke på 6,5 mill., noko som tilsvarar 5 prosent auke. Denne auken skuldast at prisveksten på bustad med kjøpte heildøgntenester var høgare enn 5 prosent, og ikkje ei auke i omfanget av tenestekjøp. Det vart totalt kjøpt for 136,5 mill. i 2024. Budsjettet var kr 103 mill. i 2024. Utgifter knytt til utskrivingsklare pasientar auka med kr 7,6 mill., noko som tilsvarar 69 prosent auke frå 2023. Totalt vart det brukt 18,6 mill. i 2024. Både innan somatikk og psykiatri har det auka. Budsjettet i 2024 var kr 6,5 mill.

Brukerretta tenester

Meirforbruket på brukarretta tenester var på kr 60,2 mill. Nye brukarar med andre behov enn tidlegare har ført til endra kompetansebehov og auka bemanningstettleik i fleire av avdelingane. Rekrutteringsutfordringar har medført auka bruk av overtid, forskyving av vakter og interne vikarar.

Tildelingar

Velferd og sosiale tenester vart tildelt totalt kr 92,5 mill. i [sak 57/2024 Tertialrapport per 30.04](#) og [sak 97/2024 Tertialrapport per 31.08.2024](#). Dette utgjer mellom anna:

- Kr 70 mill. NAV sosialhjelp. Utbetaling av sosialhjelp har vore aukande i 2024, og stadig fleire innbyggjarar mottar støtte for å dekkja levekostnader. Dette skuldast hovudsakleg tilkomne flyktningar frå Ukraina, men det har òg vore ein auke sett bort frå flyktningssituasjonen. Talet på sosialhjelpsmottakarar utan ukrainsk statsborgarskap auka med om lag 6 prosent samanlikna med året før. Det same gjaldt utbetaling av sosialhjelp, som auka med om lag 9 %. I [2. tertial 2024](#) vart budsjettet til NAV derfor styrka med kr 70 mill. for å dekkja auka sosialhjelpsutgifter generelt.

- Kr 11,5 mill. til bufellesskapa, korav kr 10 mill. skulle gå til å dekkja utgifter knytta til meir krevande brukarar enn forventa i nyetablert bufellesskap. Dei resterande 1,5 mill. skulle dekkja meirutgifter som følge av konkrete endringar i brukargruppa på tvers av fleire avdelingar.
- Auka inntekter frå tilskot til ressurskrevande tenester og eigenbetaling på sjukeheim på totalt kr 45,8 mill. vart omprioritert til velferd og sosial frå stab og sentralt, og til helse og omsorg.

Velferd og sosial er tilført nærmare kr 82 mill. frå integreringstilskotet i løpet av 2024, for å dekkja ekstra utgifter knytta til busetting og integrering av flyktningar frå Ukraina. Les meir om dette i det sentrale økonomikapittelet.

Samfunnsmedisin

Rekneskapen for samfunnsmedisin viser eit meirforbruk på kr 17,9 mill. i 2024. Det tilsvarar ein forbruksprosent på 106,1 av ei budsjettamme på kr 291,5 mill.

Hovudårsaka til meirforbruket er rekrutteringsutfordringar og fråvær på legesida, som har ført til bruk av vikarbyrå og kostbare ekstravaktordningar. Fråvær og rekrutteringsutfordringar får særleg store utslag blant legane grunna eit høgt lønsnivå, som dermed blir betydeleg større ved bruk av ekstragodtgjersler. NAV refunderer berre opp til 6G (744 168 i 2024) ved sjukefråvær, alt over 6G dekkjer kommunen. Samstundes er dette ei yrkesgruppe som er svært ettertrakta, og dermed utfordrande å rekruttera til små stillingar eller korte vikariat.

Bymiljø og utbygging

Innleiing

Tenesteområdet bymiljø og utbygging har koordinert kommunen sitt klima-, natur- og miljøarbeid, og følgd opp sitt breie ansvar for kommunens investeringar i bygg og anlegg, tenester som vatn, avløp og renovasjon, kommunale gatar og uterom, parkar, idretts- og naturområde, forvaltning av alle kommunale bygg, eigedommar og uteområde, koordinering av sentrumsutviklinga, bydrift og løyve til servering og skjenking.

I tillegg til den daglege drifta av Stavanger kommune, har natur- og klimakrisa, situasjonen i bustadmarknaden og strammare økonomiske rammer prega arbeidet i 2024.

Kutt i klimagassutslepp, klimatilpassing og sikring av miljø og natur må gå hand i hand og ligga til grunn i all kommunal verksemd. Arbeidet med å sjå klima- og naturkrisa i samheng og forankra dette i heile kommunen heldt fram i 2024. I 2024 signerte Stavanger kommune og fleire store samfunns- og næringsaktørar den første [klimakontrakten](#). Denne skisserer kva endringar vi i fellesskap er samde om å gjera, kva det vil kosta samfunnet og kven som gjer kva i omstillingsarbeidet. Bystyret vedtok i [sak 91/2024 Mission cities - Klimakontrakt Stavanger](#) at klimakontrakten skal danna grunnlaget for revisjon og utarbeiding av nye relevante kommunale planar, og at ein styringsmodell for Mission Cities (klimanøytrale byar) vil bli utvikla.

Den økonomiske situasjonen har saman med større regelkrav og store forventningar frå innbyggjarar og politikarar auka behovet for omstilling. Dette for å kunna levera tenester av høg kvalitet med mindre ressursar. Prisveksten dei siste åra har medført at fleire prosjekt måtte oppjustere budsjetta. Det gjorde òg etterleving av prinsippet om verdibevaring utfordrande, men like viktig. Å halda ved like og vidareutvikla porteføljen vår med kommunale bygg, uteområde, vegar, grønne og blå område samt vatn-, avløps- og renovasjonsinfrastruktur er avgjerande. Dette fordi vedlikehaldsetterslep vil føre til betydeleg større kostnader på eit seinare tidspunkt.

Fleire planar ble utarbeida i 2024, mellom anna:

- Temaplan Grønn plan, del 2 ([sak 1/2024 i utval for klima og natur](#))
- Strategi for langsiktig vern av Sørmarka og grønstruktur ([sak 48/2024 i utval for klima og natur](#))
- Skybruddsplanen - handlingsdel ([sak 13/2024 i utval for klima og natur](#))
- Vann i Stavanger 2024-2035 (strategi- og temaplan) ([sak 48/2024 i bystyret](#))
- Temaplan for pollinerende insekter med handlingsdel ([sak 17/2024 i utval for klima og natur](#))
- Handlingsplan for fremmede arter ([sak 49/2024 i utval for klima og natur](#))
- Forslag til temaplan småbåthavner var på høyring i 2024 ([sak 60/2024 i utval for klima og natur](#))
- Trafikksikkerhetsplan ([sak 5/2025 i bystyret](#))
- Handlingsplan mot støy 2024-2029 ([sak 80/2024 i utval for klima og natur](#))
- Handlingsplan lysplan Stavanger sentrum ([sak 127/2024 i formannskapet](#))
- Ifølgje vedtak i utval for kultur, idrett og samfunnsdialog ([sak 6/2023 Oppstart - Temaplan Idrett 2024-2040](#)) skulle Temaplan idrett 2024-2040 leggast fram for politisk behandling i 2024. Planane som i dag utgjer idrettspolitikken i Stavanger er [Fagplan idrett 2019-2036](#) og [Temaplan for utvikling av idrettsanlegg 2023-2039](#). Desse dekkjer behovet kommunen har dei neste åra med omsyn til mål, strategiar og handlingsprogram. I lys av omstillingsarbeidet og behov for enno strengare prioritering av ressursar, blei arbeidet med temaplan satt i bero.

Oppfølging av prioriteringar og kommuneplanens satsingsområde

Gode kvardagsliv

Nye uteanlegg

I 2024 heldt Stavanger kommune fram med å utvikle møteplassar, leikeplassar, nærmiljøanlegg, byrom og andre uteareal som eit bidrag til sosial inkludering, deltaking og gode kvardagsliv.

Følgande uteområde blei ferdigstilt i 2024: uteareala ved Molkeholen barnehage, Malthaug barnehage, skulegardane ved St. Svithun ungdomsskole, Ombo oppvekstsenter og Vassøy skule.

Kvernevik torg har fått eit løft, og i Kvernevik strandpark er ein gapahuk etablert. På Hinna har skate- og nærmiljøanlegget blitt anlagt. Bangarvågen skatepark og tennisbanen på Judaberg er oppgradert.

Vidare blei fleire barnehage- og skulegardsprosjekt igangsett i 2024.

Under opninga av *Parken på torget – mobil skog* på Hillevåg torg i november 2024 signerte kommunal- og distriktsminister Erling Sande og ordføraren [Områdesatsing Stavanger](#).

Arbeidet med oppgradering og utviding av gravlundane i kommunen (Revheim gravlund, Hundvåg gravlund, Askje kyrkjegard, Talgje kyrkjegard og Sjernarøy kyrkjegard) heldt fram.

Idrettsanlegg

I [1. tertial 2024](#) vedtok bystyret at «Det igangsettes anbudskonkurranse for nytt klubbhus/garderobeanlegg for Vaulen IL. Finansiering bes innarbeides i HØP 2025-2028.» og «Arbeidet med klubbhus på Rennesøy, og anlegget til Vidar og Stemmen-prosjektet prioriteres gjennomført snarlig. Finansiering innarbeides i forbindelse med HØP 2025- 2028.» Videre blei det vedtatt at «Bystyret er opptatt av samarbeid mellom kommunen og ideelle organisasjoner / private aktører. Mange investeringsprosjekt er planlagt kun i kommunal regi. Bystyret ber om en sak til formannskapet der mulige samarbeidsprosjekt belyses.»

Kommunedirektøren la før *Handlings- og økonomiplan 2025-2028* fram ei sak om ny finansieringsmodell for garderobar og klubbhus. Saka inkluderer oppfølging av vedtaket. Basert på endeleg vedtak i formannskapet 16. januar 2025 ([sak 4/2025 Ny modell for finansiering og utbygging av garderobar og klubbhus](#)) og *Handlings- og økonomiplan 2025-2028* vil kommunedirektøren utarbeide kriterier og retningslinjer i dialog med klubbane. Anbudskonkurranse for nytt klubbhus/garderobeanlegg for Vaulen IL er tatt opp att etter avklaringar og bystyrets vedtak i *Handlings- og økonomiplan 2025-2028*. Dette klubbhuset har ei særskilt finansiering og følger ikkje ny finansieringsmodell vedtatt i formannskapet [sak 4/2025 Ny modell for finansiering og utbygging av garderobar og klubbhus](#).

I Lassa idrettspark har rehabilitering av bowlsbanen og cricket pitchen blitt starta i 2024 og skal vera ferdig i 2025. Kunstgrasbanane Buøy 7er bane, Stemmen 7er bane og Hinna 11er bane er blitt rehabiliterte.

Veg- og trafikkanlegg

Trafikksikkerhetsprosjekt i 2024 omfattar oppstramming av vegkryss, opphøgde gangfelt, etablering av fartshumpar, bygging av fleire snuplassar og etablering av fortau.

I løpet av 2024 blei alle kommunale bruer og kaier inspiserte. I tillegg blei det mellom anna gjennomført spesialinspeksjonar og undervassinspeksjonar av Tunsøy kai, Hellesøy kai, Svankevigå og Judaberg kai. Tunsøy kai blei rehabilitert, Aubø-Kalveneset kai utbetra og Lindøy kai ombygd for å betre forholda for Medstraum - verdas første el-hurtigbåt. Sandvikveien bru blei utbetra.

Bygge- og anleggsprosjekt

Kommunens bygge- og anleggsprosjekt er grunnleggjande for å sikre gode kvardagsliv, ein attraktiv kommune og region. Blant fleire bygge- og anleggsprosjekt i 2024 kan nemnast:

- Lervigsprosjektet – skal overleverast 17. februar 2025. Prosjektet leverer innanfor ramma.
- Strømvig barnehage – tatt i bruk hausten 2024
- Rådhuset – skal ferdigstillast i slutten av 2025. Avvik i kostnad og framdrift er avdekka i 2024, jf. formannskapssak [96/2024 Renovering av Stavanger rådhus - prosjekt nr. 3844091 – kostnadsoverskridelse](#). Rogaland Revisjon har utarbeida ein rapport som blir politisk behandla i 2025.
- Helse- og omsorgssenter Finnøy – første del skal tas i bruk i mars 2025. Avvik i kostnad og framdrift er lagd fram politisk jf. formannskapssak [156/2024 Finnøy helse og omsorgssenter - utbygging - prosjektnr. 3844110 - kostnadsoverskridelse](#)
- Ramsvigtunet sjukeheim – skal tas i bruk i januar 2025. Avvik i kostnad og framdrift er lagd fram politisk, jf. formannskapssak [7/2024 Ramsvigtunet - utvidelse prosjektnr. 3844114 - Kostnadsoverskridelse](#)

- Etablering av ny park og torgareal ved Nytorget, og utskiftinga av vass- og avløpsleidningar
- Etablering av ny infrastruktur i Jåttåvågen, vatn og avløp med tilhøyrande pumpestasjon som del av Rogaland fylkeskommune sitt bussvegprosjekt.
- Etablering av ny kommunal infrastruktur (vatn, avløp og veg) i samband med utbygging av nytt universitetssjukehus
- Etablering av ny kommunal infrastruktur i samband med mange private utbyggarfelt, t.d. Nore Sunde, Jåtun og Dusavik. Stavanger kommune har vidareført engasjementet i Urban Sjøfront/Sentrum Øst der kommunen har tatt eit overordna ansvar for å bygge infrastruktur mot at grunneigarane bidreg økonomisk.

Kommunedirektøren arbeida vidare med å få på plass ein heilskapleg utbyggingsavtale for Madla Revheim. Så langt har partane ikkje lukkast med å komme fram til ein endeleg avtale, både som følge av auka kostnadsestimat og krav frå utbyggarane om større bidrag frå kommunen, men også som følge av vedtaket om å sjå på moglegheita for å ta vare på myra i området.

Kommunen tilbyr avtaler med utbyggarar om overtaking av justeringsrett eller justeringsplikt i samband med overtaking av kommunal infrastruktur til drift og vedlikehald (justeringsavtaler), eller bygging av kommunale anlegg med anleggsbidrag (anleggsbidragsavtaler)

I 2024 blei det inngått seks justeringsavtaler med private utbyggarar og ein justeringsavtale med Stavangerregionen Havn IKS i samband med overtaking av Østre havn. Det blei ikkje inngått anleggsbidragsavtaler i 2024.

Vatn og avløp

I 2024 vart det ikkje registrert avvik i vasskvalitet. Lekkasjemålet for 2024 (tilsvarande innkjøp av maks. 16,9 mill. m³ vatn) blei nådd. Det blei bygd 6,3 km nye vassleidningar og 7,6 km med avløpsleidningar i kommunen. Det blei lagd ny sjøleidning frå Talgje til Nærland. I samband med bussvegprosjekta blei kommunale vass- og avløpsleidningar skifta ut.

14. oktober 2024 skjedde det eit større leidningsbrot på IVAR sitt nett på Stokkaeidet. Kommunen sendte ut kokevarsel til halve kommunen for å ivareta folkehelsa, og hadde jamn informasjonsoppdatering til innbyggarane under heile hendinga.

Kommunal eigedom

Kommunedirektøren har laga ei oversikt over alle kjente bygg kommunen eig, og gjort informasjonen tilgjengeleg på [nettsidene](#).

Pågåande kartlegging og tilstandsvurdering av bygga vil danne bakgrunn for framtidige vedlikehaldsplanar. Ei kartlegging av 15 skular vil vise tilstand og naudsynte tiltak med kostnadsestimat. Vidare er arbeidet med temaplan eigedom (med ulike delleransar) i gang.

Avtale om kjøp av Øyane sjukeheim er forhandla fram, og sjukeheimen blei tatt over av Stavanger kommune 1. oktober 2024.

Forhandlingar om kjøp av bygningar og eigedom tilhøyrande Frue gamle blei avslutta våren 2024, etter at det ikkje blei semje med stiftelsen om rammene for kommunen sin bruk av eigdommen.

Stavanger kommune har i 2024 kjøpt 26 bustadar for bruk til kommunal utleige for ein sum av kr 121,9 mill. Kjøpa er forsøkt spreia godt utover kommunen. Av dei 26 bustadane er halvparten nybygg. Desse er lokalisert på Storhaug, Hillevåg og Hundvåg.

Istandsetting av 57 bustadar på Cecilie Tvedts gate 9, 10 og 12 som blei kjøpt i desember 2023 har blitt prioritert i 2024.

Stavanger kommune leigde inn 229 nye bustadar til ukrainske flyktningar i 2024. Av desse er 51 rom i bufellesskap.

I tillegg har kommunen bygd og tatt i bruk 40 bustadar i modulbygg på Husabøryggen. 10 kommunale leilegheiter i Cecilie Tvedts gate 9 er tatt i bruk for å huse ukrainske flyktningar.

Kommunen har no totalt 836 aktive leigekontraktar i innleigde bustadar, inkludert 118 i bufellesskap.

I starten av 2024 endra kommunen strategi for å redusere presset på den private leigemarknaden. Tiltak omfatta kjøp av eigne modulbygg og ombygging av eksisterande kommunale bygg. Ved å inngå leigeavtaler med profesjonelle aktørar kan kommunen leige objekt utan å konkurrere med andre grupper som har behov for leigd bustad.

Klagesaker og meldingar til politiet

Juridisk avdeling har i 2024 saksførebudd 64 klagesaker som blei behandla av kommunens særskilte klagenemnd. Dette er ein nedgang på ca. 23 prosent samanlikna med året før. Hovudtyngda handla om avslag på søknad om parkeringsløyve, tildeling eller bytte av kommunal bustad og klage på tildelt barnehageplass, jamfør årsrapport frå klagenemnda (bystyresak [6/2025 Stavanger kommunes klagenemnd - Årsrapport 2024](#)).

I 2024 har kommunedirektøren levert inn 38 meldingar til politiet.

Grøn spydspiss

Natur

For å bevare naturen i Stavanger kommune, er mål om arealnøytralitet for naturverdiar innarbeida i kommuneplanens arealdel. Naturnøytral betyr at kommunen ikkje har netto tap av grønne område og naturverdiar. Arbeidet med Grøn plan (del 2) blei slutført i 2024, og er til politisk behandling i 2025.

Naturrestaurering er viktig for å auke naturmangfald og som bidrag til overvasshandtering. Arbeidet med å lage naturpotensialkart som skal vise areal med potensiale for naturrestaurering starta i 2024 og vil halde fram i 2025.

Arbeidet med bevaring av naturverdiane og naturrestaurering i 2024 inkluderte registrering og kartlegging av viktige naturverdiar på land og i sjøen, kartlegging av sårbare artar, skjøtselstiltak mellom anna på sjøfuglholmane og i verneområde, kartlegging og tiltak mot framande artar (som hamnespy og prydbriegbær), oppfølging av hummarvernområde, oppreinsking av salamanderdammar, vassdragsrestaurering i Møllebekken og fleire mindre bekker på Finnøy, og studie om restaurering av

Tastamyrå. Kommunen har halde fram samarbeidet med frivillige om skjøtsel og bevaring av naturverdiar. [Rehabilitering av demningane i Vannassen](#) blei ferdigstilt i november 2024.

Arbeidet med å sikre ein samanhangande blågrøn struktur i alle delar av Stavanger held fram. I samarbeid med frivillige organisasjonar og grunneigarar sikrar kommunen fleire turstiar på Rennesøy og Finnøy. Det er inngått avtale med fleire grunneigarar og betalt ut eingongsstøtte til private grunneigarar for å stimulere til tilrettelegging for friluftsliv. Nettsida til [52 hverdagsturer](#) er oppdatert med informasjon om universell tilgang.

Turvei langs Byfjorden strekker seg mellom Kalhammaren i sør og Vardeneset fyr i nord. I 2024 blei det arbeida med ein avtale med Rogaland fylkeskommune om grunnnerverv for etablering av tursti rundt Kalhammaren. Det ble også jobba med frivillige avtaler om grunnnerverv med einskilde grunneigarar. Det ble utarbeida eit forprosjekt ([sak 27/2024 Turvei langs Byfjorden](#)).

Arbeidet med å sikre areal til tursti langs Gauselvågen har halde fram i 2024. Kommunen har nå fått heimelen til to areal langs turstitraseen etter tvangsfullbyrdingsprosess.

For dei delane av turstien som kommunen ikkje har fått tilgang til, vedtok bystyret ny plan (2831) i april 2024, jf. [sak 1/2024 Plan 2831 - detaljregulering for en del av turveistrekningen i Gauselstraen - Hinna kommunedel](#). Prosessen med å sikre grunnnerverv etter den nye planen er starta. Det blei gjennomført skjønnsforhandlingar knytt til Gauselkneiken, avgjerda er anka.

Klima

Oppfølging av tiltaka i [Klima- og miljøplanens handlingsplan 2022-2026](#) har halde fram også i 2024.

I september 2024 har Stavanger kommune og fleire store samfunns- og næringsaktørar signert den første [klimakontrakten](#). Denne skisserer kva endringar vi i fellesskap er samde om å gjera, kva det vil kosta og kven som gjer kva i omstillingsarbeidet. Bystyret vedtok i [sak 91/2024 Mission Cities - Klimakontrakt Stavanger](#) at klimakontrakten skal danne grunnlaget for revisjon og utarbeiding av nye relevante kommunale planar, og at ein styringsmodell for Mission cities (klimanøytrale byar) vil bli utvikla.

Arbeidet med eige system for intern miljøleing blei satt i gang hausten 2024, og skal ferdigstillast i 2025. Miljøleingssystemet skal brukast som styringsverktøy for kontinuerleg forbetring på miljøområde og for å sikre at dei ulike verksemdene bidreg til å nå kommunens miljømål.

Innovasjonsprosjektet [Græla grønne greier](#), retta mot ungdom og unge vaksne, er vidareført. Internt i kommunen sin organisasjon er prosjektet KlimaTikkTakk gjennomført for å motivera til meir klima- og miljøvennlege løysingar.

På grunn av mykje regn i 2024 leverte kommunen meir avløpsvatn til IVAR. Dette medførte auka kostnader. Kommunen arbeidar vidare med å redusera «vatn på avvegar». Det vil gjere systemet mindre påverka av nedbør, og er viktig i eit klimatilpassingsperspektiv.

Grøn mobilitet

Det blei brukt kr 351 mill. på investeringsprosjekt knytt til gange, kollektiv og sykkel, inkludert bymiljøpakke-prosjekt. Bymiljøpakke- finansiering i 2024 var på totalt kr 120,1 mill., fordelt på følgjande område: gange (kr 3,3 mill.), trafikkisikkerheit (kr 32 mill.), sykkel (kr 78,1 mill.) og kollektiv (kr 6,8 mill.)

For å kutte klimagassutslepp frå vegtrafikk, er ei rekke mobilitetstiltak gjennomført for å få fleire til å sykla, gå, reisa kollektivt og bruka delte mobilitetsløysingar. Kampanjar, informasjonsdeling og samlokalisering av mobilitetsløysingar står sentralt. Mobilitetsveka blei gjennomført 16.-22. september, med ei rekke aktivitetar som gratis reparasjon av sykklar i alle kommunedeler. 14 barneskular deltok i gå til skule-konkurransen *Beintøft*.

Kommunen er med i [EU-prosjektet SHARE North Squared](#) som handlar om å integrera delt mobilitet som bysyklar og elbildeling, og mobilitetspåverknad i eigedomsutvikling.

I 2024 jobba Stavanger kommune vidare med sykkelsatsinga. Fleire vegprosjekt med ei lengd på omlag 800 m (kommunalt finansiert) og omlag 2200 m (finansiert gjennom Bymiljøpakken) var i byggefasen. Dette inkluderer mellom anna Sandvikveien - ny undergang og sykkelveg og etablering av sykkelprioritert gate samt fornying av vass- og avløpsleidningar i Rektor Steens gate. Sistnemnde er ein del av SBAX-prosjektet til Lyse Neo (fjernvarme frå Hillevåg til Bjergsted).

Kommunen oppgraderte og etablerte 500 sykkelparkeringsplassar ved skular, 106 ved barnehagar og 295 ved ulike målpunkt i kommunedelane.

Luft- og støyforureining

Kommunen har gjennomført støykartlegging og laga *Handlingsplan mot støy 2024-2029* ([sak 80/2024 utval for klima og natur](#)). Støykartlegginga viste at ingen bustadar i Stavanger hadde innandørs støy over grensa for tiltakspålegg, når støykjelda er kommunal veg.

Hovudkjelda til lokal luftforureining i Stavanger er trafikk og vedfyring. Krava i forureiningsforskrifta har ikkje vore overskride fleire gonger enn tillate i 2024. Men dei helsebaserte kriteria har blitt overskride i 2024. Det var likevel ingen periodar der [luftkvaliteten](#) var så dårleg at helsesjefen gjekk ut med helse råd til utsette grupper. Arbeidet med revidering av gjeldande handlingsplan for luftkvalitet blei starta i 2024.

Miljø, ressursar og gjenbruk

Kommunen har bidrege til å redusera miljøbelastninga ved å sørge for forsvarleg handtering og reinsing av avløpsvatn, redusera energibruk og ved å arbeida for mindre avfall, auka ombruk/gjenbruk og materialtvinning.

Arbeidet med å leggja til rette for og fremja ombruk av møbler og byggevarer er ei prioritert oppgåve. Rapportar frå den digitale logistikkplattforma som brukast ved kommunens ombrukslager, viser at kommunen i 2024 har spart ca. kr 1,9 mill. og 21 tonn CO₂-ekvivalenter, og om lag 5 tonn avfall.

Ombruksbutikken i Arkaden er avvikla og erstatta av ein ny ombrukssentral i regi av IVAR IKS (på Lura).

Ny ordning for innsamling av hageavfall blei innført i 2024, og ny mellombels innsamling av plast er etablert.

Samarbeidet med IVAR IKS innan renovasjon er tett, og fører til effektiv ressursbruk i regionen og gode tenester for innbyggjarane våre.

Ordninga med utlån av fleirgangsservise til arrangement er utvida gjennom et samarbeid med Arbeidstreningssenteret, som forvaltar servise til 1000 personar. Innbyggartorget på Finnøy har 100

sett. I 2024 er det til saman lånt ut rundt 6000 delar. Det er starta ein prosess for å utfordra kommersielle aktørar til å tilby fleirgangsløysningar på festivalar og andre store arrangement.

I 2024 blei det også utarbeida ein handlingsplan for å redusera bruk av eingongsplast i kommunen si verksemd, jf. sak [29/2024 Tiltak for å redusere engangsplast](#) i utval for klima og natur.

Kommunen sine kjøkken har arbeida aktivt og målretta for å få ned matsvinnet, noko som har gjeve gode resultat. Til dømes har prosentdelen av oppeten mat frå storkjøkkenet i sjukeheimar gått opp frå 86 prosent til 88 prosent. Delen økologisk og lokal mat er auka.

Støtteordningar

Klima- og miljøfondet er eit viktig verkemiddel og finansierer ei rekke tiltak for å oppfylle kommunen sine klima- og miljømål. Fondet har mellom anna finansiert følgande støtteordningar i 2024: utskifting av eldre vindauge, kjøp av el-syklar og el-lastesyklar for private og føretak, skjøtselstiltak/naturrestaurering utført av ideelle organisasjonar, og tilskot til eksterne aktørar for kartlegging av moglegheiter for utsleppsfrie bygge- og anleggsplassar.

Energi- og miljøvenleg drift

Arbeidet med energisparing i 2024 omfatta mellom anna installering av solcellepanel på kommunale bygg, utskifting av gatelys og lys ved føremålsbygg til LED-belysning, tiltak på pumpestasjonar for vatn og avløp og reduksjon av fasade- og effektlys.

Regionmotoren

[Sentrumsplanen](#) gir mål og strategiar for å styrka sentrum si tiltrekking på innbyggjarane, næringslivet og tilreisande. Østre hamn blei tatt over av kommunen frå Stavangerregionen Havn IKS 1. oktober 2024. Det blei etablert ei eiga «hamnekaske» og inngått avtale som sørger for vidare drift av hamneavsnittet. Utvikling av Østre havn i høve til Sentrumsplanen held fram.

Andre viktige tiltak i 2024 inkluderer følgande:

- For å sikre ein rein og trygg by, etablerte kommunen ein heilskapleg strategi for plassering av søppeldunkar.
- Tidspunkta for varelevering i gågatene blei justert, og arbeidet med å gjere Stavanger City Hub meir attraktivt heldt fram.
- Saman med Stavanger Sentrum AS blei årshjul for arrangement vidareutvikla. Dette inkluderer vinteraktivitet som Grøss, Julebyen og Glød lysfestival.

Ny temaplan vedtatt i formannskapet i oktober 2024 ([sak 170/2024 Temaplan for arrangementer 2024-2034](#)) skal bidra til å gjere Stavanger meir attraktiv som arrangementsby. Arneageren blei oppgradert for å skapa meir rom for byliv og kvardagsaktivitetar.

I kommunale idrettsanlegg blei det i 2024 arrangert fleire nasjonale og internasjonale idrettsarrangement:

- Stavanger idrettshall: NM Innebandy G15, NM Volleyball for Vidaregåande skular, Bylagsturnering Handball, Stavanger Open (innebandy), Energistafetten, Vest cup volleyball, Norge – Frankrike – EHF Euro cup Handball
- Sørmarka Arena: NM jr. allround skøyting, NM skøyter enkeltdistansar
- Andre hallar/område: Tennis Europe Winter Cup G14, NM Fekting jr., NM i rytmisk sportsgymnastikk, Tour of Norway (sykkel), Kongeparken cup Handball, NM i skyting, lag NM golf, Stavanger Marathon

I 2024 vedtok bystyret nye retningslinjer for sals- og skjenkeløyve og føresegner om serverings-, sals- og skjenketider for løyveperioden 1. oktober 2024 til 30. september 2028 (Bystyresak [67/2024 Forslag til retningslinjer for salgs- og skjenkebevillinger for ny bevillingsperiode 01.10.2024 – 30.09.2028](#)). I etterkant av dette blei rundt 280 skjenkeløyve og 110 salsløyve fornya.

Det blei utført 767 skjenkekontrollar i Stavanger kommune i 2024 (mot 753 i 2023). 60 av desse resulterte i prikktildeling (106 i 2023). Av 281 salskontrollar i Stavanger kommune resulterte 10 i prikktildeling. Det var 2 saker om inndraging. Kommunen gjennomførte 5 kurs i ansvarleg vertskap i 2024.

Kommunen og vi

Digitalisering

Kommunen har brukt digitale løysingar for å levere gode tenester på ein meir effektiv måte, til dømes:

- bruk av sensorar som målar temperatur og CO2 for å tilpassa ventilasjonen
- digitalisert reinhald, der mellom anna behov for vasking og dokumentasjon på gjennomført vasking vert registrerte på nettbrett,
- auka tilgjengeleggjering av kommunale bygg for publikum ved hjelp av digitalisering, mellom anna gjennom kartlegging og registrering av bruk slik at utnytting kan optimaliserast,
- digitalisert vassforvaltning for enklare å oppdag lekkasjar, sette inn tiltak raskt, og utnytta ressursane på ein betre og meir effektiv måte,
- fjernavlesing av private vassmålalar - pilotprosjekt blei ferdigstilt i 2024. Innkjøpsprosess er i gang, og
- digital flåtestyring av vinterdrift på kommunale vegar, som har spart tid, drivstoff og sikrar kvaliteten. Bruken blei i 2024 utvida til renovasjon og tømning av kummar.

Økonomi

Eigedom

Rekneskapen for eigedom viser eit samla meirforbruk på kr 58,2 mill. av ei netto budsjettramme på kr 344,7 mill., tilsvarande ein forbruksprosent på 116,9. Dette skuldast fleire forhold.

Det er eit netto meirforbruk hos byggdrift på kr 40,2 mill., som mellom anna skuldast eit avvik i forholdet mellom bemanning og sal av tenester. Det er også eit meirforbruk hos bustadbygg på kr 14,7

mill. som hovudsakleg skuldast auka vedlikehald av bustader, mellom anna i samband med istandsetting. Forvaltningsprosjekt har eit meirforbruk på kr 8,5 mill. som skulle vore fordelt ut på bustad og formålsbygg, ettersom dei berre er utførarar av prosjekta for andre avdelingar. Deler av dette må sjåast i samanheng med eit mindreforbruk hos formålsbygg. Kjøkken har også eit meirforbruk på kr 1,9 mill., som mellom anna skuldast reduserte inntekter knytt til matleveransar til helse og velferd

Talet på årsverk hos eigedom har auka med 54 over ein toårsperiode. Dette medfører at det er mindre midlar til vedlikehald og andre eksterne kjøp, ettersom fleire tilsette skal lønnast innanfor eksisterande budsjetttrammer.

Det blir jobba med utvikling og ressursstyring for å avdekka behovet for framtidig kapasitet i samsvar med vedtatte budsjetttrammer. Det blir også jobba vidare med å setta i stand bustader raskare for å få ned leigetalet som følger av manglande leigeinntekter i vedlikehaldsperioden.

Juridisk

Rekneskapen for juridisk viser eit mindreforbruk på kr 1,1 mill. av ei budsjetttramme på 13,0 mill., tilsvarande ein forbruksprosent på 91,5.

Mindreforbruket skuldast meirinntekter knytta til juridisk bistand tilsvarande kr 0,5 mill. og lågare lønsutgifter på kr 0,5 mill. som følge av at det ikkje er brukt vikar ved fråvær.

Idrett og utemiljø

Rekneskapen for idrett og utemiljø viser eit meirforbruk på kr 13,2 mill. av ei budsjetttramme på kr 384,6 mill., tilsvarande ein forbruksprosent på 103,4.

Det er to hovudårsaker til meirforbruket. Utgiftene knytta til vinterdrift var kr 17,1 mill. høgare enn budsjettet på kr 12,1 mill., grunna ein kald vinter både på starten og slutten av året. Det skuldast også utgifter til gang- og sykkelvegen på Austre Åmøy, der det er brukt kr 10,4 mill. meir enn dei kr 22,5 mill. som var avsett til prosjektet. Årsaka til dette er at tidlegare års rekneskapsføring i investering er flytta til driftsrekneskapen i 2024 som følge av at det er ein fylkeskommunal gang- og sykkelveg, og dermed ikkje ei investeringsutgift for kommunen. Meirforbruket er i stor grad dekkja innanfor eiga ramme ved å omprioritere elles i drifta.

Klima og miljø

Rekneskapen for klima og miljø viser eit mindreforbruk på kr 8,5 mill. av ei budsjetttramme på kr 33,1 mill., tilsvarande ein forbruksprosent på 74,3. Kr 0,5 mill. er knytt til ordinær drift, medan resten hovudsakleg er knytt til disponering av fondsmidlar frå klima- og miljøfondet. Mindreforbruket knytt til fondsmidlane skuldast mellom anna at nokre som fekk tilsagn om støtte, valde ikkje å gjennomføre tiltaket dei søkte om midlar til. Mindreforbruket må også sjåast i samanheng med at ramma for fondet blei utvida gjennom året, og at oppstart av tiltak dermed blei forskyvd. I 1. tertialrapport, som blei lagt fram i juni, blei ramma styrka med kr 25 mill. Den blei deretter redusert med kr 5 mill. i 2. tertialrapport og ytterlegare redusert med kr 15 mill. i bystyresak 130/24 i desember, som handlar om status per 30. november og forslag til budsjettjusteringar.

Utbygging

Rekneskapen for utbygging viser eit meirforbruk på kr 2,0 mill. av ei budsjettramme på kr 13,7 mill., tilsvarande ein forbruksprosent på 114,9.

Kr 1,5 mill. skuldast hovudsakleg utgifter i samband med anskaffing og innføring av ISY prosjektøkonomisystem. Kr 0,4 mill. skuldast strakstiltak på Vaulen skule, der det er avsett midlar i investering, men kor arbeidet har vore drift.

Vatn, avløp, renovasjon og slam

Vatn, avløp, renovasjon og slam er sjølvkostområde som blir finansierte gjennom gebyrinntekter som abonnentane betaler.

Sjølvkostfondet for vatn var per 1. januar 2024 kr 2,9 mill. Med ei avsetting på kr 2,0 mill. inklusive renter utgjer fondet kr 4,9 mill. ved utgangen av året.

Sjølvkostfondet for avløp var per 1. januar 2024 kr 15,2 mill. Med eit meirforbruk på kr 28,6 mill. inklusive renter blir fondet tappa i sin heilskap. Ved utgangen av året er det eit akkumulert framførbart underskot på kr 13,4 mill. som skal nedbetalast i dei kommande åra.

Per 1. januar 2024 var det for renovasjon eit akkumulert framførbart underskot på kr 44,3 mill.

Inklusive renter på akkumulert meirforbruk blir kr 1,3 mill. av det akkumulerte meirforbruket nedbetalt. Det vil seie at det er kr 43,1 mill. framførbart underskot ved utgangen av året.

Per 1. januar 2024 var det eit akkumulert framførbart underskot på slam på kr 0,4 mill.

Underskotet blir dekt i sin heilskap, og kr 0,2 mill. blir sett av på sjølvkostfondet.

For både vatn og avløp har kjøp frå IVAR IKS vore noko høgare enn forventa. Dette skuldast høgare folketal enn budsjettert (fastledd), og meir leveransar av avløp grunna mykje nedbør (variabelt ledd). Også kjøp i samband med mellom anna vedlikehald, noko høgare lønsutgifter og lågare gebyrinntekter påverkar resultatet til avløp negativt. For renovasjonen har også noko høgare lønsutgifter enn budsjettert og kjøp frå andre eksterne påverka resultatet negativt i forhold til den planlagde nedbetalinga av akkumulert meirforbruk som i 2024 var 13,0 mill. Renteutgiftene for vatn, avløp og renovasjon blei også noko høgare enn budsjettert som følge av at renta som blei lagt til grunn var noko lågare enn endeleg rente, og at nokre investeringsutgifter har vore høgare enn det som var lagt til grunn.

Innbygger- og samfunnskontakt

Innleiing

Innbyggjar- og samfunnskontakt er tett på innbyggjarar, kultur- og næringsliv. Tenesteområdet bygger opp under lokaldemokratiet på fleire viktige område: som vertskap for fribynettverket ICORN, gjennom jubileumsprosjektet Ytringsfrihetsbyen, med open kommunikasjon og gode, demokratiske avgjerdsprosessar. Planane for jubileumsåret er no på plass, med eit innhaldsrikt program som legg til rette for flotte fellesopplevingar i året som kjem.

Gode involveringsprosessar har gitt kommunen mange nyttige innspel til vidare tenesteutvikling. Ein strammare økonomi gjer det naudsynt å justera innbyggjarane sine forventningar til både omfanget og nivået på tenester.

Oppfølging av prioriteringar og kommuneplanens satsingsområde

Innbyggjardialog

Innbyggjarservice

I 2024 hadde innbyggjarservice 69 870 inngåande samtalar til kommunen sitt hovudnummer og mottok 17 413 e-postar, om lag 1200 meir enn året før. I 2023 hadde innbyggjarservice 64 992 inngåande samtalar til kommunen sitt hovudnummer. I 2023 mottok innbyggjarservice 16 253 e-postar. Spørsmål om byggesak, renovasjon og innsyn utgjer den største delen e-postar. Innbyggjarservice hadde rundt 9500 besøkande på sine filialar i 2024, ein liten nedgang frå 2023.

Kommune-Kari (samtalerobot) hadde totalt 12 201 samtalar i 2024 - eit snitt på 33 samtalar dagleg, som er ein marginal nedgang frå 2023. Chatboten har fått flest spørsmål om renovasjon, symjehallar og faktura.

Frivilligheit og innbyggjartorg

Seksjon frivilligheit har i 2024 bestått av ni frivilligsentralar og aktivitetshuset i Rasmus Risas gate 33. Det er frivilligsentralar i alle bydelane. Heile seksjonen deltek aktivt i lokale og nasjonale nettverk. Frivilligsentralane er viktige arrangørar/medarrangørar på aktivitetar i bydelane. Seksjon frivilligheit har hatt fleire presentasjonar for politiske utval for å synleggjera frivilligsentralane og [aktivitetskalenderen](#) til Stavanger kommune. I tillegg har seksjonen delteke på ei studie ved VID som omhandlar leiing av frivilligheit.

Kommunen hadde i 2024 to innbyggjartorg: på Judaberg og i Vikevåg. Innbyggjartorga er lokale møteplassar for kommunen, innbyggjarar, næringslivet og frivillige organisasjonar. Innbyggjartorga skaper gode møteplassar for innbyggjarane i samspel med kommunen, næringslivet og frivillige organisasjonar. Døme på slike møteplassar er bondekafé, politiske møte og babytreff. Innbyggjartorga er møteplassen i bydelen når det skal arrangerast fellesmøte for heile bydelen.

Stavanger Unlimited

[Stavanger Unlimited](#) er ein paraply for dei to nabolagsinkubatorane Storhaug Unlimited og Kvernevik Unlimited. Kvernevik vart oppretta i starten av 2024 som ein del av områdeløftet, bygd på erfaringar frå Storhaug. Storhaug og Kvernevik Unlimited jobbar kontinuerleg med å etablera nye samarbeid.

Aktiv kommune

I 2024 har 18 kommunar delteke i samarbeidet om den digitale bestillingsløysinga Aktiv kommune. Innbyggardialog er ansvarleg for forvaltning av løysinga og brukarstøtte. I Stavanger ligg mellom anna idrettslokale, bydelshus, innbyggartorg, aktivitetshus og skular inne i løysinga.

Datahjelp

Rettleiingstilbodet datahjelp registrerte 1077 ulike førespurnader i 2024. Datahjelp vart gradvis etablert som eit tilbod i alle bydelane i løpet av seinhausten 2023, og frå midten av november var alle tilboda i gang. 2024 var første året med "ordinær" drift. Varierende besøkstal i bydelane og økonomiske omsyn gjer at datahjelp i 2025 flyttar ut frå bydelshusa, og vert gjennom vekene lokalisert som eit gratistilbod på kommunen sine fire bibliotek.

Effektivisering og digitalisering

Innbyggarservice har, i samarbeid med innovasjon og støttetenester, utvikla ein eigen power-app til datainnsamling om tema som innbyggjarane lurer på. Innhenta informasjon vert brukt til å forbetra kommunikasjonen med innbyggjarane. Innbyggardialog har i løpet av 2024 klargjort for nokre effektiviserings- og digitaliseringstiltak som reduserer behandlingstida for tilskotsordningar. Desse tiltaka vert iverksette i 2025. Dette er i påvente av eit større prosjekt i regi av KS.

Kommunikasjonsavdelinga

Klart språk, nynorsk og kommunikasjon med minoritetsspråklege

Gjennom fjoråret har kommunikasjonsavdelinga arrangert fleire skrivekurs – både generelle kurs i klarspråk og kurs i å skriva gode saksframlegg. Kursa vert haldne både på nynorsk og bokmål. Målet om at 10 prosent av innhaldet i sosiale medium og 10 prosent av nyheitene på intranett skal vera på nynorsk, vart nådd i 2024.

Kommunikasjonsavdelinga har i løpet av fjoråret bygd kompetanse på språkmodellar og kunstig intelligens, og gjennomført dei fleste tiltaka som er lista opp i [språkbruksplanen](#).

Prosjektet for å innhenta kunnskap om korleis kommunen når ut med informasjon til minoritetsspråklege innbyggjarar er i gang, og held fram i 2025.

Nettsider, Min side og sosiale medier

Totalt hadde kommunen sine nettsider 7,2 millionar sidevisingar i 2024, ein auke på om lag 500 000 frå 2023. Det kom inn 37 230 tilbakemeldingar via nettsidene og "Fant du det du leitte etter?" - 16 538 positive grøne og 20 692 negative raude. Kommunen sitt intranett hadde 5,2 millionar områdebesøk i 2024. Det er 500 000 fleire enn i 2023.

Det har vore vekst i alle kommunen sine sosiale mediekkanalar i 2024. Samla sett har kommunen god rekkevidde, og om lag 72 000 følgjarar på Tiktok, Facebook, Instagram og LinkedIn. Nye felles reglar for kommunen sitt nærvær på sosiale medium vart vedtatt i 2024, på bakgrunn av ROS-analyser og kartlegging av nærværet frå i fjor. Nettsidene og Minside vart ytterlegare integrerte i fjor, og innlogging

er no mellom anna synleg frå framsida på nettsidene. Ein felles bildebank for kommunen vart integrert i Word, PowerPoint og på nettsidene.

Fremje Stavanger som grøn spydspiss

Innovasjonsprosjektet Klimatikkttak har auka merksemda og engasjementet rundt klima blant kommunen sine tilsette. Innhald på intranett og Viva Engage nådde 1500-7000 tilsette, med mange kommentarar og likarklikk. Noko innhald vart òg delt på sosiale medium og KlimaStavanger.no, der enkelte videoar fekk over 350 000 visingar. «Klimablomst» vart delt ut for å belønna innsats og inspirera til miljøengasjement. Innovasjonsprosjekt Græla Grønne Greier heldt fram i 2024.

Sentio AS gjennomførte ei innbyggjarundersøking for å kartlegga haldningar til klimamål, identifisera klimavennleg åtferd og måla innbyggjarane si vurdering av kommunen sin klima- og miljøinnsats. Resultata vil bli brukt i kommunikasjonsarbeidet i 2025.

Kulturavdelinga

Stavanger kommune er attraktiv for kunst- og kulturarbeidarar, med gode arbeidsstipendordningar og fleksible tilskotsordningar for verksemdar, prosjekt og arrangement. Byen er òg vertskap for fleire regionale og nasjonale kulturinstitusjonar.

Høg aktivitet i kulturlivet og god kjennskap til kommunen sine tilskotsordningar førte til ein auke i talet på søknader i fjor: 765 i 2024, mot 738 i 2023.

For det prosjektbaserte kunst- og kulturfeltet ble det gitt tilskudd i flere utlysninger:

- Tilskot til kunst-, kultur- og straktiltak kr 4 855 000
- Kulturverksemdar kr 13 496 000
- Kulturstipend (34 tildelingar) kr 2 050 000
- Den kulturelle spaserstokken kr 250 000
- Tilskot til kor, korps og kulturorganisasjonar kr 1 575 000

I tillegg forvalta avdelinga kr 103,9 mill. som vart fordelt på 17 sentrale kulturinstitusjonar. 14 kunstnarar er tildelt opphald i kunstnarleilegheit i Berlin, og ei rekke nasjonale og internasjonale kunstnarar har fått vitja Stavanger.

Stavanger kommune sette i 2024 av kr 10 mill. til kunst i det offentlege rommet. Midlane for 2024 er fordelt på kunstprosjekt i bygg og offentlege uterom, innkjøp av kunstverk, rehabilitering av Stavanger kommune sine eksisterande kunstverk, og ressursbruk til prosjektleiing. Utval for kultur, idrett og samfunnsdialog vil motta eigen årsrapport for kunst i offentlege rom. Kunstprosjektet [Kunst i uterom 2025](#) er i gang.

[Temaplan for arrangement 2024 – 2034](#) vart vedtatt i Stavanger formannskap 24. oktober 2024, og blir følgt opp i åra framover.

[Plan for visuell kunst 2024 – 2027](#) har i 2024 bidrege til at driftsbudsjettet til kunstinstitusjonane Stavanger kunstmuseum, Kunsthall Stavanger og Tou Trykk til saman vart styrka med kr 1 mill. Kommunen samarbeider med Stavanger utvikling om å realisera kunstbyen på Nytorget. Prosjektet har blitt utvikla vidare i 2024.

Kulturavdelinga har vore i dialog med kulturfeltet gjennom heile året, og gjennomførte Bjergstedkonferansen i 2024 i samarbeid med Fakultet for utøvande kunstfag (UiS) og Rogaland fylkeskommune.

Næringsavdelinga

Omstilling og grøn vekst

Avdelinga mobiliserte næringslivet for å signera klimakontraktar og nå målet om klimanøytralitet innan 2030. I tillegg vart nettverk for næring og berekraft etablert som ein arena for erfaringsdeling og kompetansebygging.

Næringsavdelinga tildelte kr 6,7 mill. i næringsstøtte til 38 prosjekt knytta til innovasjon, attraktivitet, sosial berekraft, mat og gründarverksemd i fjor. Ocean of Opportunities har blitt tildelt kr 1,2 mill. over tre år, og selskapa knytta til vekstprogrammet rapporterte i 2024 om ei samla omsetning på kr 171,7 mill. 16 av selskapa henta inn kapital på til saman kr 407 mill. Vidare har selskapa etablert 200 arbeidsplassar – 98 av desse i Stavanger kommune. Landbruket har fått tildelt kr 10 mill. frå Stavanger kommune sitt klimafond. Denne tildelinga utløyste om lag kr 50 mill. i private investeringar, og er rekna til å redusere energiforbruket tilsvarende 500 bustader.

Styrke Stavanger som ein attraktiv og konkurransedyktig storbyregion

I fjor vart det gjennomført fleire store konferansar, som Impact Awards, Aqua Next og High Wind. I 2024 har næringsavdelinga styrka satsinga for å løfta regionen på ein internasjonal arena. Stavanger var vertskap for årsmøte i Delice- og WECP-nettverka, og hadde rekordmange delegasjonsbesøk. Kommunen fekk òg innvilga eit nytt EU-prosjekt om berekraftig reiseliv med tre års finansiering på til saman 200 000 euro. Samarbeidet med Stavangerregionen sitt Europakontor har vore tett, både i regionen og i Brussel.

Storbyregionen sitt næringsarbeid mellom Stavanger, Sandnes og Sola vart ytterlegare styrka med Randaberg si deltaking. Dei fire kommunane sto samla på Arendalsuka og ONS under merkevara Stavanger Business Region.

For å sikra kompetanse for framtida vart det gjennomført fleire aktivitetar, mellom anna kampanjar retta mot studentar og unge etablerarar, deltaking på karrieredagar ved NTNU og NHH, og The Emigration Expo i Nederland.

Arbeidet med The Tall Ships Races 2026 starta i januar. Prosjektet sin organisasjon vart etablert hausten 2024.

Politisk sekretariat

Dei politiske møta i 2024 vart gjennomførte som planlagt, og avdelinga har bidrege til at det politiske avgjerdssystemet fungerer i tråd med lover og reglar.

Talet på representasjonsarrangement og borgarlege vigslar har halde seg på eit stabilt nivå. Det same gjeld summen av politiske saker som er behandla i kommunen sine folkevalde organ.

I løpet av året er det sett i gang fleire prosjekt for å effektivisera drifta av det politiske avgjerdssystemet, og vidareutvikla lokaldemokratiet.

Definisjon	2022	2023	2024
Antal møter	246	214	230
Visningar av digitale møter	33 966	45 424	58 984
Saker	2006	1826	1834
Spørsmål	286	220	256
Interpellasjonar	32	30	29
Arrangement	24	32	30
Vigslar	275	302	287

Fleire innbyggjarar strøymer politiske møte

Alle møte i bystyret, formannskapet, kommunalutvalet og hovudutvala vert strøymde på [Stavanger kommuneTV](#). Stadig fleire følger møta på denne måten. Sidan 2022 har talet avspelingar auka med over 70 prosent. Det at fleire no følger dei politiske møta via KommuneTV, kan tyda på at interessa for lokaldemokratiet aukar, og at kommunen lukkast med å spreia kunnskap om politikk til innbyggjarane.

Effektiv drift av det politiske avgjerdssystemet

Digdem er eit digitalt system for gjennomføring av politiske møte, som vart kjøpt inn i 2023. Ved utgangen av 2024 var løysinga i bruk i formannskapet, kommunalutvalet og samtlige hovudutval, kommunedelsutval og råd. Tidleg i 2025 vert den òg innført i bystyret.

Gjennom året har avdelinga arbeidd både med å utnytta funksjonane som allereie finst i Digdem, og å utvikla nye løysingar som er tilpassa behovet i Stavanger kommune. Målet er å effektivisera dei politiske avgjerdsprossessane, og forenkla gjennomføring og oppfølging av politiske møte. Samstundes skal det bli lettare for innbyggjarane å følgja med på det som skjer i møta.

Eit godt lokaldemokrati

I tillegg til drift, er utvikling av lokaldemokratiet ei hovudoppgåve for politisk sekretariat. Dette vert ivareteke både gjennom større utgreiings- og utviklingsprosjekt, og i det kontinuerlege arbeidet med politiske reglement.

Nokre utvalde aktivitetar i 2024 er opprettinga av Nord-Jæren interkommunale politiske råd, nettsida [Ofte stilte spørsmål om dei politiske reglementa](#) på kommunen sine nettsider, og eit initiativ mot kommunesektoren sin organisasjon (KS) om eit mogleg nasjonalt lobbyregister for folkevalde.

Det pågår òg fleire tverrfaglege prosjekt som skal gjera det lettare for innbyggjarane å involvera seg i politiske prosessar. Nytt av 2024 i så måte er avdelinga sitt bidrag i Kvernevik-satsinga. Eitt av måla her er betre kontakt mellom innbyggjarar, folkevalde og kommuneadministrasjonen, slik at innbyggjarane vert aktive deltakarar i utviklinga av sitt eige nærmiljø.

Nettsida [Finn politikar](#) er oppretta for å gjera informasjon om dei folkevalde sine verv, roller og godtgjering meir tilgjengeleg. I 2024 var det over 43 000 besøk på denne sida.

Stavanger skal vera mangfaldig og inkluderande

Stavanger skal vera ein open og inkluderande kommune. Det føreset at me bruker mangfald som ein ressurs i utviklinga av nærmiljøa våre. [Kvernevik-satsinga](#) er eit døme på korleis ein kan få dette til.

Gjennom deltaking i nettverket [Intercultural Cities](#) har Stavanger bidrege til det internasjonale inkluderingsarbeidet, mellom anna med økonomisk støtte til fem byar i Ukraina. I mai 2024 inngjekk kommunen òg ein partnarskapsavtale med den ukrainske byen Kherson.

Sølvberget

Sølvberget administrerer fleire kulturtilbod, som Kapittelfestivalen, Kiellandsenteret, Sølvberget Cinematek, Sølvberget Galleri, Ytringsfridomsbyen, Friby Stavanger - og programtilbod for vaksne og barn. I tillegg vert bibliotektilboda på Sølvberget og nærbiblioteka på Madla, Stavanger fengsel, Rennesøy og Finnøy administrerte derifrå.

Talet på besøk på biblioteka auka med 2,8 prosent i 2024, med totalt 1 367 903 besøkande. Arrangement hadde til saman 71 764 besøkande - Kapittelfestivalen utgjorde 10 567 av desse. Utlånet av bøker auka med 7,3 prosent i 2024 - spesielt papirbøker for barn bidrog til denne auken. Madla bibliotek hadde ein betydeleg auke i besøk og utlån i 2024, med 138 966 besøkande og 84 072 utlånte bøker. Biblioteka på Rennesøy og Finnøy hadde stabile besøkstal, med små endringar i utlån.

Tilbod for barn og unge

Eitt av tilboda for barn på Sølvberget er [Søndagsbarn](#), som består av gratis familieframsyrningar med konsertar, teater, fortellingar, dans og anna moro.

8042 elevar har vore på klassebesøk på Sølvberget gjennom året. Sølvberget satsar òg på barn før skulealder med [Boklek](#), eit nytt leseprosjekt for alle førskulebarn i Rogaland. I Stavanger vert barn inviterte til Boklek på Madla, Rennesøy, Finnøy og på Sølvberget i sentrum.

I april etablerte Sølvberget eit Mathilda-bibliotek til utlån i foajeen på Rogaland teater. Biblioteket inneheld bøker av Roald Dahl.

Den nasjonale lesekampanjen [Sommerles](#) for barn i 1.-7. klasse er framleis ein suksess. 5527 elevar deltok i 2024.

Sommaren 2024 laga Sølvsberget eit sommarbibliotek i Folkehallen Vår energi Arena for å fremja leseglede blant barn i 1.-7. klasse. Rundt 2500 barn nytta seg av tilbodet.

63 skuleklassar frå 5. trinn har i løpet av året delteke på [Saga skriveliga](#). Dette er ein del av Saga 2025, eit av Sølvsberget sine prosjekt i samband med Stavanger 2025.

Inkludering, mangfald og ytringsfridom

Stavanger kommune er vertskap for [fribynettverket ICORN](#), som er ein del av Sølvsberget. [Ytringsfridomsbyen Stavanger](#), eitt av Sølvsberget sine tre jubileumsprosjekt i samband med byjubileet i 2025, inviterte til konferansen [DEMO](#) i september. I oktober opna [USENSURERT](#) - ei utstilling om ytringsfridom i 4. etasje på Sølvsberget.

Alexander Kielland sitt 175-årsjubileum vart feira med over 170 arrangement og klassebesøk gjennom året, og prosjektet [Heile Stavanger les](#) delte ut tusenvis av eksemplar av Garman & Worse. Sølvsberget har bidrege til å gjera Alexander Kielland sine bøker lettare tilgjengelege ved å delta i ei forsiktig modernisering av språket i bøkene. Dermed er den litterære arven etter Kielland meir tilgjengeleg for framtidige generasjonar.

Installeringa av Aktiv kommune på Sølvsberget har ikkje blitt gjennomført i 2024. Midlane vert overførte til 2025, og prosjektet held fram i 2025.

Nye Rogaland Teater og Stavanger museum

Våren 2023 vedtok Stavanger kommune og Rogaland fylkesting eit konseptval for felles utbygging av Rogaland Teater og Stavanger museum. Dei eldste delane av teaterbygningen og det historiske museumsbygget skal tas vare på, samstundes som det vert etablert eit nybygg inntil dei historiske anlegga.

Konseptet er modna vidare i 2024. Det modna konseptvalet var førande for varsel om planoppstart i 2024; [Plan 2850 teater og museum på Kannikhøgda](#) og arkitektkonkurranse. Det skal gjennomførast arkitektkonkurranse i 2025. Prosjektet mottok kr 10 mill. i statleg støtte i 2024 til prosjektutvikling i 2025.

Kunnskapsbyen

[Temaplan for Kunnskapsbyen Stavanger 2022 - 2034](#) vart vedtatt av kommunestyret i Stavanger 20. juni 2022. Innsatsområda i planen gjeld framleis for arbeidet med Kunnskapsbyen. I 2024 har det vore viktig å vera ein god støttespelar for UiS og Studentsamskipnaden i Stavanger (SiS), og å sjå på moglegheitene for å etablere eit innovasjonsdistrikt på Ullandhaug. Samstundes er det etablert gode relasjonar til studentane, ikkje minst gjennom Studentutvalet.

Stavanger 2025

I 2025 er Stavanger by og domkyrkje 900 år. Stavanger kommune er hovudarrangør for jubileumsfeiringa. Hovudprioriteringane i 2024 har vore å ferdigstillja jubileumsprogrammet for jubileumsåret, og bygga kjennskap til jubileet blant innbyggjarar og nøkkelinteressantar. Ei rekke aktørar frå samfunnslivet - frå kyrkje og akademia til næring og kulturliv, har starta gjennomføringa av sine jubileumsprosjekt. Ved utgangen av 2024 var kjennskapen til jubileumsfeiringa blant innbyggjarar i Stavanger på 67 prosent, og opp mot 20 000 skuleelevar tok del i skuleformidling knytt til 900-årsjubileet.

Økonomi

Rekneskapen samla for innbyggjar- og samfunnskontakt viser eit mindreforbruk på kr 17,6 mill. av ei budsjettramme på kr 361 mill. Dette tilsvarar ein forbruksprosent på 95,1.

Stab innbyggjar- og samfunnskontakt

Rekneskapen for stab innbyggjar- og samfunnskontakt viser eit meirforbruk på kr 1,2 mill. i 2024. Meirforbruket på stab skuldast organisatoriske endringar, utan at det har vore mogleg å korrigera budsjetta. Mindreforbruket må dermed sjåast i samanheng med mindreforbruk på andre område innan tenestekområdet.

Kultur

Rekneskapen for kulturavdelinga viser eit mindreforbruk på kr 1,4 mill. Årsaka er vakanser i samband med langtidssjukefråvær og avgangar.

Innbyggardialog

Rekneskapen for innbyggardialog viser eit mindreforbruk på i underkant av kr 5,1 mill. Mindreforbruket i innbyggjarservice skuldast vakante stillingar utan å leiga inn vikar. Det har jamt over vore lågare tenesteproduksjon i avdelinga, som til dømes kurs for innbyggjarar. Avdelinga mottok forskingsmidlar som gjekk til å dekkja ein tilsettrekurs til prosjektet *innbyggarmedverknad for eit aldersvennleg samfunn*.

Politisk sekretariat

Rekneskapen for politisk sekretariat viser eit mindreforbruk på kr 2,0 mill. Hovudårsakene til mindreforbruket skuldast ei halv vakant stilling, sjukemeldingar, samt at det har gått mindre utgifter til utvikling av DigDem enn først antatt. Ny digital plattform DigDem blei tatt i bruk i fleire politiske møte i 2024.

Næring

Rekneskapen for næring totalt viser eit mindreforbruk i underkant av kr 9,9 mill. Årsakene til mindreforbruket er fleire. Det er utbetalt kr 1 mill. mindre enn vedtatt tilskot av vekstfondmidlar grunna avventande vilkårsinnfriingar av Valide Invest AS.

Landbruksavdelinga har eit mindreforbruk på kr 3,8 mill. Årsakene er vakante stillingar delar av året og langtidssjukefråvær. Stillinga som landbrukssjef blei ståande vakant lenge, og blei lyst ut to gonger.

Næringsavdelinga si støtte til næringsutvikling hadde eit mindreforbruk på kr 4,1 mill., der kr 3,3 mill. av mindreforbruket skuldast at tilsagn om ENØK-tilskota ikkje blei utbetalt i 2024, men vert utbetalt i 2025. ENØK-midlane blir tekne med inn i 2025.

På næringsavdelinga er mindreforbruket på kr 0,8 mill. knytt til forseinkingar som skuldast nyttilsetjing og permisjonar.

I tabellen under kjem det fram kva saker som vart prioriterte med midlar frå vekstfondet i 2024.

Tildelt 2024	Beløp	Sak
Aquanext AS	1 000 000	Formannskapet sak 31/2023 Havbrukssatsing med midler fra Vekstfondet
Slingshot AS	280 000	Formannskapet sak 106/2024 Økonomisk støtte til næringsutvikling 2024
Validé AS, helseinkubator	500 000	Formannskapet sak 160/2023 Vekstfondet: Satsing på helseinkubator og landbruksteknologi
Nordic Edge AS	220 000	Formannskapet sak 160/2023 Vekstfondet: Satsing på helseinkubator og landbruksteknologi
Sum	2 000 000	
Ikkje utbetalt		
Validé AS – Valide Invest AS	1 000 000	Formannskapet sak 106/2024 Økonomisk støtte til næringsutvikling 2024

By- og samfunnsplanlegging

Innleiing

Stavanger kommune har høge ambisjonar for ei berekraftig by- og samfunnsutvikling, som kjem til uttrykk gjennom planar og vedtak. I 2024 er det vedtatt ein ny planstrategi for perioden, inkludert eit oppdatert utfordringsbilete som påverkar kommunens prioriteringar. Utviklinga innanfor demografi, økonomi og samfunnsstryggleik pregar prioriteringane i by- og samfunnsplanlegging. Ei rekke areal- og samfunnsplanar er under utarbeiding og behandling, samtidig som det går føre seg viktig utvikling av tenestene gjennom nye digitale verktøy.

Oppfølging av prioriteringar og kommuneplanens satsingsområde

Byutvikling

Byutvikling har ansvar for planlegging og planhandsaming etter plan- og bygningslova, og å bidra til ei samfunnsutvikling i tråd med [trekløveret](#). Avdelinga jobbar aktivt med å overhalde fristane for saksbehandling etter lova og vere ein god samtalepart i planprosessen. Saksbehandlingstid frå komplett søknad til vedtak om utlegging er i tråd med fristane i lova på 12 veker. Saksbehandlingstida fram til endeleg vedtak er 20 veker, noko som skuldast innvendingar frå regionale og statlege styresmakter.

Rullering av kommuneplanen følger valperioden og vi er no i år to av fireårshjulet. Ny planstrategi med utfordringsbilete er vedtatt, det er òg planprogram for kommuneplanens samfunnsdel og arealdel. Det er i 2024 utvikla og etablert ein ny digital planportal: stavangerplaner.no [Stavanger-statistikken](#) er fornya, og samlar kommunens statistikk og analysar. Arbeidet med å oppdatere eldre reguleringsplanar har ikkje starta opp.

Det er sett i gang arbeid med fleire store reguleringsplanar i og rundt Stavanger sentrum som vil styrke byen som regionmotor, blant desse planar for bussvegen og Stavanger stasjon.

- Stavanger stasjon er det viktigaste knutepunktet i regionen. Bane Nor har ansvar for planlegginga og kommunen følger planarbeidet tett. Det er no sikra statlege planmidlar til oppgåva.
- Områdereguleringa Våland sør (dagens sjukehusområde) er godt i gang. Det er gjennomført parallelloppdrag som grunnlag for kommande plan, og utarbeidinga av planforslaget er i gang.
- Det er varsla oppstart av detaljreguleringsplan for Holmen og Østre hamn for å kunne førebu mottak av Rogfast-massar.
- Områdereguleringa for Hillevåg har vore på høyring. I høyringsperioden har det blitt gjennomført fleire informasjonsmøte og grunneigarmøte.
- E 39 – Smiene Harestad, reguleringsplanen er vedtatt og klage er oversendt statsforvaltaren.

I 2024 blei det vedtatt 9 private detaljreguleringar og 11 offentlege. Det er vedtatte planar som legg til rette for 742 bustader: 300 på Jåttå, 292 i Storhaug aust, 100 på Teknikken, 43 på Madla senter og 7 på Sokn/Golhaugvegen.

Totalt 20 detaljreguleringar, av desse 9 private og 2 områdereguleringar, blei sende på høyring i 2024.

Det blir jobba med å legge til rette for transformasjon og gjenbruk av bygg og materialar i pågåande planar.

Plan for Klubbgata og Verkskata, som betrar framkomelegheita for buss og sykkel i sentrum, er vedtatt.

Kommunen arbeider tett med Lnett om nye kraftleidningar i vestre og nordre delar av kommunen for nødvendig straumtilførsel. Dette omfattar saker til politisk behandling for avgjerd om kommunen skal finansiera utgreiing av jordkabel som alternativ til luftspenn. Det er arbeidd med fleire regionale og nasjonale høyringar innanfor berekraftig utvikling, blant anna nye statlege planretningslinjer og ny regional planstrategi.

I tråd med kommuneplanen skal alle innsende detaljreguleringsplanar gjere vurderingar knytt til miljø, klima og energi. Områdekvalitetar, klimakonsekvensar og tiltak i miljøprogram/miljøoppfølgingsplan (NS 3466), inkludert klimagassberekningar, blir dokumenterte. Energibehov og energiløysingar skal vurderast for å greie ut energifleksibilitet og lokale energikjelder, i tillegg skal ombrukspotensial og total miljøbelastning kartleggast.

Beredskap og samfunnsutvikling

Samfunnssikkerheit og beredskap

Revidert HROS (heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse) blei politisk behandla våren 2024. Risikobiletet for kommunen er presentert og diskutert med leiargrupper i kommunen.

På oppdrag frå Statsforvaltaren er det gjennomført ei analyse av kommunens planar og kapasitet til å handtere masseskadar. Målet er ei heilskapleg helseteneste som er effektiv og samordna med Forsvaret og landets totale ressursar for å kunne møte kvar ei krise, også krig.

Kommunen har handtert ei rekkje hendingar i løpet av året, til dømes det store vassbrotet i oktober og bortfall av EKOM. Evaluering av store og komplekse hendingar er styrkt. Oppfølgingsarbeid og tiltak for å styrkje kommunens beredskapsevne er iverksett og i gang.

Hausten 2024 har tilfluktsromprosjektet *Prosjekt T-rom* gitt ei oversikt over tilfluktsromma i kommunen.

Styringsplattformen Corporater har fått ein ny modul for risikostyring, og ein mal for gjennomføring av ulike risikoanalysar er no tilgjengeleg for tenesteområda.

Kommunen avslutta avtalen om beredskaps- og krisestøtteverktøyet F24 – CIM, og gjekk over til Rayvn 1. juli 2024.

Det blei vedtatt å etablere informasjonspunkt for innbyggjarar i beredskapssituasjonar, og det blir jobba vidare med løysingsalternativ.

Nettverket Totalforsvar Rogaland samlar sentrale aktørar som skal ivareta sivil beredskap.

Kriminalitetsforebygging

Det blei jobba vidare i 2024 med underlaget til det som skal bli *strategi for kriminalitetsførebyggjande arbeid*, som skal leggjast fram i 2025. Stavanger er ein regional pådrivar i arbeidet med førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme og leiar eit fagnettverk knytt til dette. Kommunen deltek også i nettverket *Nordic Safe Cities*.

Klimatilpassing

Det blir jobba med ein ny strategi for klimatilpassing, og kommunen har vore involvert i ei rekke regionale og nasjonale samarbeid. Handlingsdelen av *skybruddsplanen* blei vedtatt i første kvartal 2024. Som ein del av flaumvernprosjektet for Holmen og Østre hamn blei det gjennomført ein prøvespunt ved Kjerringholmen. Ein prøvespunt er ein test av ein spuntvegg, det vil seia stålprofilar som blir sette saman for å danne ein vassett vegg.

Folkehelse, universell utforming og aldersvennleg samfunn

Arbeidet med innføringa av folkehelsestrategien blei vidareført, mellom anna i revisjonen av samfunnsdelen av kommuneplanen og utarbeidinga av levekårsundersøkinga. Helsekonsekvensar blir no greia ut i aktuelle saker, som til dømes inneber utbygging eller ny infrastruktur i fysiske miljø, eller samfunnsutvikling med tanke på innovasjon eller tenesteutvikling. Det er laga ei rettleiing og gjennomført kurs for tilsette.

Folkehelsekonferanse med temaet «Treng me eigentleg innvandarane?» blei gjennomført 9. desember 2024 for 130 deltakarar.

Det tverrkommunale forskings- og innovasjonsprosjektet *Soslokal* (Sosial berekraft som drivkraft i lokalsamfunnsutviklinga) vart ferdig i desember 2024. Erfaringane frå prosjektet er brukt i planlegginga og gjennomføringa av områdeløftet i Kvernevik. Temaplan for universell utforming blei vedtatt i bystyret i januar 2024. Avdeling for beredskap og samfunnsutvikling har ansvar for å sjå til at tiltaka blir gjennomførte i fagavdelingane.

I 2024 blei det laga ei oversikt for aldersvennleg samfunn over tiltak innanfor allereie gitte budsjettammer. Denne blei lagt fram som orienteringssak for ei rekke politiske utval. Det skal utviklast ein handlingsplan for aldersvennleg samfunn i 2025. Koordineringsgruppa for aldersvennleg samfunn følger opp tiltaka til planen er på plass.

Områdesatsing

2024 har vore eit viktig år for områdesatsing og områdeløft. Frå å ha statleg samarbeid om områdesatsing på Storhaug i 2018-2024, samt kommunale områdeløft i Hillevåg og Kvernevik, inngjekk kommunen i oktober 2024 ein ny intensjonsavtale med staten om *Områdesatsing Stavanger*. Avtalen gjeld frå 2024 til og med 2028, med moglegheit for forlenging. Satsinga dekkar bydelane Hillevåg og Kvernevik, som årleg i perioden vil motta kr 5 mill. frå staten – totalt kr 50 mill. Det blei laga ei overordna programskildring på slutten av året.

Områdesatsinga på Storhaug, som ikkje blei ein del av den nye satsinga, hadde sitt siste år i 2024. I tråd med handlingsplanen har det vore lærings- og erfaringsoverføring og sluttrapportering, merksemd rundt vegen vidare og mogleg vidareføring av prosjekt både i og utanfor kommunen. Nokre prosjekt får overført restmidlar for vidare drift i 2025. Det har samtidig vore fullt driv i enkeltprosjekta, samt medverknadsprosessar i den såkalla Pulsparken (heretter «Jammerparken») og gjennom bruk av Unglab.

Områdeløftet i Hillevåg (framover: Hillevåg-satsinga) skulle etter planen utarbeida temaplan, men denne blir i staden felles for Områdesatsing Stavanger i 2025. Handlingsplan for Hillevåg 2024 blei revidert, og arbeidet lokalt har vore gjennomført etter denne. Ei viktig hending var etableringa av ein mellombels park på Hillevåg torg, som ein del av prosjektet Mobil skog. Stavanger kommune blei også valt ut til Stimulab-prosjekt med innovasjonsprosjektet Nye vegar til kommunal busetjing og nabolagsutvikling, som blir ein del av områdesatsinga.

Områdeløftet i Kvernevik (framover: Kvernevik-satsinga) har i 2024 jobba med å realisera temaplanen som blei vedtatt i 2023. Mandat og handlingsplanar for innsatsområda er utarbeidde i samarbeid med innovasjonspartnar i Stavanger kommune. Kvernevik Unlimited har etablert kafé på bydelshuset, og det har vore jobba med medborgarskap og strukturar for samarbeid med aktørane i bydelen.

Byggesak, byantikvar og byarkitekt

Byggesak

Byggesak behandlar søknader innanfor lovbestemte fristar, og tenesta er sjølvkostfinansiert. Brukarundersøking og KOSTRA-tal viser gode resultat. Det nye verktøyet eByggesak er anskaffa, og blir tatt i bruk i 2025. Seksjonen er oppteken av prosesskartlegging og god dialog med bransjen for å bygga tillit.

Byantikvaren

I 2024 feira Byantikvaren 50-årsjubileum. Kriteria for tilskotsordninga *vernemillionane* blei vedtatt, og ordninga med å tildela midlar er etablert. Arbeidet med å oppdatera datagrunnlaget til *Kulturmiljøplanen* er kome langt, og bidreg til effektiv forvaltning. Byantikvaren gir innspel i alle byggesaker som rører ved verneomsyn.

Byarkitekten

Plan A, ein handlingsplan for arkitektur- og byformingsstrategien blei vedtatt. Plan A gir konkrete mål og prinsipp for å sikra god arkitektur i planlegging og forvaltning. Byarkitekten er med i fleire utviklingsprosjekt og arrangement som bidreg til å setta søkelyset på god arkitektur i utviklinga av byen. FutureBuilt har inngått tre intensjonsavtalar med aktuelle byggeprosjekt. FutureBuilt er eit innovasjonsprogram som blant anna skal stimulera til nyskaping og endra praksis.

Kart og digitale tenester

Ny løysing for automatisk produksjon av meklarmapper har redusert kostnadene betydeleg. Effektiviseringstiltak gjer at produksjonen av meklarrapportar går raskare enn tidlegare. Dette har ført til at produksjonen blir oppretthaldt utan auke i personell.

Avdelinga har byrja å produsera analysar via FME Flow, ei løysing som gjer at rapportering som tidlegare skjedde via e-post, no går automatisk. Dette reduserer feilkjeldene vesentleg.

Bymodellen har blitt eit viktig verktøy innanfor tenesteområdet by- og samfunnsplanlegging. Modellen er vidareutvikla og produksjonsløypa frå inkomne filer til ferdig prosjekt i bymodellen tek form.

Dei siste to landmålarane som mangla autorisasjon blei autoriserte i 2024, så avdelinga står godt rusta når nye reglar for eigedomslandmålarar trer i kraft 1. juli 2025.

I løpet av året er det rydda opp i matrikkelen (eigedomsregisteret). Om lag 350 feilførte festepunkt er fjerna.

Økonomi

Samla rekneskap for by- og samfunnsplanlegging viser eit mindreforbruk på kr 4,0 mill. av ei budsjettramme på kr 109,7 mill. Dette svarar til ein forbruksprosent på 96,4.

Byggesak blir drive etter sjølvkostprinsippet. Rekneskapen ved utgangen av 2024 viser auka utgifter på kr 1 mill. Byggesaksfondet blir tappa tilsvarande, og det står att i underkant av kr 12,3 mill. på bunde driftsfond byggesak.

Beredskap og samfunnsutvikling har eit meirforbruk på kr 0,3 mill. Det svarar til ein forbruksprosent på 101,5. Meirforbruket skuldast i hovudsak overlapp av stilling, samt at flaumvernprosjektet for Holmen og Østre hamn blei dyrare enn først antatt.

Områdeløft Kvernevik hadde eit mindreforbruk på 1,4 mill. Årsaka er blant anna at nokre tiltak kom seint i gang, og nokre blei ikkje gjennomførte som planlagt (blant desse *nabolagshus*). Andre tiltak blei rimelegare eller fall bort som følge av endra prioriteringar hos dei som tok imot tilskot.

Byutvikling har eit meirforbruk på kr 1,8 mill. Dette svarar til ein forbruksprosent på 104,0. Hovudårsaka til meirforbruket er vedtaket i formannskapet si sak [sak 121/23 Utredning og finansiering av jordkabel - veien videre](#). Ifølgje prosjektplanen frå Lnett var behovet kr 1 mill. i 2023, og 2 mill. i 2024. Forseinkingar hos Lnett i 2023 gjorde at kr 1 mill. ikkje blei utbetalt. I 2024 blei kr 3,6 mill. utbetalt, medan det var tildelt kr 2 mill. i budsjett. Utgiftene til utgreiinga blei dyrare enn først antatt, og i tillegg kom det politiske vedtak om kabelutgreiing på nye strekk.

Kart og digitale tenester har eit mindreforbruk på kr 2,6 mill. Dette svarar til ein forbruksprosent på 89,7. Hovudårsaka er sjukefråvær utan å leiga inn vikar, og auka inntekter ved sal av meklarpakkar.

Verksemdstyring, internkontroll og kvalitet

Innleiing

I 2024 har kommunen prioritert å formalisera styringsprosessar og utvikla digitale verktøy for å forbetra verksemdsstyring, internkontroll og risikohandtering. For å sikra betre internkontroll er det gjennomført internrevisjonar på HMS-området og tatt i bruk ei ny digital løysing for gjennomføring av risikovurderingar.

Det er positivt at stadig fleire tilsette seier frå om uønskte hendingar og forbetringar. Talet på melde hendingar har auka med 10,9 prosent samanlikna med 2023. Flest hendingar er framleis knytt til vald og truslar, der tre av fire hendingar var retta mot tilsette.

I 2024 blei det gjennomført 7 brukarundersøkingar. Resultata viser generelt høg tilfredsheit med tenestetilbodet, men peikar òg på forbetningsområde.

Verksemdstyring

